

Årsrapport 2021

ASKVOLL KOMMUNE | POSTADRESSE: PB. 174 | 6988 ASKVOLL
BESØKSADRESSE: ASKVOLLVEGEN 426 A | 6980 ASKVOLL

Innhold

Innleiing.....	3
Samhandling og informasjon	3
Oppsummering av året 2021	4
Økonomi - driftsrekneskapen	4
Resultatet etter 2021-rekneskapen.....	4
Investeringsrekneskapen	8
Nokre hendingar i 2021	8
Sjukefråvær 2021	9
Folketalsutviklinga	10
Næring og sysselsetjing.....	12

Etatane sin årsrapport


Sentraladministrasjonen.....	19
Brann og redning, feiing.....	21
Oppvekst	23
Helse og omsorg.....	39
HAFS Barnevernteneste	64
Nav Askvoll.....	65
Landbruksforvaltninga	70
Bygg og eigedom.....	81
Teknisk drift	92
Driftssentralen	96

Øvrige

Politikk og lokaldemokrati	98
Interkommunalt samarbeid	101
Interkommunale selskap.....	102
Eigarskap	103

Godkjent i kommunestyret:

Årshjul for Askvoll kommune



Innleiing

Økonomireglementet for Askvoll kommune seier følgjande:

Det skal utarbeidast årsrapport for kvar etat. Rapportane skal behandlast som eiga sak i same kommunestyremøte som rekneskapen og årsmeldinga er oppe til behandling.

I ny kommunelov § 14-3 står det følgjande:

§ 14-3. Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning

Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommande året skal vedtakas før årsskiftet.

Årsregnskapene og årsberetningene skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt. Hvert årsregnskap skal behandles samtidig med tilhørende årsberetning. Vedtaket om årsregnskap skal angi hvordan et eventuelt merforbruk i driftsregnskapet skal dekkes inn.

Formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform innstiller kommunerådet eller fylkesrådet til vedtak.

Samhandling og informasjon

Brukarane:

Askvoll kommune skal drive målretta kommunikasjon, med utgangspunkt i våre brukarar/målgruppene sine behov og føresetnadjar for deltaking ved:

- å gje våre innbyggjarar målretta, korrekt, forståeleg og aktuell informasjon om tenester, mogelegheiter, retter og plikter basert på deira behov, føresetnadjar og synspunkt
- å bruke eit godt og forståeleg språk i både skriftleg og munnleg kommunikasjon
- å sikre mogelegheita til medverknad, dialog og samhandling
- å gjennom god og oppdatert intern kommunikasjon sikre ein velfungerande organisasjon
- å arbeide aktivt for å bygge kommunen sitt omdømme og identitet for å bidra til at kommunen skal vere eit berekraftig og nyskapande samfunn
- å bruke moderne informasjonskanalar på ein effektiv og føremålstenleg måte

Våre viktigaste målgrupper i kommunikasjonsarbeidet er:

- våre tilsette
- dei folkevalde
- alle som bur og/eller arbeidar i Askvoll kommune
- brukarar av kommunale tenester
- næringsliv
- lokale lag og organisasjonar
- myndighetene
- media
- andre kommunar
- andre eksterne samarbeidspartar
- råd og utval
- tilflyttarar

Oppsummering av året 2021

Økonomi - driftsrekneskapen

Samla driftsinntekter var om lag 343 mill. kr. og driftsutgiftene 343,2 mill. kr, noko som gjev eit brutto driftsresultat på om lag minus kr.165.714,-

Etter at det er teke omsyn til finansinntekter og finansutgifter vart netto driftsresultat 0,8 mill. kr.

Kommunen sitt disposisjonsfond er ved utgangen av 2021 på 42,9 mill. kroner.

I budsjett og økonomiplan for 2021 – 2024 vart det vedteke følgjande om finansielle måltal for kommunen:

Askvoll kommune har eit langsiktig mål om å ha eit netto driftsresultat lik 0 så lenge ein har disposisjonsfond i tråd med målsettingane. I rådmannen

sitt framlegg til budsjett for økonomiplanperioden 2021-2024 vil ein ikkje klare dette målet.

Netto driftsresultat vil variere på grunn av varierande storleik på utbetalingane frå Havbruksfondet.

For 2021 vil netto driftsresultat vere negative med – 2,8%, for 2022 +1,13%, for 2023 (negativt) -2,35% og for 2024 0,62%

Det er eit mål at fondet skal ha ein størrelse på mellom 8 og 12 % av driftsinntektene.

Ved utgangen av 2020 vil disposisjonsfondet vere ca. 40 mill. kr og vere på ca. 13% av

Resultatet etter 2021-rekneskapen

Resultatet etter 2021-rekneskapen er vesentleg betre enn det som vart lagt opp til i økonomiplanen.


I budsjett for 2021 var det budsjettert med vel 8 mill. i bruk av disposisjonsfondet. Resultatet vart ein bruk på 0,3 mill. kroner.

Skatt og rammetilskot var om lag 5,4 mill. kroner over budsjettet.


Eigedomskatten var som budsjettert rett over 7 mill. kroner. Inntektene frå Havbruksfondet vart vel 0,2 mill. høgre enn budsjettet.


Tenesteområda har i sum hatt eit mindreforbruk på om lag 1,2 mill. kr i høve til sist revidert budsjett etter 2. tertialrapport.

Driftsutgiftene fordeler seg slik på dei ulike områda:




Slik fordeler dei kommunale utgiftene seg.



Forholdet mellom brutto utgift, inntekter og netto utgift for den enskilde etat


FORHOLDET MELLOM BRUTTO UTGIFT OG INNTEKT = NETTO UTGIFT (ALLE TAL I TUSEN)



Etatane sine budsjetrammer er tildelt på nettobudsjett, der det for ein skilde er store inntekter som husleige, avgifter, brukarbetaling og statstilskot som vert inntektsført direkte på etatane. Aktiviteten kan difor vere vesentleg større enn nettobudsjettet viser.

Bygg- og eigedom har eit lite nettobudsjett, men har brutto utgifter på over 17 mill. Både rådmann, oppvekst og helse- og omsorg har store inntekter i budsjetta sine. Inntektene på sjølvkostområdet er ført på ansvar 900 og utgiftene på Teknisk drift.

Samanlikna med KOSTRA gruppa viser tala nedanfor netto driftsutgifter pr. innbyggjar for dei ulike tenesteområda. Når det gjeld barnevern er dei reelle utgiftene høgre grunna utgifter som ikkje kom med i 2021 rekneskapen.



Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen viser ei samla investering på 66 mill. kr. i 2021.

Dei største investeringane som er gjennomført i 2021 er nye omsorgsbustader (PU) og kjøp av Sentrumsgarden.

Nokre hendingar i 2021

- Askvoll kommune kjøpte Sentrumsgarden. Kommunen har tidlegare leigd delar av lokalet og leigd ut kontor til grunderar og nyetablerte slik at desse kan få ein god start. Det vert no arbeidd med å få på plass nye kommunale tenester og tilbod i lokalet.
- Revisjon av samfunnssdelen av kommeplanen vart starta vinteren 2021. Samfunnssdelen seier korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida - og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunen sjølv er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga. Vi tar vare på og yter tenester til innbyggjarar med ulike behov, og legg til rette for vekst og utvikling av næringslivet gjennom planlegging og utbygging. I

tillegg til å vere ein tilretteleggar kan vi vere ein pådrivar for å utvikle attraktive plassar å bu og attraktive næringsområde. Det er planlagt å starte revisjon av arealdelen av kommuneplanen, etter at samfunnssdelen blir klar for vedtak i løpet av 2022.

- Næringsarealet i Olsetvikane blir stadig utvikla vidare og det har vore aukande interesse for næringstomter i området.
- På Bulandet vart utfyllingsarbeidet mellom Nikøy og Årebrottet starta opp. Her nyttar ein overskotsmassar frå sprengingsarbeidet frå Bulandet Miljøfisk si etablering av landbasert oppdrettsanlegg i Engelvågen på Gjørøya og frå Kystverket sine utmudringsmassar i farleia aust for Nikøy. Ved å nyte massar frå desse tiltaka kan ein oppnå tilstrekkeleg høgde på fyllinga slik at det blir lagt til rette for eit nytt stort areal til næringsføremål.
- Kommunen samarbeida vidare med næringsorganisasjonen Askvoll Næringsutvikling. ANU har som mål å styrke verdiskapinga og sysselsetjinga i kommunen, og ønskjer å utvikle eksisterande verksemder og medverke til etablering av nye arbeidsplassar. ANU driv også den digitale turistinformasjonen Visit Askvoll.
- Askvoll kommune fornya si deltaking i destinasjonsselskapet Visit Fjordkysten med tre nye år. Gjennom det årleg tilskotet frå kommunen marknadsfører Visit FjordKysten ulike attraksjonar, kulturopplevingar og aktivitetar. I tillegg driv Visit Fjordkysten med koordinerande produktutvikling for å få fleire besøkande og auke inntektsgrunnlaget for reiselivsverksemndene i kommunen.
- Kommunen er også medlem i Fjordkysten regional- og geopark. Parken har fått ei flott heimeside og har no nær 50 partnarar. I november 2021 vart vår park godkjent som ein Norsk Geopark og Noregs første kombinerte regional- og geopark. Neste steg er å få UNESCO-stempelet på plass.

Samfunnstryggleik og beredskap

I 2021 vart koronapandemien, som i 2020 den store felles samfunnsutfordringa der alle måtte bidra.

Sjukefråvær 2021

- legemeldt og eigenmeldt fråvær

Det vart vedteke i ADMU i desember 2020, at det skulle etablerast eit prosjekt for å sjå på korleis ein kan få ned sjukefråværet og auke nærværet i tråd med kommunen si målsetting om 94% nærvær, maks 6% sjukefråvær. Arbeidet er starta opp i januar 2021, med finansiell og rådgjevande bistand frå KLP Arbeidsmiljønettverk.


Folketalsutviklinga

Ved inngangen av første kvartal 2022 hadde kommunen 2951 innbyggjarar, mot 2991 året før. Folketalet i Askvoll har i perioden 2012 til 2020 vore relativt stabilt, men har gått ned med 60 personar dei siste to åra.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
0-5 år	171	178	180	187	192	203	196	179	177	169	169
6-15 år	385	364	353	346	357	348	351	367	361	352	347
16-19 år	168	179	161	159	150	154	160	161	161	153	144
20-66 år	1658	1648	1665	1651	1664	1677	1651	1638	1604	1596	1573
67 år eller eldre	628	649	652	665	660	683	694	693	708	721	718
Sum	3010	3018	3011	3008	3023	3065	3052	3038	3011	2991	2951

Folketal i Askvoll kommune. SSB, tabell 07459.

Ved inngangen av 2022 hadde kommunen 660 barn og unge mellom 0 og 19 år. Det er 14 færre enn året før. Talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder mellom 20 til 66 var 1573 ved inngangen av 2022, det er 23 færre enn året før. Talet på personar i aldersgruppa 67 år og eldre har dei siste åra auka jamt, men gjekk ned med 3 personar. Det har vore ein auke i aldersgruppa 67-79 år, men nedgang i aldersgruppene 80-89 år og 90 år og eldre.




Fødselsoverskot, flytting og folkevekst i Askvoll kommune 2010-2021. SSB, tabell 01222.

I 2021 vart det født 30 personar, medan det døydde 42. Sidan utflyttinga var større enn innflyttinga vart folkeveksten samla sett negativ med 40 personar. Kommunen har hatt underskot i fødselstal sidan 2012, og har vore avhengig av innflytting for å klare å halde folketalet stabilt.

Netto tilflytting i siste ti-års periode er likevel betre enn strukturelle føresetnadar som innvandring, flyttemønster og arbeidsplassutvikling skulle tilseie. Dette indikerer at bustadattraktiviteten i Askvoll framleis er høg. Innvandrarar utgjorde i 2021 7,6 % av

folkemengda i Askvoll kommune, noko som er nær halvparten av gjennomsnittet for landet (14,8 % av folkemengda).



Kommunen har 18 krinsar og talet på innbyggjarar i krinsane varierer mykje, og endringane frå år til år er ikkje store. Kommunesenteret Askvoll krins har flest innbyggjarar med 670 personar noko som er éin mindre enn året før. Dei krinsane som har hatt vekst i folketetalet i 2021 er Herland, Kumle og Ask, medan krinsane på Bulandet og Vilnes har gått mest tilbake.

Framskriving av folketal

	2022	2025	2030	2035	2040	2045	2050
0-5 år	162	156	154	156	157	151	145
6-15 år	356	346	308	292	292	292	292
16-19 år	139	133	138	123	114	114	116
20-66 år	1569	1501	1438	1382	1349	1326	1296
67 år eller eldre	729	763	814	853	855	840	828
Sum	2955	2899	2852	2806	2765	2723	2677

Framskriving av folketal i Askvoll kommune. SSB, tabell 12882, hovudalternativet (MMMM). □

Framskrivingane til Statistisk sentralbyrå syner at folketalet i Askvoll kommune er venta å gå ned til 2852 personar i 2030 og vidare til 2765 i 2040. Det vil seie ein nedgang på om lag 8 %. Det er venta nedgang i alle aldersgrupper mellom 0 til 66 år, og ein auke i 67 år og eldre. Kommunen har tidlegare luka med å halde folketalet på eit høgare nivå enn prognosane til SSB, men folketalet ved inngangen av 2022 er like fullt 100 færre enn for fem år sidan.

		2022	2025	2030	2035	2040	2045	2050
Menn	67-79 år	257	264	272	261	230	213	200
	80-89 år	85	103	117	131	151	145	135
	90 år og eldre	14	16	17	27	29	38	47
Kvinner	67-79 år	240	245	250	252	244	224	214
	80-89 år	100	103	120	141	145	155	162
	90 år og eldre	33	32	38	41	56	65	70
Sum		729	763	814	853	855	840	828

Framskriving av eldre i Askvoll kommune 2022-2050. SSB tabell 12882, hovudalternativet (MMMM).

Framskrivingane syner at talet på personar over 67 år er venta å auke relativt mykje fram mot 2035, for så å halde seg stabilt og gå noko ned fram mot 2050. I gruppa 67-79 år er toppen venta å komme rundt år 2030, for så å gå ned. Talet på kvinner i aldersgruppa 80-89 år er venta å auke i heile perioden fram mot 2050, medan det for mennene sin del vil vere flest i denne aldersgruppa rundt år 2040. For dei i gruppa 90 år og eldre seier prognosane at talet på personar skal auke frå 47 personar i dag til 117 i 2050.

Næring og sysselsetjing

Yrkesdeltakinga i Askvoll kommune er høg. Blant innbyggjarar i alderen 15 og 74 år var yrkesdeltakinga per fjerde kvartal i 2021 på 70,1 %. Det er det same som året før. Snitt for landet var i 2021 68,1 %. Yrkesdeltakinga for menn var 72 % og for kvinner 68,1 %. Størst yrkesdeltaking for begge kjønn er det i aldersgruppa 40 til 54 år, med nær 90 %.

Arbeidsplassdekninga er låg i forhold til talet på sysselsette og nær ein tredjedel av dei sysselsette pendlar ut av kommunen til arbeid. I 2021 pendla 478 personar ut av kommunen, noko som var 13 fleire personar enn året før. 128 personar pendla inn til jobb i kommunen, noko som er 5 færre enn året før.

Askvoll hadde 1456 sysselsette i 2021, ein nedgang på 25 personar frå året før. Flest sysselsette er det innan næringsområda handel, hotell, restaurant, samferdsel, forretningsmessig teneste og eigedom (398 personar). Helse- og sosialtenester er nest størst med 337 personar, medan sekundærnæringane industri, bygge- og anleggsvirksemd, bergverksdrift, transport og lagring sysselset 307 personar.

I siste 10-års periode har talet på sysselsette gått ned med 34 personar. Størst nedgang i perioden er det innan varehandel og reparasjon av motorvogner med 37 færre, og innan transport og lagring med 32 færre. Jordbruk, skogbruk og fiske sysselsette og færre enn tidlegare og har gått ned med 27 personar. I offentleg administrasjon m.m. er det sysselsett 22 færre samanlikna med 2012. Størst vekst ser ein i næringsområda bygge- og anleggsvirksemde med 38 fleire sysselsette, undervisning med 32 fleire og innan tenesteyting med 30 fleire.

Næringsområde	2012	2021
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	200	173
05-09 Bergverksdrift og utvinning	51	52
10-33 Industri	124	101
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	11	9
41-43 Bygge- og anleggsvirksemde	107	145
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	160	123
49-53 Transport og lagring	142	110
55-56 Overnattings- og serveringsvirksemde	30	31
58-63 Informasjon og kommunikasjon	17	24
64-66 Finansiering og forsikring	19	12
68-75 Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	41	62
77-82 Forretningsmessig tenesteyting	27	36
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	76	54
85 Undervisning	115	147
86-88 Helse- og sosialtenester	328	337
90-99 Personlig tenesteyting	32	30
00 Ikke oppgitt	10	10
Sum	1490	1456

Sysselsette etter næring i Askvoll kommune 2012 og 2021. SSB, tabell 07459.

Kommunale næringsfond

Kommunal kompensasjonsordning

Askvoll kommune Askvoll kommune fekk to tilskot på til saman 525 569 kr frå Kommunal- og distriktsdepartementet til kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder. Ordninga skulle hjelpe lokalt næringsliv som særleg var råka av lokale eller nasjonale smitteverntiltak. Ordninga skulle og hjelpe dei verksemndene som heilt eller delvis hadde falt utanfor dei generelle kompensasjonsordningane.

Det kom inn ni søknader før fristen 14. mai 2021. Søkjearane fekk tilskot i storleiken 13 040 kr til 105 000 kr. Alle tilskota vart løyvd som bagatellmessig støtte.

Type tilskot	Mottakar	Prosjekt	Løyvd
Bagatellmessig støtte	Visit Fjordkysten AS	Kompensasjonsordning	50 039
Bagatellmessig støtte	Vårdal Eigedom AS	Kompensasjonsordning	50 979
Bagatellmessig støtte	Verket Pub DA	Kompensasjonsordning	38329
Bagatellmessig støtte	Flokenes Rorbuer	Kompensasjonsordning	51 329
Bagatellmessig støtte	Norsk Bergsikring AS	Kompensasjonsordning	105 000
Bagatellmessig støtte	Askvoll Fjordhotell AS	Kompensasjonsordning	82 171
Bagatellmessig støtte	Holken AS	Kompensasjonsordning	29 682
Bagatellmessig støtte	Askvoll Sjøbuer Mat og Drikke AS	Kompensasjonsordning	105 000
Bagatellmessig støtte	Stongfjord-butikken AS	Kompensasjonsordning	13 040
SUM			525 569

Kommunalt næringsfond

Målet med det kommunale næringsfondet er å styrke kommunen sin mogleighet til å bidra til lokal næringsutvikling og er spesielt retta mot nyetableringar. Styret for næringsfondssaker utgjer styret for Askvoll kommune sitt næringsfond. Styret er personidentisk med medlemmene i Komité for næring, miljø og teknikk med delegert fullmakt til å handsame og vedta alle typar søknadar om tilskot.

Det vart halde åtte møter i styre for næringsfondsaker i 2021. Tilgjengelege midlar for næringsfondet var i løpet av året 800 000 kr og det vart løyvd kr 675 000,- i tilskot til åtte ulike bedrifter. Av desse var det to nye bedriftsetableringar.

Type tilskot	Prosjekteigar	Prosjekt	Løyvd
Tilskot til tiltaksapparat og kunnskapsretta infrastruktur	Dale vgs	Forprosjekt - Fleksibel utdanningsmodell innan akvakultur	10 000
Investeringstilskot	Bulandet Miljøfisk	Forprosjekt - Nye renseprosessar frå akvakulturanlegg	100 000
Bedriftsutvikling- og investeringstilskot	Tutor Consulting	Etablering av konsulentbedrift - Tutor Consulting	100 000
Investeringstilskot	Værlandet Kafé & Gjestehamn	Vidareutvikling av Værlandet Kafé & Gjestehamn	77 059
Investeringstilskot	Norheim Sjømat	Utbetring av kai for fiskeri	112 941
Tilskot til tiltaksapparat og kunnskapsretta infrastruktur	HAFS Regionråd	Analyse-/ kartleggingsprosjektet - Grøn region Vestland	25 000
Investeringstilskot	Vestkysten AS	Etablering av RIB selskap	150 000
Bedriftsutviklingstilskot	Norsk Bergsikring	Opplæring, marknadskartlegging og profilering i samband med utvikling av nytt forretningsområde	100 000
SUM			675 000

Kommunal tilskotsordning til nærings- og infrastrukturretta tiltak

Gjennom tilskotsordninga nærings- og infrastrukturretta tiltak (teneste 32500) kan Askvoll kommune løyve tilskot til næringsretta tiltak som ikkje blir finansiert gjennom det ordinære kommunale næringsfondet. Ordninga blir finansiert av 30 % av inntektene frå egedomsskatten og ved bruk av konsesjonsavgiftsfondet. Storleiken vert fastsett av kommunestyret gjennom budsjettvedtak.

I 2021 var det budsjettert med 650 000 kroner. Ein del av midlane er søkbare, medan ein del er bundne opp. For 2022 gjaldt dette mellom anna offentlege Wi-Fi-soner som har ein årleg driftskostnad på om lag 145 000 kroner, kommunalt servicepunkt med 100 000 kroner og kostnader knytt gründerkontora i Sentrumsgarden på om lag 180 000 kroner. Under er ei oversikt over andre søkerader som vart handsama av kommunestyret i 2021.

Mottakar	Prosjekt	Løyvd
Holkerock	Holkerock 2021 (avlyst)	20 000
Førdefjorden Vel	Arbeidsgruppa for rassikring av fv. 609	50 000
Interkommunal arbeidsgruppe i HAFS	Karrieremessa i HAFS (utsett)	30 000
SUM		100 000

Folkehelsa i Askvoll

Askvoll kommune skal være ein god og trygg stad for alle fasar av livet og i alle livssituasjonar. Satsingsområda for folkehelsearbeidet er gode bu- og nærmiljø, eit helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule, trivselsfremjande fritid og eit helsefremjande arbeidsliv. Samtidig er det viktig at målsettingar for folkehelse vert implementert i planarbeidet.

Folkehelseinstituttet sin årlege folkehelseprofil syner at Askvoll kommune kjem bra ut på dei fleste indikatorar for folkehelse. Vi har signifikant færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder enn landsnivået (58,5 mot 66 prosent). Vi kjem bra ut på indikatorar for oppvekst og levekår, men lågaste meistringsnivå i lesing (5. trinn) er signifikant lågare enn landsnivået. Målingar for einsemd blant ungdom har auka frå 2017 til 2021, og ein ser same tendens i landet. Dei høge målingane i fjor kan truleg i stor grad forklarast med pandemien.

Datamaterialet syner at det er gode oppvekst- og levekårsforhold i kommunen. Få barn og unge veks opp i familiarar med låg inntekt, bur tront eller er barn av einslege forsørgjarar. Askvoll er ein kommune med relativt små økonomiske skilnader i befolkninga. Dette er eit viktig fortrinn, og er ei hovudmålsetting i folkehelsearbeidet. Det er få elevar ved skulane i Askvoll som er på det lågaste meistringsnivået i lesing og rekning blant femteklassingane. Kommunen har ein høgare del 30-39 åringer med fullført VGS eller høgare utdanning enn snitt for landet.

Helsetilstanden er i hovudsak god. Forventa levealder er høg og dei fleste av innbyggjarane er nøgde med helsa si. Askvoll har relativt få personar som slit med psykiske symptom- og lidingar og muskel- og skjelettlidingar. Vidare kjem Askvoll signifikant betre ut for psykiske

symptom og lidingar enn landsnivået (brukerar av primærhelsetenesta 0-74 år), men samtidig syner tidstrenden i Ungdata-undersøkinga frå 2021 at fleire ungdomskulelevar slit med ulike former for psykiske helseutfordringar.

Tala viser at jenter er langt meir utsett enn gutter, men også ein del gutter er utsett, særleg mot slutten av vidaregåande. Plagene er vanlege og høyrer for mange naturleg til i den vanskelige livsfasen som ungdomstida kan vere. Det er berre eit mindretall som er veldig mykje plaga, og for dei aller fleste vil plagene vere forgående. Samtidig kan plagene vere utfordrande nok for dei som blir råka og bidra til redusert livskvalitet, og for somme vil plagene vere starten på meir langvarige psykisk helseutfordringar.

Folkehelseutfordringar

Befolkningssamansetnad

Ei aldrande befolkning kan gje auke i kroniske og aldersrelaterte sjukdommar (m.a. demens og kreft) og fleire pleietrengande innbyggjarar. Det kan vere utfordrande å imøtekome behova. Nedgang i tal personar i produktiv alder og færre yrkesaktive per pensionist kan gje redusert tilgang til arbeidskraft og mindre kommunale inntekter.

Både arbeidsinnvandring og mottak av flyktningar er viktig for innbyggjartalet og høg sysselsetting. Auka innvandring kan gje både ressursar og utfordringar for lokalmiljøet.

Dei sosiale skilnadane i helse aukar

Kommunen har signifikant færre innbyggjarar frå hushald med låg inntekt samanlikna med snitt for landet (8,4 % mot 10,2 %). Men den økonomiske ulikskapen blant befolkninga veks, og det er blitt fleire innbyggjarar som kjem frå hushald med låg inntekt enn tidlegare, også i Askvoll.

Statistikken syner at det er fleire no enn tidlegare som ikkje fullfører VGS og høgare utdanning. Tal frå SSB for heile landet syner at så mykje som ein av fem unge i dag ikkje fullfører vidaregåande skule innan 5-6 år, og blant yrkesfagelevar gjeld dette for meir enn ein av fire.

Psykisk helse og livskvalitet

I løpet av eitt år vil om lag ein av fem vaksne oppfylle kriteriene for ei psykisk liding og rundt 5 prosent av barn og ungdom (0-17 år) blir kvart år behandla i psykisk helsevern for barn og unge (BUP).

Psykiske lidingar og rusmiddellidinger opptrer ofte samtidig. Halvparten med psykiske lidingar har mist to psykiske lidingar og mange er ikkje i kontakt med helsetenesta.

Grunnlaget for den vaksne befolkninga si psykiske helse og livskvalitet blir lagt i barne- og ungdomsåra. Like sentralt som det er å redusere risikofaktorar for psykiske utfordringar er det å bygge opp beskyttande faktorar som tilhørsle, tryggleik, tilgjengeleight og mestring.

Livskvalitet handlar om det som gjev livet meining og verdi og sentralt i arbeidet er å fremje føresetnader for sosial deltaking, medverknad, oppleving av meining og positive relasjonar.

Fysisk aktivitet, overvekt og røyking.

Det er generelt for få i befolkninga som føl anbefalingane for fysisk aktivitet, og det aukar risiko for ei rekke sjukdomar relatert til livsstil.

Om lag 1 av 6 barn og 1 av 4 unge og vaksne utviklar overvekt eller fedme, noko som gjev auka risiko for mange sjukdomar og psykiske helsekonsekvensar.

Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane syner også at det er mange i HAFS regionen som framleis røykjer.



ÅRSRAPPORT FRÅ EININGANE



Sentraladministrasjonen

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i % *)
Rådmannskontoret	Håkon Loftheim	5	5	2.04 %
Økonomiavdelinga	Nina Haugstad	4,9*	4	

Rådmannskontoret sitt arbeidsområde har i hovudsak 3 målgrupper:

- Politisk styring – sekretærfunksjon og sakshandsaming for kommunestyre, formannskap, administrasjonsutval. Gjennomføring av kommune/stortingsval
- Fellesfunksjonar i høve den kommunale drifta
- Publikumsretta sakshandsaming t.d. sal/skjenkeløyve, idrettsplan, tilskotsordningar, prosjektoppfølging, næringsretta tiltak

Politisk styring

Sekretariatsfunksjon for alle politiske organ i kommunen og for arbeidsmiljøutvalet.

Administrativ leiing

Stillingsoversyn

- Arkiv- og sekretariatsleiar
- Rådmann
- Ass. rådmann
- Rådgjevar
- Næringsrådgjevar/Folkehelsekoordinator
- Flyktningkonsulent
- Prosjektingeniør

Økonomiforvaltning

- Stillingsoversyn
- Økonomisjef
- Konsulent rekneskap
- Fagleiar løn og personal
- Konsulent eigedomsskatt

Arbeidsoppgåver på rådmannskontoret

Rådmannsstaben har ansvar for overordna:

- økonomi og personalforvaltning
- arkiv
- innkjøp
- ikt
- heimesida/intranett/kommunen sin profil i sosiale media
- beredskap

- pensjon
- forsikring
- sal- og skjenkeløyve
- næringsarbeid
- folkehelsearbeid
- prosjektoppfølging
- Ungdomsrådet
- Tilskot kulturmidlar
- idrettsplan, tilskotsmidlar idrett og friluftsliv
- kulturminneplan, tilskotsmidlar til kulturminner (nytt frå 2019)
- oppfølging av velforeiningane
- Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for politikarane i kommunen.
- Førebuing og gjennomføring av val til kommunestyret, fylkestinget og stortingenget

Omtale av næringsarbeid, folkehelsearbeid og busetjing av flyktninger står i fellesdelen.

Kultur, idrett og fritid

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet og spelemidlar

I 2021 fekk følgjande utbetalt spelemidlar frå fylkeskommunen:

Trimpark på Atløy stadion kr.101.000,- Fleirbruksanlegg ved Gjelsvik skule kr. 263.000,- Atløy stadion – skatepark kr. 375.000,- Klubbhus, lager og møterom Balandet symjehall kr.1.900.000,-

Kommunalt tilskot til private anlegg for idrett og fysisk aktivitet og kulturbrygg

Kommunestyre vedtok i 2015 etablering av ei kommunal tilskotsordning til anlegg for idrett og fysisk aktivitet som også søker tilskot frå spelemiddelordninga. I 2019 vedtok kommunestyret at organisasjonseigde kulturbrygg som søker tilskot frå den spelemiddelfinanserte ordninga for kulturbrygg, òg vert teke inn i ordninga.

Værlandet ungdomshus fekk kr.173.00,- i 2020.

I driftsbudsjettet for 2021 var det sett 100 000 kr. til ordninga for tilskot til bygging og rehabilitering av organisasjonseigde anlegg for idrett og kulturbrygg.

Askvoll kommunestyre løyvde 100 000 frå den kommunale tilskotsordninga for organisasjonseigde anlegg for idrett og kulturbrygg i 2021 til Askvoll samfunnshus.

I 2021 fekk Askvoll kommune og ein spelemiddelsøknad for kulturbrygg frå Askvoll samfunnshus. Søknaden vert formelt funne i orden, men fekk avslag grunna manglande midlar som var til fordeling. Difor må Askvoll samfunnshus fornya søknaden sin i 2022.

Kontingentstøtte

Sidan 2019 har Askvoll kommune hatt ei ny tilskotsordning som idrettslag og andre frivillige organisasjonar kan søkje tilskot frå om å få dekka manglande kontingentinnbetalingar frå medlemmer i målgruppa (barn og unge) som kan skuldast økonomiske vanskar. Føremålet med ordninga er at den skal vere eit verkemiddel for lag og organisasjonar til å gje barn og

unge høve til deltaking og inkludering på viktige sosiale arenaer, som fritidsaktivitetar, uavhengig av foreldra sin inntekt og sosiale situasjonen. I 2021 kom det ikkje inn søknad frå idrettslaga om dekking av tapte kontingentinntekter.

Kulturminnemidlar

I 2019 vedtok kommunestyret ein kulturminneplanen. I samband med vedtak av planen vart det etablert ei kommunal tilskotsordning som gjev støtte til lokalt kulturminnearbeid. I kulturminneplanen er det lagt føringar for at delar av ramma for ordninga skal øyremerkast som ein fast årleg driftsstøtte etter søknad til bygdemusea i kommunen. Resten av ramma går som tilskot til formidlingsprosjekt, og tiltak som restaurering, vedlikehald og bevaring av kulturminner. I 2021 var det 100 000 kr. til fordeling, derav 25 000 var øyremerka til driftstilskot til bygdemusea. Vinteren 2021 vart driftstilskotet fordelt til Engelbua Museum i Værlandet, Temaparken Balandet, Holmedal bygdemuseum. Ramma på 75 000 kr. vart løvd til Turid Helle – bevaring av Smia der dei første Helleknivane vart laga (53.000 kr.) og til Temaparken i Balandet til utskifting av vindauge (22.000 kr.).

Breibandutbygging Førdefjorden

Askvoll kommune fekk i 2019 tildelt 2 214 000 kr. frå den nasjonale breibandordninga til breibandutbygging i Førdefjordområdet. Dette området er det siste store området i kommunen som ikkje har eit høghastighetsbreibandnett (> 30 Mbit/s). På vegne av kommunane i Vestland som har motteke tilskot frå den nasjonale breibandordninga, lyste fylkeskommunen ut konkurranse om etablering og drift av breibandnett. Etter konkuransen teikna Askvoll kommune kontrakt med Eninvest AS om fiberutbygging i områda Flokeneset, Hegrenes, Gjelsvik og Kvammen, og radiobasert breiband i dei resterande områda. Anleggssbidraget frå stat, fylkeskommunen, kommunen og private er på samla 5 279 500. I løpet av 2021 vart det meste av gravearbeidet gjort og husstandane vart fortløpende kopla til fiber. I skrivande stund er det framleis ikkje teke endeleg standpunkt til om radioløysinga for Løvik, Rørvik og Hestvik vert den endelige løysinga. Det er forhandlingar om ei fiberløysing for desse områda. Jf. kontrakten er ferdigstilling og produksjonsetting av breibandnettet planlagt innan juni 2023.

Brann og redning, feiing

Økonomi

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-1 187 954	-1 258 000	-974 541
Utgifter	4 870 902	4 887 641	4 464 074
Samla	3 682 948	3 629 641	3 489 533

Aktiviteten i brann- og feiarvesenet har vore prega av koronasituasjonen.

Brannvesenet sin øvingsaktivitet har vore redusert grunna korona, og vart starta opp igjen med varsemd på hausten.

Eininga har eit meirforbruk i rekneskapen på kr 53.000 som skuldast vedlikehald/ombygging på branntankbil.

Mannskapstyrken i brannvesenet på 16 mannskap i Askvoll, og 6 mannskap på depota på Atløy, Værlandet og Kvammen, er stabil.

Brannvesenet hadde berre 12 utrykningar i 2021 (mot 23 og 13 dei førre åra).

Feiarvesenet sitt arbeid har og vore prega av koronasituasjonen, og smittevernstiltaka som har vore innført har ført til avgrensingar i arbeidet, både for bustadtillsyn og berre feiring av piper med tilkomst ute.


Oppvekst

Årsrapporten for Oppvekstetaten 2021 er delt inn etter hovudområda som vi driv tenesteproduksjon innan. Talgrunnlaget for dei grafiske presentasjonane er henta frå KOSTRA, GSI, BASIL og Visma Enterprise.

Denne årsrapporten fungerer også som kvalitetsmelding for skulane, ei rapportering som Opplæringslova §13-10 seier fylgjande om:

Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane

Antall ansatte fordelt på stillingskoder



(Klikk på stolpene for å se de andre diagrammene per stillingskode)

Antall ansatte



Om sjukefråvær

I denne rapporten er ikkje sjukefråvær for einskildeiningar presentert, men samla for heile etaten og for dei to største tenesteområda, barnehage og grunnskule. Som diagrammet nedanfor syner har vi samla for heile etaten i 2021 hatt ei negativ utvikling i sjukefråværet, i hovudsak fordi sjukefråværet i barnehagane etter to år med nedgang, no aukar med 6% til totalt 18,3% frå 2020 til 2021. Skulane har derimot hatt ein liten nedgang i sjukefråværet frå 2020 til 2021; frå 7,1% til 6,5%. Det er likevel stor variasjon mellom einingane, og samla ligg vi framleis godt over kommunen sitt mål om ikkje meir enn 6% sjukefråvær.


Samla sjukefråvær i etaten var i 2021 på 9,75 %, noko som utgjer over 3100 tapte dagsverk og tilsvrar om lag 13,5 årsverk. Dette representerer både ein stor kostnad per år, men eit så høgt sjukefråvær vert først og fremst opplevd som ein svært krevjande situasjon for både arbeidstakarar og ikkje minst for einingsleiarane som står ansvarleg for å halde tenestene i gang.



Om korona-pandemien

I motsetning til i 2020 var organisering av tilbodet i barnehagar og skular tilnærma normalt i store deler av 2021. Det var enkelte tilløp til smitte, men godt samarbeid mellom einingane og ei tydeleg og trygg helsetenesta var nok medverkande til å hindra vidare spreiing. Etter at ein fekk gå over til gult nivå har drifta vore noko meir normal, likevel med ekstra fokus på smittevern og hygiene og ein låg terskel for å måtte halde seg heime om ein hadde symptom. Tilsette har i denne situasjonen gjort ein kjempejobb for å gje barn og unge trygge og gode oppvekstvilkår og halde tilbodet og opplæringa i gang. Det ekstra høge sjukefråværet i 2021 kjem nok delvis som eit resultat av pandemi-situasjonen. Sjølv om det var lite smitte i 2021 har likevel terskelen for å halde seg heime ved symptom vore låg, og det er særleg korttidsfråværet som har auka mykje. Difor har også 2021 vore eit utfordrande år driftsmessig, og ein har tydeleg merka slitasjen på dei tilsette.

Oppvekstkontoret - fellesstenesta



Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefrå- vær i %
Oppvekstkontoret	Fellestenester	Kristen Holt	3,8	5	*

Dette området gjeld fellestenester for alle einingane innan oppvekstetaten, i hovudsak innan områda administrasjon og leiing, felles kompetansetiltak og fagutvikling, PPT (inkludert kjøp av tenester frå andre) og skuleskyss.

Økonomi

Eining	Budsjett 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kroner	Avvik i %
Oppvekst – ans 200	8 307 201	8 818 261	511 060	6,2
Samla	8 307 201	8 818 261	511 060	6,2

- På grunn av nokre svært ressurskrevjande tiltak vart utgiftene til kjøp av opplærings- og spesialpedagogiske tenester frå andre langt høgre enn budsjettet – om lag 1 200 000 kroner.
- Utgiftene til skuleskyss vart omlag 160 000 kroner mindre enn budsjettet.
- Ein lønspost avsett til faste tilsette (ekstra) på 250 000 har ikkje vore brukt.
- Ein del tilskotsmidlar er inntektsført på dette ansvaret samstundes som utgiftene til føremåla er ført på dei ulike ansvara i etaten.

Viktige hendingar

- Også i 2021 har ein fram med omlegging av administrative løysingar frå manuell til digital handsaming om lag på alle områder og på alle nivå. Alt er framleis ikkje på plass, så også i det komande året vil dette føre til endring av fleire rutinar og måtar å jobbe på.
- Stillingsressursen som kom på plass i 2019, har ein i 2021 i større grad måtte nytte til å støtte einskild-einingar både fagleg og administrativt. Ein har likevel greidd å fylgje opp arbeidet med personvernlovgivinga (ofte omtala som GDPR), og fått på plass fleire rutinar på ulike områder i den digitale kvalitetshandboka til kommunen.

Utfordringar framover

- Frå statleg hald vert det stadig oftare peika på at skule- og barnehageeigar/myndigkeit skal ha ei aktiv rolle både i å kvalitetssikre og utvikle tenestene vi er sett til å forvalte. Det er og venta at ein er aktiv i høve planarbeid og fagutvikling, både internt og på tvers av tenester. Å imøtekome alle desse forventningane er utfordrande for ein liten kommune, og vi er difor heilt avhengig av å utvikle dei samarbeidsløysingane vi alt har både interkommunalt og regionalt, og få på plass nye.
- Barnevernsreforma, ofte omtala som ei oppvekstreform, set krav til kommunane om å ha større fokus på både førebygging og rapportering, og dessutan bli betre på det tverrfaglege samarbeidet.
- Sjølv om oppgåvene til PPT aukar (både i høve kompleksitet og innhald), må vi likevel endre organisering og dimensjonering av tenesta fordi endringar i kommune- og regionstrukturar gjer at vi vert færre samarbeidspartar til å dele på kostnaden med tenesta.

- Ansvar 210 har hatt ein del ekstra utlegg med Covid-19, som er merka med prosjekt 8111. Dette gjeld først og fremst ekstra lønsutgifter til assistent på SFO, forsterka reinhald og reinhaldsartiklar, samla utgifter på 425 000 kr.
- Vi har to ressurskrevjande tiltak i ein klasse ved skulen, der det er tre ekstra personar inne; vernepleiar i 60 % stilling og to pedagogar i til saman 200 % stilling. Dette utgjer til saman 1 600 000 kr.
- I 2021 hadde vi 17 framandspråklege elevar ved skulen, der seks av desse kom hausten 2021, og kunne då ikkje snakke norsk. Det vart sett inn ein ekstra pedagog for å kunne gje dei norskopplæring. Kostnadane for dette utgjer ca. 270 000 kr.
- I tillegg har vi to elevar vedtak om særskild norskopplæring etter § 2-8. Dette utgjer 10 t/v, og kostnadane er ca. 300 000 kr. Desse timane kjem i tillegg til dei 380 timane som er sett av til styrking av klassar med framandspråklege elevar.

Atløy skule

- Kommentar til teneste 20200: Skulen fekk auka ramma for hausten 2021. Desse ekstra kostnadane kom hovudsakeleg av tre ressurskrevjande tiltak som ikkje var budsjettert med. Tiltaka trengte ekstra bemanning, men også frikjøpt av personale til tid til møter og oppfølging av personale. Det kom også ekstra koststandar til bedriftshelsetenesta som måtte inn.
- Kommentar til teneste 21500: Særskilte behov kravde akutt-tiltak vår 2021 på SFO. Dette blei dekka med vikar for våren 2021. Haust 2021 fekk skulen auka ramme (teneste 20200), men det skulle også ha vore auka ramme på SFO der det også var behov for ekstra pga. særskilt tiltak som kravde fleire vaksne. Desse tiltaka har ført til overforbruk på 90 000 kr på SFO. Elles kjem overforbruket av det som ser ut som auke forsikring og arbeidsgivaravgift.
- Kommentar til teneste 22220: Gruskasse og kopi av nyklar var ikkje budsjettert, men heilt nødvendig å kjøpe inn. COVID reingjeringsmateriell har vi ikkje vore flinke å merke med prosjektnr., men det er også vanskeleg fordi det er vanskeleg å gjere i praksis, fordi det er vanskeleg å seie akkurat kva som aukar pga COVID og kva som er «vanleg bruk». Avgift frå vassverket har vi ikkje fått på mange år, difor var ikkje denne budsjettert. Leige til gymsalen har auka.

Bulandet skule

- Ansvoaret har totalt eit mindreforbruk på vel 385 000 kroner som har tre hovudgrunnar: meir inntekter frå sjukelønsrefusjon enn det ein har brukt av vikar – om lag 165 000 kroner.
- mindre forbruk på driftspostane enn budsjettert – om lag 80 000 kroner
- mindre utgifter til SFO sidan Bulandet barnehage tok over drifta av denne frå august – ei innsparing på om lag 72 000 kroner.

Gjelsvik skule

- Rekneskapen 2021 viser at Gjelsvik skule har brukt 99,60% av budsjettet. Dette utgjer eit «overskot» på 31 000 fordelt med eit mindreforbruk på 54000 på grunnskule og 35000 på SFO, og eit meirforbruk på 25 000 på drift og vedlikehald og 32 000 på leirskule

Viktige hendingar


- Våren 2021 fullførte 10 lærarar vidareutdanning i engelsk, norsk, mat og helse, kunst og handverk og profesjonsfagleg digital kompetanse, og 9 nye tok om hausten til på vidareutdanning i norsk, matematikk, engelsk, spesialpedagogikk og kunst og handverk innanfor den statlege ordninga «Kompetanse for kvalitet».
- Frå 2020 starta vi ei opptrapping av tilgang til digitale verktøy for elevane, og no får alle nye 8. klassingar tilgang til personleg dataustyr til bruk i opplæringa. Målet er full 1:1-dekning på ungdomsseget innan skuleåret 2022-23.
- Paragraf § 9 A-4 (om aktivitetsplikta for å sikre at elevane har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø) krev mykje dokumenteringsarbeid og mykje arbeid med ting som skjer sosialt både på skulen og i fritida til elevane. Lærarar og rektorar melder om mykje arbeid knytt til dette
- Første del i utbetring av uteområda på Askvoll skule vart ferdigstilt i 2021 med eit flott nytt nærmiljøanlegg.
- Innføring av nytt læreplanverk (ofte kalla Fagfornyinga) frå hausten 2020 har nok også i 2021 kome litt i skuggen av oppfølging av korona-situasjonen. Prosessen er likevel i gang, og dette året har skulane kjøpt inn nye læremiddel for om lag 700 000 kroner, både analoge og digitale, som er i samsvar med dei nye læreplanane. Det er sett av om lag tilsvarende sum til å halde fram denne fornyinga også i 2022.

Utfordringar framover

- Basert på kartlegging av eksisterande kompetansen hos dei tilsette, må vi halde fram ei målretta kompetanseheving. Dessutan må vi setje av nok ressursar til etter- og vidareutdanning slik at lærarane våre kan gjere seg nytte av dei statlege støtteordningane til vidareutdanning.
- Frå hausten 2020 vart nytt læreplanverk for grunnskulen basert på føringar i Meld.St. 28 (2015-2016) Fag-Fordypning-Forståelse og den nye «Overordna del – verdier og prinsipper for grunnopplæringa» teke i bruk. Som nemnt ovanfor må vi også i tida framover setje av både midlar til fornying av læremiddel i skulane våre og tid til naudsynt kompetanseheving for dei tilsette.
- Med busetjing av ny flyktingar ligg det no til rette for at vi kan halde oppe omfanget av vaksenopplæringstenesta som er bygd opp sidan 2016. Sidan 2020 har vi samarbeidd med Fjaler kommune om norsk- og grunnskuleopplæring for vaksne, kor Fjaler har ansvar for norskkopplæringa og Askvoll for grunnskuleopplæringa. Ein held fram denne modellen også komande skuleår, men seinare kan det bli aktuelt å samle heile dette opplæringstilbodet, fortrinnsvis i Askvoll.
- Det er mange fagleg gode tenester i Askvoll kommune, men for å bli betre på tverrfagleg samarbeid mellom desse vert det viktig å vidareutvikle det tverrfagleg teamet som no er kome godt i gang. Den nye barnevernsreforma (ofte omtala som ei oppvekstreform) set også krav til kommunane om utarbeide ein tverrfagleg plan for førebygging, og dette arbeidet er no så vidt kome i gang.
- Planlegge og fullføre fornying av uteområda ved dei skulane som ikkje er kome i gang med dette, slik at dei vert meir attraktive både med tanke på trivsel og betre tilrettelagd for fysisk aktivitet. Det må dessutan setjast av midlar til vedlikehald av dei anlegga som alt er på plass, og organisere dette arbeidet.

	Askvoll 2018	Askvoll 2019	Askvoll 2020	Askvoll 2021	Kostragr 04	Landet uten Oslo
Prioritet						
Netto driftsutgifter grunnskole-sektor, i prosent av samlede netto driftsutgifter	23,6	24,2	23,9	25,6	22,4	23,0
Netto driftsutgifter til grunnskole-sektor, per innbygger 6-15 år (kr)	143 256	152 989	161 670	186 285	148 552	125 904
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	2 723	3 203	3 662	5 071	6 554	6 848
Produktivitet						
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev	1 725	1 723	1 678	3 829	2 080	1 827
Dekningsgrad						
Årstimer til særskilt norskopplæring (antall)	14,9	29,1	76,0	133,0	62,5	35,3
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	1,6	1,7	257,7	388,8	152,8	144,2
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent)	2,3	2,1	0,3	2,3	2,8	4,7
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	11,8	9,5	9,1	8,3	10	7,9
Andel innbyggere 6-9 år i SFO (prosent)	36,8	33,6	33,8	35,8	42,3	56,8
Kvalitet						
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning (prosent)	90,5	97,3	97,3	93,8		
Gruppestørrelse – ordinær undervisning (antall)			9,9	9,8	14,0	15,6
Gruppestørrelse – ordinær og spesialundervisning (antall)	7,8	8,4	7,9	7,0	11,0	12,7
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Avtalte årsverk grunnskolesektor	77,7	75,4	80,4	80,4	3 038,6	89 044,9
Lærerårsverk, avtalte årsverk grunnskolesektor	59,5	56,8	58,5	58,5	2 082,9	59 322,3

Barnehage



Organisering

Eining	Tal barn	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefrå-vær i %
Røverompa b.hage	55	Siv Gjendemsjø Tangedal	14,5	17	18,31%
Nipa b.hage	17	Anne Marie Herland	5,2	7	
Gjelsvik b.hage	16	Tove Ekreskar Nervik	4,47	6	
Holmedal b.hage	27	Sidsel Anita Itland	8,45	11	
Bulandet b.hage	17	Anne Irene Fedøy	4,8	7	

Det var 132 barn i barnehagane våre per 15.12.21 mot 130 på same tid i 2020. Tal tilsette har gått ned frå 51 til 48 og tal årsverk er redusert frå 39,3 til 37,4. Det er nedgang i tal barn i Gjelsvik og på Atløy, stabilt i Bulandet og oppgang i Askvoll sentrum og i Holmedal.

Økonomi

Eining	Budsjett 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kroner	Avvik i %
Røverompa b.hage	8 035 032	9 342 167	1 307 135	16,3
Nipa b.hage	4 298 383	4 325 868	27 486	0,6
Gjelsvik b.hage	3 712 498	3 704 756	--7 743	-0,2
Holmedal b.hage	5 133 599	4 983 091	-150 508	-2,9
Bulandet b.hage	3 060 814	3 103 347	42 533	1,4
Samla	24 240 326	25 459 229	1 218 903	5,0

Røverompa barnehage

- I starten av 2021 vart det som ei førebuing til å ta imot ei ny flyktninggruppe med fleire små barn, oppretta ei ny gruppe nede på småbarnsavdelinga. Ein pedagog i 100 % fast stilling vart flytta ned dit frå 1. mars 2021 pga. barna som skulle komme. Sidan det synte seg at flyktningane ikkje kom før i juli, tok vi frå 1. mars inn fleire barn som ville ha plass slik at vi kunne ha ein utvida avdeling til 12 plasser. Frå august 2021 måtte vi i tillegg opprette ei 100% stilling for å tilrettelegge særleg for eitt av dei busette barna. Difor har barnehagen i 2021 hatt om lag 600 000 kroner meir i lønsutgifter knytt til busetjing av flyktningar enn det som var budsjettert.
- Heilt frå 1. januar 2021 har vi hatt vikar for langtidssjukemelde, men dei har vore færre dette året enn det som var venta, noko som igjen gjorde at vi har fått mindre sjukelønsrefusjon frå Nav en det vi hadde budsjettert for i 2021. Samstundes har vi og hatt mykje meir korttidsfråvær dette året, og grunnen til dette større fråværet, kan nok i hovudsak tilskrivast Korona-situasjonen/ulike luftvegssymptom.
- Vi har og hatt ei som har hatt fødselspermisjon og ho jobba til sept/okt og der var også eit overforbruk på fast løn som ikkje var i budsjettet.
- I år har vi starta med å kompensere for forskyvd arbeidstid når ein tilsett må bytte vakt på lang eller kort varsel på grunn av fråvær blant dei tilsette. Dette har også vore med å påverke at ein har fått noko høgre lønsutgifter enn vi hadde budsjettert.
- Vi har tatt inn nye barn løpende heile året og det ser ein att på auke i brukarbetalinga på over 300.000 meir enn budsjettert.

- Vi ser at det meste av overforbruket ligger på fast- og vikarløn. Året har vert prega av uforutsebarheit og fleire ting som var vanskeleg å føresjå når budsjettet vart laga.

Nipa barnehage

- Den budsjetterte brukarbetalinga var høgare enn det som vart betalt inn. Dette både fordi vi trudde at fleire skulle auke opp barnehageplassen sin etter nyttår og hausten 2021 enn det gjorde, og vi vart også førespeglia at det skulle starte fleire nye barn enn det som var realiteten . Det er og barn som etter kvart har fått redusert brukarbetaling og gratis kjernetid. Differansen mellom budsjettet brukarbetaling og rekneskap er 123844 kr.
- Vi har hatt ein pedagog som jobba frå midten av august til 1. okt før ho gjekk ut i svangerskapspermisjon. Dette var ikkje lagt inn i budsjettet i utgangspunktet. Vi får refusjon på 122 000 kr, same som vi har hatt utlegg på i lønn.
- Vi har hatt mange sjukmeldingar. Det er brukt 521 876 kr i vikarutgifter, men samstundes har vi fått 606 893 kr i sjukelønnsrefusjon frå folketrygda.
- På brukskontoane 11000 – 12500 hadde vi budsjettet med 127 900 kr, men har brukt 100408 kr.
- Vi har ikkje fått gjort så mykje vedlikehald på multihus og sklie som vi hadde planlagt, dermed er det ein differanse på ca. 27 000 kr.

Gjelsvik barnehage

- Rekneskapsresultatet er samla sett godt i samsvar med budsjettet med eit forbruk på 99,8%, noko som utgjer eit mindreforbruk på 7 743 kroner.

Holmedal barnehage

Rekneskapen syner eit positivt resultat på om lag 150 000 kr. Avvika skuldast i hovudsak:

- Sparte lønsmidlar pga stilling i vakanse dei 2 første månadane av året. Noko vart dekka ved å leige inn ekstrahjelp når vi fekk tak i. Den som vart tilsett frå 1.3 hadde lågare lønskostnad pga manglande kompetanse i høve det som var budsjettert.
- Høge vikarutgifter pga fleire langtidssjukemeldte. Manglande tilgang på vikar har gitt høgare refusjon på sjukeløn Lønsmidlar til vurderar, konto 10500 har vore dekka inn ved refusjon konto 17500.
- Refusjon i samband med vurdering har vore høgare enn utgiftene, dels fordi det ikkje har vore råd å få tak i vikar, men og fordi det har vore mindre utlegg til overnatting og køyring pga pandemien.
- Vi har gått i pluss på innkjøp av leiker og materiell fordi vi har brukt av det vi har hatt liggende og dels og fått overskotsmateriell og leikar frå bygdefolket.
- Av dei 70 000 i statsstøtte til vidareutdanning er det sett av 35 000 på bunde fond.
- Høgare utgift på uniformsgodtgjersle som skuldast reforhandling
- Auka kostnad på forbruksvarar grunna pandemien, dette gjeld både auka forbruk av eingongsmateriale som tørkepapir og eingongsstellepapir framfor handkle, men og direkte kostnader knytt til reinhalldsmiddel og desinfeksjonsmiddel
- Auka kostnad på konto 11000 som er knytt til tonerkostnadar.
- Vi har spart på utgifter til vedlikehald og investeringar, dels fordi det ikkje har vore tilgang på vaktmestertenester til å gjere naudsynt vedlikehald og dels fordi maskinene som syng på siste verset har halde dette året og.

Bulandet barnehage

- Eininga har totalt eit meirforbruk på vel 42 000 kroner. Sjølv om ein fekk inn langt mindre inntekter frå brukarbetaling enn forventa – om lag 175 000 kroner, gjekk drifta av sjølve barnehagetilbodet likevel med eit mindreforbruk på 39 000. Dette kjem først og fremst av større refusjonar inn enn det ein har bruk til vikarar (svært vanskeleg å rekruttere), men og mindre utgifter til fastløn enn budsjettet.
- På drift og vedlikehald av barnehagen gjekk vart det eit meirforbruk på om lag 25 000 kroner, i hovudsak på grunn av mindre refusjon sjukeløn enn budsjettet.
- Frå august 2021 har barnehagen drive SFO for skulen. Dette var ikkje budsjettet på eininga, og har gitt eit meirforbruk på vel 55 000 kroner, men på ansvar 212 Bulandet skule har ein hatt eit tilsvarende mindreforbruk til denne tenesta på om lag 72 000 kroner.

Viktige hendingar

- Det er framleis eit svært høgt sjukefråvær i barnehagane, og når det i tillegg er utfordrande å finne vikarar, fører dette ofte til ei ekstra belastning for dei som er på jobb. Ein syner her elles til det som er skrive om sjukefråværet og korona-situasjonen innleiingsvis.
- Utbygging og rehabilitering av barnehagen i Holmedal vart fullført i byrjinga av 2021, og etter ein lang, strevsam og «omflakkande» periode kunne barn og vaksne fullt ut ta arealet i bruk.
- Hausten 2021 starta ein planlegging av ny barnehage i Askvoll sentrum
- Barnehagane i Askvoll er med på oppvekstregionen sitt tilbod om ekstern vurdering, eller «Vurdering for utvikling» som vi kallar ordninga. I 2021 hadde Gjelsvik barnehage ekstern vurdering på tema «[Digital praksis i barnehagen](#)», og Nipa barnehage på tema «[God psykisk helse i barnehagen](#)». Ein kan lese meir om «Vurdering for utvikling» på Oppvekst og utdanning i HAFS sin nettstad (www.hafs.no)
- Frå hausten 2020 har ein i kapittel 8 i Barnehagelova også fått inn ei lovfesting av retten til eit godt psykososialt barnehagemiljø, tilsvarende som skulane har gjennom kap. 9A i Opplærings-lova, og i 2021 har ein utarbeidd ein felles mal for aktivitetsplan til bruk i dette arbeidet.
- Det er større interesse for å ta vidareutdanning, sjølv om ikkje alle som vi innstiller til den statlege ordninga slepp igjennom Utdanningsdirektoratet sitt nålauge. Hausten 2021 fekk såleis 3 tilsette klarsignal for vidareutdanning; 2 på spesialpedagogikk og 1 på barns språkutvikling og språklæring.
- Vi held fram med å digitalisere både administrative og faglege verktøy i barnehagen, men har framleis ein veg å gå der, særleg på utstyr og infrastruktur.
- Barnehagane vert stadig både betre og meir aktiv på tverrfagleg samarbeid, noko ikkje minst opprettig av tverrfagleg team, og arbeidet der, skal ha stor ære for. Også barnehagane skal involverast i arbeidet med plan for førebygging, jf. det som er skrive ovanfor på skule om barnevernsreforma.

Utfordringar framover

- Halde fram arbeidet mot barnehageeigar sitt mål om to pedagogar per avdeling, og samstundes auke andelen fagutdanna i dei andre stillingane.
- Å auke tal pedagogar per avdeling fører også til at fleire av dei tilsette sine arbeidstimar vert brukt utanfor avdeling til lovfesta planlegging. Sjølv om vi i lang tid har oppfylt kravet i bemanningsnorma om 3 vaksne per 18 plassar, vert det berre 2 vaksne saman med barna i ein stadig større del av dagen når meir tid skal nyttast til planlegging og opningstidene er 2-


3 timer lengre enn normalarbeidstid. Skulle det vere 3 vaksne til stades gjennom heile opningstida, ville det krevje 1 årsverk ekstra per avdeling. Dette vert det ikkje kompensert for i barnehagane våre slik det er i dag, og gjer nok sitt til at vi driv barnehagane våre til ein lågare kostnad enn både i landet og fylket til tross for at vi har mange relativt små einingar.

- I tillegg til å styrke vaksentettleiken i barnehagane våre, må vi også arbeide vidare med eit fokus på nærvær framfor fråvær for å få ned sjukefråværet. Elles er kompetente vikarar ei mangelvare, særleg når stort fråværet i fleire barnehagar, skular og sjukeheim gjer at dyktige folk er hyra inn for lengre tid framover.
- Sjå til at vedteken rammeplan for barnehagane (forskrift til barnehagelova) er implementert i alle barnehagane, og samstundes kartleggje kompetansen til dei tilsette og gje dei kompetansepåfyll slik at dei opplever å mestre nye oppgåver og utfordringar i barnehagen.
- Utvikle oss som god barnehageeigar, og få på plass eit heilskapleg kvalitetssystem som fremjar dialog i alle ledd
- Saman med innføring av stadig fleire digitale verktøy i barnehagane, både administrativt og til samhandling med både barn og foreldre, må vi også halde fram med å styrke den digitale infrastrukturen og auke kompetansen hos dei tilsette.

	Askvoll 2018	Askvoll 2019	Askvoll 2020	Askvoll 2021	Kostragr 04	Landet uten Oslo
Prioritet						
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (i %)	12,1	11,1	10,1	10,8	11,7	14,4
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	177 145	168 513	162 203	192 553	188 371	181 474
Produktivitet						
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	84,4	91,4	82,0	90,5	88,0	85,5
Dekningsgrad						
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	92,1	87,3	85,1	93,6	91,2	93,6
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent)	100,0	98,0	96,7	96,6	96,5	97,6
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	2,1	4,5	5,4	2,3	4,4	4,2
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvanderbarn 1-5 år (prosent)	86,7	100,0	71,4	62,5	79,6	85,6
Kvalitet						
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent)	51,2	48,5	49,2	53,8	43,4	42,7
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)	5,3	5,2	5,3	5,6	5,3	5,7
Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m ²)	7,2	7,6	8,1	8,0	7,4	5,9

Andre tenester innanfor oppvekststata

Kulturskulen



Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Askvoll kulturskule	Mats Systaddal	1,85	3	*

- I 2021 har det vore tre tilsette som er i faste eller mellombelse stillingar, og ein har dessutan kjøpt tenester til teaterprosjekt, lokalisert til Stongfjorden. Ein har fått til eit breiare tilbod, og opplever at dette er positivt i arbeidet med å utvikle fellesskap og samhandling i tenesta. Dessutan innleia ein frå hausten 2020 eit samarbeid med kulturskulen i Hyllestad og Fjaler på utviklingsarbeid.
- Skulen har 40% stilling knytt til leiing av kulturskulen og 15% stilling for å ha det administrative ansvaret for Dans utan grenser og ei lita stilling til DKS , og også i 2021 har ein leigd inn dei administrative tenestene frå Hyllestad og Fjaler kulturskule.
- Per oktober 2021 er det 89 elevar som har plass i kulturskulen, fordelt på musikkundervisning, visuelle kunstfag og teater. I tillegg er det 14 elevplassar i Dans utan grenser

Økonomi

Eining	Budsjett 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kroner	Avvik i %
Askvoll kulturskule	1 478 749	1 357 304	-121 445	-8,2
Samla	1 478 749	1 357 304	-121 445	-8,2

- Kommentar til teneste 38300: Kulturskulen har hatt eit underforbruk på 109 402. Det er mykje grunna fastlønn som vart budsjettert med opning for at rektor som då var i permisjon kunne komme tilbake i si stilling. Dåverande rektor sa i staden opp stillinga og vi vidareførte samarbeidet med Hyllestad og Fjaler. Vi hadde haust 21 ikkje noko teatertilbod, så det bidrar også til litt mindre utgifter. Elles har det også i 2021 vore litt mindre aktivitet enn vi ynskjer grunna pandemien.

- Kommentar til teneste 23141: UKM gjekk i 2021 ikkje som normalt grunna pandemien og det vart digital mønstring ungdommane frå Askvoll deltok på. Derfor eit underforbruk på 14680.
 - Kommentar til teneste 23100: Dans utan grenser var rett budsjettert og vi landa med eit lite overforbruk på 2637 kr. Aktiviteten der har gått som normalt siste del av 2021, men vi håpar på meir rekruttering i 2022.

Viktige hendingar

- I 2021 har ein hatt kulturskuletilbod på seks ulike stader i kommunen (Bulandet, Atløy, Askvoll, Holmedal, Stongfjorden og Gjelsvik/Kvammen), og ein kan trygt seie å ha eit desentralisert tilbod.
 - I 2021 har vi halde fram samarbeidet med Hyllestad og Fjaler kulturskule om kjøp av leiings- og administrative tenester. Vi kjøper også tenester frå same stad til oppfølging av det administrative ansvaret av «Dans utan grenser», samstundes som vi både sel og kjøper tenester innan musikkundervisning
 - Ein held fram samarbeidet med lokale kulturarbeider for å oppretthalde og utvikle tilbydt innan teater. Vi sel også tenester til skular og omsorgstenesta


Utfordringar framover

- Auke interessa for kultur i kommunen, og gje fleire elevar eit tilbod i kulturskulen
 - Vidareutvikle rutinar knytt til drift og leiing av skulen
 - Vidareutvikle tilboda som omfatte andre kunstformer enn musikk, gjerne i samarbeid med lokale kulturarbeidarar
 - Utvikle den lokale delen av Den kulturelle skulesekken i samarbeid med kontaktpersonane på skulane og institusjonar i området
 - Få til meir samarbeid mellom kulturskulane i regionen, gjerne innanfor samarbeidet vi alt har på barnehage- og skuleområdet i HAFS Oppvekst og utdanning
 - Ta stilling korleis ein framover skal organisere kulturskuleverksemda – som ei sjølvstendig eining eller i samarbeid med andre kulturskular, enten ved kjøp av administrative tenester, eller å gå saman om ei felles teneste.

	Askvoll 2018	Askvoll 2019	Askvoll 2020	Askvoll 2021	Kostragr 04	Landet uten Oslo
Prioritet						
Musikk- og kulturskoler nettodriftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,6	0,6	0,5	0,5	0,7	0,5
Musikk- og kulturskoler nettodriftsutgifter beløp pr innb (kr *)	469	488	425	401	489	345
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	3 887	4 069	3 612	3 409	4 347	2 863
Produktivitet						
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker *)	25 299	22 248	18 438	15 836	23 560	23 391
Dekningsgrad						

Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år (prosent)	4,1	1,7	2,6	5,8	1,7	3,1
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i al (prosent)	22,6	21,9	25,0	25,1	19,2	13,3
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Antall elever i kommunens musikk- og kulturskole	86	83	89	90	3 581	88 147
Antall elevplasser i musikk- og kulturskole	86	83	110	96	4 303	111 027

Bibliotek



Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Askvoll bibliotek	Linda Strand	1,0	1	*

Økonomi

Eining	Budsjett 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kroner	Avvik i %
Askvoll bibliotek	1 160 049	1 044 882	-115 167	-9,9
Samla	1 160 049	1 044 882	-115 167	-9,9

- Askvoll bibliotek har vore stengt i tida 22.02. – 31.12.2021. Vi har i perioden brukt ressursar på samlingsutvikling, nødvendig kontorhald og noko inventar/utstyr.
- Vi har eit avvik pålydande kr. 115.167,-. I fylgje biblioteksjefen er det ønskjeleg at deler av dette beløpet kan brukast til engasjement av ekstrahjelp i samband med gjenopning av (folke)biblioteket. Ekstrahjelpa vil få kassering som arbeidsoppgåve (tidkrevjande prosess), slik at hylrometer blir frigjort til ny, aktuell og allsidig litteraturen innkjøpt i 2021.

Viktige hendingar

Sidan medio mars 2021 har Askvoll bibliotek vore stengt på grunn av sopp og därleg inneklima. Årsaka til lekkasjen var brot i eit av vassøra som ligg i golv i «eventyrkroken» Denne lekkasjen utvikla seg til hussopp. Det vart sett i verk tiltak og den delen er friskmeldt. (rapport frå Recover, dato 29.06.2021) I etterkant har HVO stengt lokala og det er rapport frå Avonova (dato 05.10.2021) som anbefaler at tilsette ikkje oppheld seg i lokala før vidare utbetringar har blitt gjort.

Denne situasjonen har sjølv sagt påverka aktiviteten i tenesta svært mykje, noko både statistikk og biblioteksjef sine kommentarar nedanfor syner:

- Bestand og tilvekst fysiske einingar ligg omrent på same nivå (har i 2021 halde fram med å prioritere utvikling av samlinga).
- Ca 60 prosent av tilveksten vår kjem som kulturfondbøker (som tidlegare år).
- Størst nedgang i utlån for barn – dette gjeld alle typar materiale.
- Vi har stort sett berre fornya utlåna til «Bok i butikk» (Kvammen og Bulandet).
- Barn som frå før var aktive brukarar av folkebiblioteket var i stor grad innom Askvoll bibliotek i løpet av januar og februar – difor i alt 70 aktive lånarar i alderen 0 – 13 år.
- Berre dei mest «trufaste» bibliotekbrukarane nyttar fjernlån-ordninga, inkl. biblioteksøk.no, etter kvart i stadig mindre grad.
- Andre folkebibliotek har ikkje hatt moglegheit til å tinge bøker frå Askvoll bibliotek i perioden mars – desember 2021.
- Mindre bruk av klassesett nå enn tidlegare – litt rart eigentlig, sidan dette er eit tilbod som skulane sjølvé ordnar/administrerer (ikkje avhengig av folkebiblioteklokalet).
- Meir bruk av Lesekroken enn tidlegare år - kanskje først og fremst fordi barnehagar og skule ikkje har tilgang til fysiske bibliotekbøker. Kan også skuldast at Lesekroken, som konsept, er blitt betre. Også i 2020 har kassering vore ei prioritert og heilt nødvendig arbeidsoppgåve.

Utfordringar framover

- Den størst utfordinga per i dag er å få på plass lokale, både mellombels og permanent, slik at vi kan tilby bibliotektenester slik §4 i Lov om folkebibliotek set krav om.
- Bibliotekloala må rehabiliterast slik at ein får eit godkjent inneklima og arbeidsmiljø for både tilsette og besøkande
- Det er ønskjeleg å bruke meir tid på formidling, først og fremst i form av direkte, fysisk formidling av barne- og ungdomslitteratur i barnehagar og på skular.
- I 2022 har ein fått midlar til prosjektet «Folkebiblioteket som tekstarena i grunnskulen». Her skal biblioteksjefen ein gong per månad våren 2022 vere saman med 7. klasse på følgjande skular: Holmedal MS, Atløy skule og Askvoll skule – enten timane før lunsj, eller timane etter lunsj (eine gruppa på Askvoll skule). Ein skal i desse øktene lære om (folke)bibliotek og litteratur, prate om bøker, «reklamere» for ulike bøker/sjangrar, og diskutere lesing som ferdighet. Poenget med prosjektet er å få elevane interessert i institusjonen (folke)bibliotek - få dei til å forstå at denne eininga/dette velferdsgodet bør (ut)nyttast.
- Elles er det måla og tiltaka i følgjande fem satsingsområd i nyleg vedteken Bibliotekplan for Askvoll kommune som gir retning og utfordrar tenesta i dei komande fire åra:
 - Lesestimulering

- kunnskapsformidling
- møteplass
- fysisk lokale/lokalisering
- bemanning

	Askvoll 2018	Askvoll 2019	Askvoll 2020	Askvoll 2021	Kostragr 04	Landet uten Oslo
Prioritet						
Bibliotek nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	0,4	0,4	0,4	0,6	0,5	0,5
Bibliotek nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *	339	345	367	507	379	309
Dekningsgrad						
Årsverk, antall innbyggere per årsverk i folkebibliotek	3 038	3 011	2 991	2 951	2 799	3 045
Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	1,6	1,7	0,7	0,1	4,0	3,2
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	2,3	2,1	1,6	0,6	3,3	2,4
Kvalitet						
Medie- og lønnsutgifter i folkebibliotek per innbygger	260	277	289	320	304	273
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Bokbestand, total bokbestand i folkebibliotek	28 153	25 643	25 410	26 141	853 573	13 099 377
Bokutlån, totalt bokutlån fra folkebibliotek	6 412	5 831	4 396	1 528	424 444	9 785 576

Helse og omsorg



OMSORG

Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Administrasjon	400	Stein Helle	3,9	6	
Helse	410	Olaug Søreide	15,33	17	
Heimetenesta	420	Lillian Vårdal	22,16	35	
Bu- og miljøtenesta	430	Malene Helle	19,74	27	
Askv. Omsorgssenter 1	440	Merete Kirketeig	30,05	44	
Askv. Omsorgssenter2	450	Sara Osland	41,56	61	
Totalt			132,7	190	11,6

- Det er i tillegg i overkant av 50 stk. støttekontaktar og avlastarar

Økonomi

Eining	Budsjett 2020 (1000 kr)	Rekneskap 2020(1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
400	-7 721 330	-13 633 691	- 5 912 361	
410	18 732 860	18 769 961	37 101	
420	18 909 214	18 602 489	-306 725	
430	24 665 718	28 333 920	3 668 202	
440	21 142 916	20 937 260	-205 656	
450	37 278 737	37 660 884	382 147	
Samla	113 008 115	110 670 823	2 337 292	2,07

Forklaring til tabellen ovanfor:**Mindreforbruk innan Adm., ansvar 400 :**

Mindreforbruk på kr 5 912 361,- for ansvar 400 er prega av kr 1 451 000,- meir enn budsjettet for 2021 i brukarbetaling. Dette heng saman med at det var fleire pasientar med langtidsopphold ved Askvollheimen enn det som var budsjettet.

Innrapportering særleg ressurskrevjande tenester (brukarar), :

Askvoll kommune hadde for 2021 budsjettet med kr 11 mill. i refusjon for særleg ressurskrevjande tenester, berekna refusjon for 2020 vert kr 15,371 mill.

Dette er kr 4 371 000,- meir enn budsjettet.

Meirforbruk innan seksjon Helse, ansvar 410 :

Meirforbruk på kr 37 101,-

Seksjon Helse, og spesielt legesenteret har hatt eit ekstremt travelt år. Ein har hatt redusert kapasitet på legesida, på same tid som Korona-pandemien har kravd svært mykje av alle tilsette. Det har vore brukt mykje overtid, og ein har fått redusert inntening frå Helfo grunna pandemien. Vi har mangla ein fastlege, noko som har medført bruk av vikarbyrå og innleige av lege. Vi har gjort ekstra innbetaling til interkommunal legevakt for inndeckning av tidlegare meirforbruk. Felles for alle tenestene: Lite bruk av kursmidlar/opplæring og reiser.

Seksjonen fekk tilført kr 600 000,- grunna utgifter til korona etter 2. tertialrapport.

Koronautgifter 2021; kr 1 184 731,-

Mindreforbruk innan seksjon Heimetenesta, ansvar 420 :

Heimetenesta er ei teneste med varierande «trykk», men dei er flinke til å drive effektivt.

Det har vore relativt høgt langtidsfråvær i periodar, og ein har fått inn meir refusjonar enn budsjettet. Ein har og hatt inne «rimelegare» personale i ein del av stillingane i turnus, enn det som er budsjettet. I periodar har ein hatt moglegheit til å ikkje leige inn vikarar ved vakanse. Samstundes har ein brukt mykje lønsmidlar på å utdanne lærlingar, som ein har hatt fleire av i Heimetenesta i 2021. Grunna dette fekk tenesta overført kr 400 000,- etter 2. tertialrapport.

Meirforbruk ved Bu- og miljøtenesta, ansvar 430 :

Meirforbruk ved Bu- og miljøtenesta er i all hovudsak knytt til store kostnadars ved BPA-prosjekt, og andre ressurskrevjande brukarar, der ein kjøper tenester av private aktørar. Dette har auka meirforbruket monaleg. Aktivitetssenteret har eit bra mindreforbruk grunna redusert aktivitet, med færre brukarar.

Mindrebruk ved Askvoll omsorgssenter 1,ansvar 440 :

Det har vore budsjettet med løn til fagarbeidar i dei vakante helgestillingane, men assistentar er mykje brukt. Tenesta har lagt under budsjettetramma om lag heile året, truleg mykje grunna lågt sjukefråvær på Smia/Fløyen/oms 2, som er den største utgiftsposten. Sjukefråværet har lagt stabilt på omlag 4% heile året på den avdelinga. Midlane vi får i samband med Legepilotprosjektet har dekka mykje av kostnadane knytt til legevaktsatelitten.

Meirforbruk ved Askvoll omsorgssenter 2, ansvar 450 :

Ansvar 450 hadde eit meirforbruk på kr 382 000,- til tross av tilførte midlar på kr 1,5 mill. etter 1. og 2. tertial. Bakgrunn for dette ligg i svært stort sjukefråvær, der ein har nytta mykje vikarar, både frå eigne rekker og frå vikarbyrå. Dette har og ført til mykje bruk av overtid. Det har ved Solstova/Rask vore nytta ekstra personell grunna låg grunnbemanning og korona. Det har og vore sjukefråvær og mykje vakanse med gruppe Natt, som også har gjeve dei same konsekvensane som i dei andre gruppene. Kjøkkendrifta har også vore prega av fråvær, men ein har likevel handtert det på ein god måte, og har kome ut med eit fint mindreforbruk.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Helse og omsorg	Korona: Pandemien har utan tvil vore den altoverskyggande hendinga for 2021. Helse- og omsorgsetaten i Askvoll har vel aldri hatt slike hektiske år som 2020/-21 har vore. Pandemien utfordra oss på ein heilt ny måte, både fagleg og ressursmessig. Vi har brukt mykje faglege ressursar og svært mykje økonomiske midlar. Vi har oppdatert oss og utvikla oss med undervisning og kursing, både internt og eksternt. Dette har vorte gjennomført i stor grad gjennom webbasert undervisning/kursing. Det har og gjeve oss nye måtar å samhandle på, noko som heilt klart vil vere nyttige i framtida. Dei tilsette har gjort ein fenomenal jobb i desse åra, dei har stilt opp og stått på, slik at pasientane har fått godt stell og pleie.
Heimetenesta	Det er tydeleg at fleire og fleire ynskjer å døy heime / terminal pleie, dette klarer ein stort sett å handtere bra, men ein ser ofte store utfordringar i øyane i slike situasjonar. Vi prøvar å få ting til å gå i hop også der i slike situasjonar, men det krev ein god del organisering.
Heimetenesta	I 2021 har dei fleste omsorgsbustadane vore leigd ut, fortsatt nokre på venteliste for bustad. Vi har hatt 3 leilegheit stående ledig som coronaleilegheit (lite i bruk) og 2 leilegheiter har vore brukt til døgnopphald i omsorgsbustad (kortidsopphald).
Heimetenesta	2021 har vore eit år med mykje sjukefråvær og fleire vakante stillingar. Mesteparten av fråværet er langtidssjukmeldingar, der det har vore problem med å skaffe vikarar grunna manko generelt over heile etaten. Det har vore eit krevjande år med å prøve å få tak i vikarar.
Heimetenesta	Pensjonerte tilsette har dekka inn mykje av fråværet innan eininga, og heile etaten forøvrig.
Heimetenesta	Samhandling med legar og helseføretak fungerer godt i høve til e-meldingar
Bu og miljøtenesta	Opprettig av ny gruppeleiarstilling i prosjekt 8250
Bu og miljøtenesta	Det planlagde nye aktivitetssenteret vert ikkje bygd

Bu og miljøtenesta	Ferdigstilling av 8 nye bustadar i Prestemarka.
Bu og miljøtenesta	Budsjettvedtak om at aktivitetssenteret skal flytt til lokala til Røverompa barnehage i 2024. Det vert samlokalisering med dagtilbod for heimebuande demente
Askvoll omsorgssenter 1	Covid-19 som braut ut for fullt i mars 2020 har prega tenesta på fleire måtar gjennom 2021. Det har og medført ekstrautgifter i reinhaldsartiklar, samt at det vart leigd inn 1-2 «korona reinhaldarar» fram til 01.07.21 som ikkje var budsjettert for.
Askvoll omsorgssenter 1	Det har vert jamt over stort påtrykk med full avdeling og mange alvorleg sjuke pasientar som har kravd mykje oppfølging, behov for sjukepleiar på vakt i avdelinga samt ved fleire høve generert behov for fastvakt. Ein ser at pågangen er stor, og det vert tidvis problem med plassmangel som følgje av det.
Askvoll omsorgssenter 1	Sjukefråværet har vore svært lågt i 2021; ca. 4 %
Askvoll omsorgssenter 1	Prosjektet har no vart i om lag 2 år (byrja 01.10.19) og fungerer framleis godt. Vi har øvingar kvar mnd med personalet for å vedlikehalde akuttmedisinkunnskapen.
Askvoll omsorgssenter 1	Eindel vakante stillingar, det har vore vanskeleg å rekruttere personell. Vi er likevel heldige med å ha fleire flinke pensjonistar, som har "redda" oss over lengre tid.
Askvoll omsorgssenter 2	Aktivitøren har tatt oppatt aktivitetane i tråd med at oppopninga av samfunnet. Det er aktivitetar på Fellesstova på kvardagar. Det vert samarbeida med frivillige om aktivitetar og med prestekontoret om andakt og songstunder.
Askvoll omsorgssenter 2	Vi ser at det aukande behov for både dagtilbod og institusjonsplassar for personar med demens.
Askvoll omsorgssenter 2	Gruppe Kårstova og Solstova/Rask har hatt eit svært stort sjukefråvær i 2021. Bakgrunnen for dette er til dels koronasituasjonen som gjer terskelen for korttidfråvær, på grunn av mistanke om korona, lågare enn det som er vanleg.
Askvoll omsorgssenter 2	Oppstart av kok- server alle dagar ved kjøkkenet på Askvollheimen. 7-dagars drift frå mai, og 7-dagars drift frå oktober 2020. Dette har gått seg til og fungerer godt.
Askvoll omsorgssenter 2	Oppstart av arbeidet med å utarbeide demensplan og demensteam. Demensteam et starta opp 1. september, 2 spesialsjukepleiarar frå Kårstova deltek i demensteamet. Det er ikkje løyvd ressursar, men det vert gjeve rom for at dei to

	sjukepleiarane kan gjennomføre heimebesøk og delta i utgreiing av demens.
Askvoll omsorgssenter 2	Dagtilboden har i 2021 vore ope 5 dagar kvar veke. At dagtilboden har vore stasjonert på Kårstova ser vi er uheldig for enkeltbrukarar som vegrar seg for å ha tilhald på demensavdelinga.
Askvoll omsorgssenter 2	Solstova/Rask fekk i praksis i samband med flytting av ein pasient med 1:1 bemanning til gruppa i juni 2021. Sjølv om personalet var knytt opp til ein bestemt pasient, ville dette likevel styrke personalgruppa.

Brukarane

Heimetenesta

Det har i år vore svingingar i pasienttalet, og i behovet for helsehjelp og praktisk bistand gjennom året.

I januar 2021 var det 82 brukarar som fekk praktisk bistand, og 141 brukarar som fekk helsehjelp. I desember 2021 var det 86 brukarar som fekk praktisk bistand og 121 brukarar som fekk helsehjelp. Det er sjølvsagt eit stort fokus på at brukarane skal kunne bu heime lengst mogleg.

Det har vore eit utfordrande år grunna corona. Ein periode måtte kutte alle stadar der vi kunne kutte. Eks tilsyn vart erstatta med telefonsamtale når dette var mogeleg.

Fortsatt auke i utfordringar knytt til pasientar og tenester innanfor psykiatri. Dette tek mykje tid og krev i periodar ein del ressursar. Ein ser at det ofte blir heimetenesta som må rykke ut/følgje opp slike ting då dei psykiatriske sjukepleiarane ikkje jobbar i turnus. Ein ser derfor meir og meir at behovet for fleire psykiatriske sjukepleiar melder seg, også behovet for at dei går over til turnusjobbing. Ei anna gruppe som tek mykje tid og ressursar er demente, som bur åleine eller saman med sine pårørande. Dette er ei utfordrande og vanskeleg pasientgruppe som alltid vil ha stort behov for hjelp.

Kreftkoordinator er ei stilling knytt til heimetenesta. Ho har i 2021 hatt oppfølging med 19 pasientar og 22 pårørande (Sjå eigen årsrapport som vedlegg). Kreftkoordinator har og ansvar for prosjektet NORPAL og er ein del av ressursnettverket i helse vest.

Samarbeid med Helse Førde og NAV knytt til LAR brukarar (legemiddelassistert rehabilitering) held fortsatt fram i 2021. Her har vi ein del utfordringar knytt til brukarane og utlevering av medisinar, og ein ser meir og meir behov for auka kompetanse innafor fagfeltet og eit samarbeid med rus og psykiatri då vi ser ting fungerer dåleg no.

LAR- kontakten har delteke på kurs og samarbeidsmøter med NAV.

Det er ynskjer om å få til rettleiing frå LAR- koordinatorane til personalet i heimetenesta.

Alle tilsette skal ha gjennomført e-læringskurs knytt til LAR.

Tilsyn hausten 2021

Hausten 2021 var det nytt tilsyn med arbeidstilsynet med same tema som for tilsynet i 2019. Dette gjekk eigentleg bra, men vi fikk nokre pålegg. Desse har det vore jobba bra med og både tilsette og verneombod har vore delaktige i utarbeidinga av ROS-analysane som vi måtte levere inn. Sjølv om tilsyn tek mykje tid og ressursar, er det og veldig lærerikt. Det er fint å få inn nokon som av og til kan hjelpe oss litt på vegen til å bli betre på ting vi skulle ha gjort men som ikkje har blitt prioritert.

I løpet av 2021 har vi fått fleire sjukepleiarar frå heimetenesta som har tatt kurs for å kunne bidra med å ta vakter på legevaktsatelitten i Askvoll. Totalt har heimetenesta no 5 sjukepleiarar som har gjennomgått kurs/ opplæring, og som tek vakter der.

Avvik

Totalt melde avvik CosDoc: 47 stk.

Relatert til fall 18 , feilmedisinering/ nesten feil 28 , rutinesvikt 1

Fleire melde avvik i 2021 enn tidlegare. Har hatt mykje fokus på avvik og korleis melde avvik.

Føler det har vore underrapportert tidlegare. Ser ein auke i at fleire enn før melder avvik.

Avvik Risk: 7 stk. registrert.

Bu- og miljøtenesta

Bu- og miljøtenesta har ansvaret for tenester til menneske med ulike funksjonshemminger i alle aldrar. Dette gjeld m.a. bu og aktivitetstilbod, avlasting, helsehjelp, personlig assistent, brukarstyrt personleg assistent, støttekontakt, og ulike formar for pårørandestøtte.

I 2021 bestod bu og miljøtenesta av 1 gruppe, 3 - 1:1 tiltak, og to prosjekt drifta av private i tillegg til sosialkonsulenten sitt ansvarsområde. Litt informasjon om kvar gruppe følger:

Aktivitetssenteret:

1,98 årsverk fordelt på 5 personar (inkl. leiar og musikkterapeut) med 2 personale i turnus. Det er knytt ressursnummer til eit årsverk. Det har vore 3 brukarar tilknytt Austlid i 2021.

8216:

BPA- prosjekt kring einskild brukar der kommunen kjøpar tenesta frå «Assister meg». Dette fungerer godt, og prosjektet har isolert sett eit underforbruk, men prosjektet ligg under 25400 – teneste til heimebuande.

8217:

Hadde teneste i sumarferien, samt at bu og miljøtenesta betalte delar av skuleopphaldet til brukaren.

8240:

Bu og miljøtenesta yt helsehjelp til einskild brukar i prosjekt 8240. Her har vi 1,58 årsverk med 3 tilsette i turnus, og behovet er på kveld og helg. Her nytter ein berre sein- og helgevaktar.

Mykje langtidsfråvær i dette prosjektet i 2021 og hyppig bruk av vikarar. Prosjektet ligg under 25400 – tenester til heimebuande.

8250:

6,3 årsverk – 4 tilsette i turnus 2021.

I denne gruppa var det i 2021 koordinator som er innleidd frå privat firma.

Det er store utfordringar knytt til å rekruttere og halde på personale i dette prosjektet, og det nyttes både vikarar frå byrå og mykje overtid for å få dekt opp behovet til bruker. Det er dette prosjektet som har det aller meste av overforbruket til bu og miljøtenesta i 2021. Det vart tilsett gruppeleiar i dette prosjektet 1 nov 2021, så det vart ei lita auking av årsverk. (40% adm.tid). Både BHT, vernetenesta og tillitsvalde er sterkt involvert i dette prosjektet.

8260:

Kjøp av tenester frå Angedalen Gard med start i 2020, gjeld einskild brukar.

8270:

6,10 årsverk, med 5/4 fast tilsette i turnus samt ein del vikarar. Det har vore eit overforbruk på tenesta på kr 508 103,-. Det er vanskeleg å budsjettere heilt nøyaktig på denne tenesta då det er 1:1 bemanning og auke etter hjelpebehov. I denne tenesta jobbar dei tilsette mykje overtid, spesielt knytt til innleggningar og treningsopphald. Dei tilsette har og arbeida forholdsvis mykje helg og høgtidsdagar samanlikna med i andre grupper. Det er vakansar vi ikkje greier å dekke opp, og ein nytter derfor mykje vikarar frå byrå her.

Alle 1:1 tiltaka har ressurskrevjande brukarar, der behovet endrar seg fort, og dei tilsette må vere fleksible og kunne omstille seg fort. Bu og miljøtenesta er ei tenesta som ikkje er lett å forut sjå fram i tid.

Støttekontakt/avlastning

Denne tenesta hadde eit underforbruk i 2021. Dette er knytt til Covid-19 og tildelte vedtak der ein ikkje har lukkast å finne støttekontakt til å ta jobben. Behovet for støttekontaktar er høgt.

Gjeldande vedtak på støttekontakt: 55, på totalt 11 050 timer i året.

Gjeldande vedtak på avlastning: 5 vedtak om avlasting utanfor institusjon, på totalt 2 836 timer i året.

Omsorgsstønad

Det var i 2021 7 vedtak om omsorgsstønad, totalt 1,91 årsverk. Desse er ein del av pårørandestøtta til Askvoll kommune.

Avvik

61 pasientavvik – feilmedisinering, anna - meldt i Cos Doc. (alt relatert til 8250)

5 avvik meldt i Risk Manager, dette gjelder manglande seinvakt, samt vold og trugsmål.

Askvoll omsorgssenter 1

Brukarane:

Askvoll omsorgssenter 1 reduserte frå 16 til 15 plassar på hausten 2019 (eit pasientrom vart teke ut og nytt til Legevaktpilotprosjektet). Det er følgande fordeling på romma:

- 5 korttidsplassar til rehabilitering/avlastning og utredning (eitt av romma kan nyttast som dobbeltrom v/behov)
- 3 plassar som har bufellesskap
- 6 plassar til langtidsopphald

9 omsorgsbustader ligg og under denne eininga. Brukarane her er av ulik alder med veldig varierte hjelpebehov. 2 av leilegheitene tilhøyrer brukara som kom frå ansvar 430 i 2019, dei andre leilegheitene vert nytt som døgnbaserte korttidsplassar. Truleg vil den eine brukaren ila 2022 flytte opp i dei nye PU bustadane.

Askvoll omsorgssenter 1 har i 2021 levert totalt 57 tenester over 13780 liggedøgn. Dette krev mykje av personale i tid, kunnskap, dokumentering, og samhandling med pasient/pårørande og kollega.

Pasientane er sjukare og meir hjelpetrengande enn tidlegare og kvar einskilde pasient krev meir personellressursar. Tal stillingar har ikkje auka i takt med denne utviklinga og tidsklemma er merkbar. Ved alvorleg sjuke og terminale pasientar vert det sett inn ekstra bemanning, som ofte utløyser overtidsbruk då det mange gonger er behov for fagkompetanse og kjede folk frå avdelinga.

Askvoll omsorgssenter 1 har eit habilitering/rehabiliterings tilbod til bebuarane, men tilbodet er ikkje tilstrekkeleg. I praksis har vi fysioterapeut 2 dagar i veka som skal bemanne heile huset. Tilbodet om habilitering/rehabilitering for dei som bur her og dei som kjem på korttidsopphald er for dårlig. Ideelt sett skulle sjukeheimen hatt ein eigen fysioterapeut i full stilling. Med tanke på eldrebølga som kjem og mangel på fagutdanna personale i framtida bør vi vere gode på å rehabilitere og habiliter pasientane våre, slik at dei kan meistre mest mogeleg sjølv og behalde funksjonane sine.

I samband med at Smia/Fløyen er ei korttidsavdeling er det mykje inn og ut med pasientar der. Ein ser at spesielt på kveldstid er det utfordrande i forhold til bemanninga. Det krev mykje arbeid med pasientar inn og ut, papitarbeid med meir som skal på plass, og all trening/rehabilitering vert det alt for lite tid til. Det er sjølv sagt ei budsjettprioritering, men det hadde vert ein klar fordel å auke bemanninga med 1 på kveldstid for å rekke rundt med alle oppgåvene. Ein kunne kanskje samstundes tenkje at dersom ein auka opp med ein personal der, kunne evt den personen steppa inn for sjukepleiar som har LVS dersom vi driftar den vidare etter prøveperiode. Då treng ikkje sjukepleiar gå på toppen, men ein får løyst problemet med at dersom sjukepleiar får pasient på satellitten kan då den oppauka i stilling ha vert ein ressurs å steppa inn i avdelinga for LVS sjukepleiar.

Sjukefråvær

Organisasjonen er ei IA bedrift og føl opp sjukemelde i tråd med avtalen så langt det let seg gjere. Vi held kontakten med dei sjukemelde, lagar oppfølgingsplanar og lagar målsetjing saman med den sjukemelde. Sjukefråværet ved Askvoll omsorgssenter 1 har vore svært lågt, i underkant av 5 %. I løpet av 2021 har det vert jobba mykje med arbeidsmiljø blant dei tilsette, som dei tilsette sjølv seier er blitt betre og at det påverkar i sjukefråværet. Det har vert jamt lågt igjennom året, noko som er veldig kjekt! Personalet fortener ei stor takk for måten dei alltid møter utfordingane i drifta og løyser mange krevjande situasjonar på. Dei strekkjer seg langt for bebruarane og for avdelinga, og vi hadde ikkje hatt ei så veldriven teneste utan alle våre dyktige tilsette!

Avvik:

Det er meldt 14 pasientavvik i løpet av 2021 for Askvoll omsorgssenter 1. Dei fordeler seg på 12 fall, og 2 som går på rutinesvikt.

Askvoll omsorgssenter 2

Brukarane

Ved Askvoll omsorgssenter 2 er det 16 bufellesskapsplassar, 16 langtidsplassar i institusjon og 1 avlastningsplass i institusjon – totalt 33 plassar/rom. Bufellesskapsplassane ligg på Solstova/Rask, og institusjonsplassane på Kårstova. Kårstova har dagtilbod 5 dagar i veka for heimebuande personar med demens og tilbod om døgn og dagavlastning.

Totalt har seksjonen ytt følgjande tenester med liggedøgn:

- Kommunal bustad bufellesskap: 4029 døgn - fordelt på 15 brukarar
- Institusjon langtidsopphald: 8164 døgn - fordelt på 23 brukarar
- Korttidsopphald utredning: 0 døgn - fordelt på 0 brukarar
- Korttidsopphald rehabilitering: 42 døgn - fordelt på 5 brukarar
- Korttidsopphald anna formål: 65 døgn - fordelt på 3 brukarar
- Avlastning i institusjon: 40 døgn - fordelt på 4 brukarar
- Dagtilbod heimebuande med demens 5 dagar pr veke - fordelt på 5 brukarar

Kårstova: er ei skjerma eining for personar med demens. Pasientane her skal vere meir fysisk friske/mobile, og meistre meir av daglege gjeremål sjølv med rettleiing. Når pasientar blir fysisk därlegare og meir pleietrengande er det naturleg å flytte over til anna avdeling når dei ikkje kan gjere seg nytte av tilbodet her, og det når det er behov for fleire institusjonsplassar for personar med demens. Vi ynskjer ikkje flytte personar som nærmast seg slutten i livet.

Kårstova har stort sett hatt fullt belegg i 2021. Koronasituasjonen har medført at skilje mellom dei to gruppene, Kår 1 og Kår 2, har vore vidareført frå 2020, med lukka dør og fast inndeling av personalet mellom gruppene. På grunn av mangel på institusjonsplassar på heile sjukeheimen har det ikkje vore mogleg å flytte pasientar som ikkje lenger kan nyttegjere seg det miljøterapeutiske tilbodet, til andre grupper, for å frigjere plassar. Vi ser at det aukande behov for institusjonsplassar for personar med demens.

Avlastning: Kårstova har som mål å alltid ha ein døgnplass avsett til avlastning. På grunn av behov for faste institusjonsplassar har ikkje dette kunne gjennomførast gjennom heile året, og

avlastningsplassen har då blitt brukt til institusjonsplass. Det blir lagt til rette for fleksibel avlastning på dagtid, både kvardagar og helg for enkeltpasientar med demens som bur heime. Dagtilboden har i 2021 vore ope 5 dagar kvar veke. At dagtilboden har vore stasjonert på Kårstova ser vi er uheldig for enkeltbrukarar som vegrar seg for å ha tilhald på demensavdelinga. Ein del brukarar kjem på grunn av dette «for seint» til å ha eit godt utbytte av tilboden. Personael erfarer også at det skapar meir uro i avdelinga, når fleire ulike personar har tilhald i avdelinga.

På den andre sida vil denne lokaliseringa lette overgangen til langtidsplass på Kårstova, når både pasient og pårørande er blitt kjent på avdelinga. Fram til 1. september inngjekk bemanninga på dagtilboden i turnusen ved døgnavdelinga, deretter ein sjukepleiar i 100% stilling tilsett på dagtilboden. Frå å vere fleire ulike tilsette på dagtilboden til ein fast fagperson fekk pasientar og personael meir kontinuitet og ro.

Demensteam et starta opp 1. september, 2 spesialsjukepleiarar frå Kårstova deltek i demensteamet. Det er ikkje løyvd ressursar, men det vert gjeve rom for at dei to sjukepleiarane kan gjennomføre heimebesøk og delta i utgreiing av demens.

Bemanninga på Kårstova. Gruppa har i periodar hatt problem med relativt stort sjukfråvær og har hatt store utfordringar med å rekruttere til ledige fagstillingar, og dermed har ein høg andel ufaglærde vikarar. Det blir lagt til rette for praksiskandidatar, lærlingar, elevar, sjukepleiestudentar og språkelevar på avdelinga.

Solstova/Rask, bufellesskap: er fysisk inndelt i to grupper men med felles personale. Begge gruppene har bebuarar som er sterkt hjelpetrengande i stell og daglege gjeremål, men Solstova er også ei gruppe for pasientar med psykiske utfordringar.

I 2021 har 3 av plassane på Solstova/Rask vore nytta til pasientar med langtidsopphald (institusjonsopphald). Dette er brukarar som har hatt heildøgnsteneste over lengre tid, og nokre som har flytta frå andre grupper i seksjonen.

I periodar har enkelte plassar blitt nytta til korttidsopphald anna føremål. Korttidsplassane vert nytta av pasientar som treng heildøgns omsorg etter sjukehusopphald, eller som har ein akutt funksjonsforverring og treng høgre omsorgsnivå for ein kortare periode, eller i påvente av ein fast plass.

Solstova/Rask fekk i praksis i samband med flytting av ein pasient med 1:1 bemanning til gruppa i juni 2021. Sjølv om personael var knytt opp til ein bestemt pasient, ville dette likevel styrke personalgruppa.

Solstova/Rask har hatt eit svært stort sjukfråvær gjennom heile året. Det har vore vanskeleg å rekruttere til fagstillingar, med påfølgande uforutsebarheit og stort forbruk av ufaglærde vikarar og overtid.

Kjøkkenet ved sjukeheimen: produserer middag etter «kok-server» 7 dagar i veka. Alle stillingane var besett med fagutdanna kokkar. På grunn av langtidspermisjon og sjukefråvær har det vore personalmangel, og det er utfordrande å få faglært personell i vikariat. På kvardagar vert levering av middag gjort av frivillige, medan det i helgar er tilsett personar til utkøyring av middag til heimebuande. Kjøkkenet får god tilbakemelding på maten som blir produsert.

Aktivitetstenesta sjukeheimen: Aktivitøren har tatt opp at aktivitetane i tråd med at oppopninga av samfunnet. Det er aktivitetar på Fellesstova på kvardagar. Det vert samarbeida med frivillige om aktivitetar og med prestekontoret om andakt og songstunder.

Avvik

Seksjonen har meldt 144 pasientavvik i 2021. Fall utgjer 91 av desse, medisineringsfeil er 12, skade/ nesten skade 4, utagering 30 og rutinesvikt 7. Avvika vert anonymisert og tatt opp på gruppemøte, personalmøte og sjukepleiemøte (der det er mest naturleg) for å finne førebyggande tiltak. Alle typar pasientretta avvik er redusert frå 2020. Grunnen kan vere at det reelt sett er mindre avvik, verksame tiltak eller anna pasientsamansetting. Det kan også komme av mindre fokus på avviksmeldingar.

Til tross for gode tiltak er det likevel ein del fall. Sengesensor vert nytta hos enkelte særleg fallutsette pasientar, dette fører til at personalet raskare kan oppfatte at pasientane som er særleg utsett for fall står opp om natta. Dette kan føre til at pasienten får hjelp før eit eventuelt fall eller at eit fall blir oppdaga rakst med påfølgande rask innsettande hjelpetiltak. Utagering/ vald er i stor grad pasientavhengig. I 2021 var det enkelte pasientar med kognitiv svik som i periodar var uroleg og hadde utagerande åtferd. Det vart jobba systematisk med kartlegging og utprøving av tiltak. I slike situasjonar må også bemanninga aukast.

Medisineringsfeil vert ofte grunngitt med manglande konsentrasjon og skiftande fokus. Å få tilstrekkeleg tid i tillaging og administrering av medikament er viktig. Samt det å ha gode rutinar. Dette vert det jobba med kontinuerleg.

Personalmessige tiltak for etaten

Det vart ikkje gjennomført vernerunde i 2021, då den opphavleg skulle vert på hausten. Det vart varsla frå ass.rådmann Tova Kjæmpenes at vernerunda skulle flyttast slik at den vart gjennomført på vårparten innan 31. mai, slik at ein skulle kunne ta høgd for det som evt dukkar opp når ein skal lage budsjett.

- **Årsturnus:** Årsturnus vart vidareført til 2021. Det er positivt at tilsette med små stillingar kan auke opp i samband med feriar og ledige vakter. Bak turnusen ligg det mykje arbeid over lengre tid. Det gjeld blant anna møter med tillitsvalde og gruppeleiar, samstundes som turnus heile tida må oppdaterast ved nye medarbeidarar, endringar eller tilsette som sluttar. Årsturnus er positivt for tilsette og organisasjonen, men det krev kontinuerleg jobbing og mykje meirarbeid i periodar. Det har vore til svært god hjelp å ha turnusplanleggaren, som har teke det meste av turnusarbeidet i 2021.

- Normalt har ein hatt faste sjukepleier / vernepleiarmøte, personalmøter, gruppemøter og møte med tillitsvalde. Grunna korona har det vore mindre av desse møta og seksjonsleiarane har vore meir beviste på å sende ut fellesmeldingar med informasjon og endringar.

Planarbeid:

Helse- og omsorgsetaten har gjennom 2021 arbeidd med 3 ulike planar knytt til helse og samfunn:

- Plan for forbygging av sjølvvmord – godkjend des. 2021
 - Leve heile livet – godkjend vår 2022
 - Demensplan- vert ferdig sommar 2022
- Kommunalsjef helse og omsorg ynskjer å rette ei stor takk til prosjektleiarane for desse planane, dei har utarbeidd planane ilag med arbeidsgrupper med både interne og eksterne deltagarar. Dei har utarbeidd planane både i arbeidstida, men og ved bruk av eiga fritid.

Interne prosessar

- **Fagutvikling:**
Alle tilsette skal gjennomføre nettakurs på nhi.no , kursa vi har hatt forkus på å gjennomføre i 2021 : Nye coronavirus, hygiene, smittevern, innføring i omsorgsyrket (ferievikarar og assistenter), LAR – administrering (for fagpersonar som har utlevering av medikament)
Det er årleg kursing i smittevern ved hygienesjukepleiar Årnes for alle i etaten. . Det har vore veldig positivt mtp. Korona. Ho har og hatt digitale undervisningar til personalet med terping på prosedyrar og rutinar knytt opp til hygiene, smittevern og coronaviruset.
- Bruk av risikotavla som vart innført i 2017 fungerer svært godt, eit godt verktøy for å følgje opp pasienttryggleiken i den daglege omsorga.
- Fagutviklingssjukepleiar har jamleg undervisning på gruppene i diverse tema for å sikre fagleg utvikling, dette har i 2021 stort sett handla om Koronapandemien og korleis vi skal forhalde oss til den.
- Kreftkoordinator har deltatt på fagdagar, kurs og samlingar i nettverket for ressurssjukepleiarar saman med nokre andre ressurssjukepleiarar. I tenesta er det totalt 5 stk. ressurssjukepleiarar. Det har og vore kreftkoordinatorsamlingar med andre kommunar.
- Etaten deltek i fylkeskommunalt fagnettverk og prosjekt innanfor velferdsteknologi
- Vi er med i nettverk med dei andre kommunane innanfor samhandling/E-meldingar – Komut.
- Seksjonsleiarane har gjennom året hatt fokus på sjukemelde. NAV arbeidslivssenter Sogn og Fjordane er ein nær samarbeidspartner i sjukefråværsoppfølginga. Oppfylginga av sjukemelde har vore tid-, og ressurskrevjande. Det er søkt tilretteleggingstilskot på fleire sjukmelde, og forsøkt å legge godt til rette for snarast mogleg friskmelding.
- Kommunalsjef er med på mange ulike regionale utviklingsprosjekt og arbeidsgrupper.

- **Hygiene:** Det vart gjort hygienetilsyn og revisjon i 2021 . Det har vert gjennomført tiltak ut i frå det hygienesjukepleiar peika på, og nokre tilfeldige var trekt ut til å gjennomføre ein smitteverncase med av og påkledning for å sjå om dei tilsette hadde rutinane inne. Det gjekk veldig greitt. Hygienesjukepleiar hadde også fysiske undervisningar over ein heil dag til både reinhald/vaskeri personale samt personalet i avdelingane som dei deltok på puljevis, for å halde dei oppdatert på nye rutinar og prosedyrar. Det har og vert nokre webinar i 2021 om smittevern i institusjonar.



- **Elevar/Studentar:** Vi har i 2021 teke i mot fleire sjukepleiarstudentar samt lagt til rette for lærlingar som går helsefag som er viktig med tanke på rekruttering i framtida. Vi har hatt 4 stk. helsefaglærlingar i 2021.
- **Frivillige lag og organisasjonar, grunnskule og barnehage:** Det har vert fint å kunne starte opp att med litt hyggelege samankomstar og bruk av frivillige frå sommaren 2021 og utover siste halvdel av året.
- **Pårørande :** Pårørande er gode ressursar for mange av bebuarane, og det vert halde pårørandesamtalar med sjukepleiar og evt. Lege til stades når det er behov for det.
- Seksjonsleiarane har faste felles møter med: Personalet i heile etaten, Sjuke- og Vernepleiarane, Tillitsvalde og verneombod. Det var fint å kunne starte opp att med desse møta som før når restriksjonane letta, for å få tettare kontakt med personalet. TV møta samt sjukepleiarmøta har gått som normalt gjennom året, dei andre møta byrja som normalt når restriksjonane letta.

Samfunnstryggleik og beredskap

- Alle tilsette tek brannkurs på nett, 2 timer. Den årlege brannøvinga vart ikkje gjennomført i 2021 grunna covid 19. Men det er gjennomført brannrundar lokalt for alle nytilsette.
 - Det står permar med produktdatablad frå Eco online samla på kvar avdeling, samstundes som vi har hatt det oppe på eit personalmøte for å gjere alle kjend med dei. Permen vart oppdatert i etterkant av vernerunda i 2020, og det vart gjort ein gjennomgang/revisjon av kva kjemikaliar som er i bruk i oktober 2021.



shutterstock.com • 1059521135

Miljø- og klimatiltak

- Nye leasingbilar i 2020 grunna mykje utsetjingar knytt til anbod. Blant dei ny bilane er det 2 stk. el-bilar, det vert spennande å prøve desse ut i praktisk arbeid.

- Vi har kontinuerleg fokus på og arbeider med å betre miljø- og energitilhøva i tilknyting til aktivitetane våre. Vi prøver å avgrense køyring mest mogeleg for å halde låge Co2 utslepp.
- Det vert gjennomført stadig fleire møter ved hjelp av videokonferanse og telefon, dette reduserer behovet for å reise monaleg. Dette har vi merka spesielt godt i 2021.
- Det står permar med produktdatablad frå ECO online samla på kvar avdeling, samstundes som vi har hatt det oppe på eit personalmøte for å gjere alle kjend med dei. Permane vart oppdatert i etterkant av vernerunda i 2020, og det vart gjort ei revidering av kva kjemikaliar som er i bruk i oktober 2021.

Økonomi

Ansvar 400 : Administrasjon - Kommunalsjef

Større refusjonar enn budsjetter, ilag med auka brukarbetaling gjorde til at ansvar 400 kom ut med eit mindreforbruk på kr 5 912 000,- for 2021.

Ansvar 410 : Helse

Meirforbruk på ca. kr 37 000,- kjem i hovudsak frå ekstra løyving på kr 600 000,- etter 2. tertial. Det har vore mykje ekstrautgifter knytt til Korona, ca. kr 1,2 mill.,-, i tillegg reduserte inntekter knytt til same årsak. Betalt inn ekstra midlar til Syslkl knytt til tidlegare års meirforbruk.

Ansvar 420 : Heimenesta

Det har vore eit mindreforbruk i heimenesta i 2021 på ca. kr 307 000,-. Ein har fått inn meir i sjukelønsrefusjonar enn det som var budsjettet. Ganske stort meirforbruk knytt til lærlingar. Eininga fekk tilført kr 400 000,- etter 2. tertial.

Ansvar 430 : Bu- og miljøtenesta

Bu og miljøtenesta har eit totalt meirforbruk på ca. kr 3 376 000,-. Meirforbruk ved Bu- og miljøtenesta er i all hovudsak knytt til store kostnadene ved BPA-prosjekt, og andre ressurskrevjande brukarar, der ein kjøper tenester av private aktørar. Dette har auka meirforbruket monaleg. Aktivitetssenteret har eit bra mindreforbruk grunna redusert aktivitet, med færre brukarar.

Ansvar 440 : Askvoll omsorgssenter 1

Ansvar 440 har eit samla mindreforbruk på ca. kr 206 000,- i 2021. Sjukefråværet har lagt stabilt på omlag 4% heile året på den avdelinga, noko som har gjeve reduserte kostnadene. Midlane vi får i samband med Legepilotprosjektet har dekka mykje av kostnadane knytt til legevaktsatelitten.

Ansvar 450 : Askvoll omsorgssenter 2

Meirforbruk på kr 387 000,-. Bakgrunn for dette ligg i svært stort sjukefråvær, der ein har nytta mykje vikarar, både frå eigne rekker og frå vikarbyrå. Dette har og ført til mykje bruk av overtid. Det har ved Solstova/Rask vore nytta ekstra personell grunna låg grunnbemanning og

korona. Seksjonen fekk tilført kr. 1,5 mill. etter 1. og 2. tertial for å kompensere for relativt stort meirforbruk knytt til stort sjukefråvær. Med påfølgjande stor bruk av overtid og ekstravakter knytt til korona.

Oppsummering:

Mindreforbruk på kr 2 337 000,- for helse- og omsorgsetaten i 2021.

Mindreforbruket innan etaten skuldast i hovudsak 2 årsaker; det er betydeleg auka refusjonar knytt til ressurskrevjande brukarar og auka brukarbetaling frå langtidspasientar.

Etaten har drive nøkternt, og redusert innleige av vikar ved sjukdom, permisjonar og anna fråvær, når dette har vore mogeleg.

Seksjon Helse har ilag med resten av etaten hatt eit ekstremt krevjande år grunna Korona-pandemien. Det har vore mykje bruk av vikarar og overtid grunna stort sjukefråvær og vakanse. Vi har greidd å handtere varierande behov innan Heimetenesta, der ein har hatt mykje oppfylging knytt til kreft- og lindrande behandling. Dei tilsette på «golvet» og leiarane har alle gjort ein stor innsats for å oppnå både gode tenester og eit godt rekneskapsmessig resultat.

Innan Bu- og

miljøtenesta har det vore brukt mykje pengar og ressursar for å drifte enkeltprosjekt på ein forsvarleg måte. Det har vore store ekstrautgifter knytt til ressurskrevjande brukarar.

Ved Askvoll omsorgssenter 1, gruppe Smia/Fløyen/Omsorg 2 har det vore stabil drift, med fullt belegg heile året. Seksjonen har dei fleste korttidspasientane, noko som gjer til at det er stor endring i pasientmassen. Seksjonen har hatt svært lite sjukefråvær.

Askvoll omsorgssenter 2 har hatt eit svært krevjande år med stort sjukefråvær, og manglande tilgang på personell. Det har i tillegg vore stort press på tenestene, spesielt ved demensgruppa. Kjøkkenet har hatt heile året med 7-dagars drift, der all mat vert laga og servert fersk. Dette har vore svært gledeleg for pasientane og dei tilsette.

Helse- og omsorgsetaten fekk etter 1. og 2. tertial 2021 tilført kr 3 mill.,-, noko som var knytt til korona-pandemien, reduserte inntekter og vikarlege ved legesenteret og store kostnadar knytt til sjukefråvær innan etaten.

Helse-

og omsorgsetaten har i 2021 hatt utgifter knytt til Korona på kr 2 439 000,-.

Utfordringar framover:

- Den viktigaste utfordringa i året som kjem er å ha nok fagpersonar til å møte behovet til innbyggjarane i framtida. Ein må fortsette å ha fokus på å rekruttere sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i tida framover, men og etterkvar sjå på ressursane i heimetenesta. Skal ein kunne vere rusta til å takle oppgåvene ein blir pålagt frå spesialisthelsetenesta, krev det ein del av personalet og det krev nok folk til å kunne utføre alle dei oppgåvene ein blir pålagt i framtida. Også heimebuande demente tek mykje tid og ressursar for heimetenesta.
- Sjukeheimen har for låg grunnbemanning, noko som er slått fast i fleire rapportar, dette må ta inn over seg. Pasientane er sjukare og meir hjelpetrengande enn tidlegare og kvar einskilde pasient krev meir personellressursar. Tal stillingar har ikkje auka i takt med denne utviklinga og tidsklemma er merkbar. Ved alvorleg sjuke og terminale pasientar vert det sett inn ekstra bemanning, som ofte utløyer overtidsbruk då det

mange gonger er behov for fagkompetanse og kjede folk frå avdelinga. Det har vert utstrekkt lån av personell til andre avdelingar, og ikkje teke inn vikar ved vakansar.

- Høgt sjukefråvær er ei stor utfordring, den heng mellom anna saman med låg bemanning ved enkelte grupper, rekrutteringsproblem og relativt høg alder på arbeidstokken.
- Treng utarbeide ny plan for habilitering/rehabilitering, vi har ikkje oppdatert plan som styringsverktøy. Det må arbeidast meir systematisk med den praktiske utøvinga av dette temaet. Det er behov for fleire timer med fysioterapeut ved Askvollheimen. Tilbodet om habilitering/rehabilitering for bebuarane og dei som kjem på korttidsopphald, er ikkje så godt som det burde vere. Med tanke på eldrebølgja som kjem og mangel på fagutdanna personale i framtida bør vi vere gode på å rehabilitera og habilitera pasientane våre, slik at dei kan meistre mest mogeleg sjølv og behalde funksjonar og livskvalitet.
- Behov for å auke opp stilling som fagutviklingssjukepleiar frå 60% til 80 el. 100%. Fagutviklingssjukepleiar har gjort ein uvurderleg jobb i Korona-pandemien, og ein ser tydeleg at 60% stilling vert for lite.
- Den største utfordringa i Bu og miljøtenesta er utfordringa med å rekruttere og behalde personell i 1:1 tiltak. Det stillast og store krav til fleksibilitet og stabilitet når ein arbeider med enkelt brukarar. Dei tilsette må fort arbeide på ein anna arena enn det som er avtalt då behovet til desse brukarane kan endre seg fort. Det får lett utslag på overtidskostnaden då det er sårbare grupper med få tilsette å sette inn. Det gjer også til at arbeidskvardagen til dei tilsette kan bli uføreseieleg – og dei må vere villige til å omstille seg raskt. Fleire av 1:1 tiltaka er og fysisk krevjande, sjølv med gode hjelpemiddel.
- Behov for vidare rehabilitering av Askvollheimen: Taket lek og det er rotne vindauge og dører, med lekkasjar, og det er behov for solskjerming av heile sjukeheimen
- Uteområdet framfor Fellesstova har behov for ferdigstilling/utbetring
- Utviding av produksjonskjøkken ved Askvollheimen; kjøkkenet er delvis 42 år gammalt, med stort behov for utviding og fornying. Detta er no ekstra aktuelt sidan ein frå oktober 2020 starta med produksjon 7 dagar per veke. Arbeidsstokken vart utvida og det vart manglande plass for utstyr, lager og garderobar.
- Utvikle samarbeidet med frivillige organisasjonar.
- Setje i gang arbeide med ein helse- og omsorgsplan. Til det trengst det midlar til å tilsetje ein prosjektleiar mellombels, som kan leie prosjektet og skrive planen.

KOSTRA-tal

	Askvoll		Kommunegr. 4		Vestland		Landet elles	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Legetimar pr.veke pr. bebuar i sjukeheim	0,38	0,38	0,46	0,49	0,72	0,65	0,60	0,62
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	78,3	78,6	77,6	78,4	77,2	77,5	78,0	78,3
Utgifter per bebuardøgn i institusjon Enhet : kr.	3488	3 507	3996	4 361	3816	4 202	4029	4 449
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)	10,2	10,8	11,9	11,6	12,2	12,1	11,2	10,9
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass,		1 314 897		1 339 443		1 352 399		1 424 285
Utgiftsbehov - Pleie og omsorg		1,525		1,327		1,033		1,030
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	96,3	96,3	86,8	99,2	95,2	98,6	91,6	98,7

Forklaring til tabellen :

- Askvoll kommune ligg ein del under samanliknbare kommunar på legetimar per veke per bebuar i sjukeheim.
- Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning ligg vi på snittet til landet og kommunegruppe
- Utgifter per bebuardøgn ligg under både samanliknbare kommunar, fylket og landet
- Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem er lågare enn alle som vi kan samanlikne oss med
- Korr. brutto dr.utgifter, institusjon, pr. komm. plass : Askvoll driv billegare enn både samanliknbare kommunar, fylket og landet
- Utgiftsbehov - Pleie og omsorg er ca., 20% høgre enn kommunegruppe og nesten 50% høgre enn fylke og landet elles
- Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent), er litt lågare hjå oss enn dei vi samanliknar oss med

Kommunebarometeret 2021, utdrag frå tekst:**Pleie og omsorg**

- Askvoll kom på 211. plass innenfor denne sektoren i Kommunebarometeret for 2021
- Sektoren utgjør 20% av den totale vekten i barometeret
- Vi har 19 nøkkeltall for sektoren

Sektoren har en vekt på 20 prosent i Kommunebarometeret. De viktigste nøkkeltallene er andel ansatte med fagutdanning, andelen av beboere med omfattende bistandsbehov og andel plasser i sykehjem i skjermet enhet. Disse tre nøkkeltallene har en vekt på 10 prosent hver i

barometeret. Koronapandemien har i 2020 påvirket ressursbruk og tjenestetilbud i omsorgstjenestene i større eller mindre grad. Hvor mye varierer mellom kommunene, blant annet med smittetrykket lokalt.

I 2020 fikk kommunene en lovpålagt plikt til å ha et dagaktivitetstilbud for hjemmeboende med demens. I Askvoll har 0 prosent av hjemmeboende med demens vedtak om dagtilbud. Forutsatt at kommunen har gode tilbud på lavere trinn i omsorgstrappa, bør de fleste som bor på sykehjem ha omfattende bistandsbehov. I Askvoll har 70 prosent av beboerne på sykehjem et omfattende pleiebehov. I Askvoll har 78,3 prosent av de ansatte fagutdanning. I de beste kommunene er andelen 97,5 prosent.

Det er anslått nasjonalt at fire av fem over 80 år på sykehjem har en grad av demens. I Askvoll tilsvarer antall plasser i skjermet enhet for demente 68 prosent av antall innbyggere over 80 år som faktisk bor på sykehjem. I forhold til andre kommuner kommer Askvoll greit ut på dette nøkkeltallet. God tilgang på korttidsplasser på sykehjem er positivt, blant annet for å gi avlastning til pårørende til hjemmeboende brukere.

I Askvoll er andelen 15,68. Tiden med lege og fysioterapeut per sykehjemsbeboer økte i koronaåret 2020. I Askvoll fikk beboerne i snitt 22,8 minutter med lege i uka i fjor. Snittet per beboer på sykehjem i Askvoll er nå på 28,8 minutter i uka med fysioterapeut. De aller beste kommunene ligger oppunder 324 minutter med fysioterapeut ukentlig.

I Askvoll er 96,3 prosent av sykehjemsplassene regnet som moderne enerom. Det gir kommunen en grei skår på dette nøkkeltallet i forhold til andre kommuner. Her er det for øvrig viktig å merke seg at kjøp av plasser i andre kommuner kan utgjøre en vesentlig feilkilde hos de kommunene der dette gjelder. Målt mot hvor mange over 80 år som bor hjemme, er andelen registrerte trygghetsalarmer i kommunen 35,68. De ti siste årene har det blitt langt flere geriatriske sykepleiere i kommunene.

I Askvoll er det 17,65 årsverk med geriatrisk sykepleier per 1 000 innbyggere over 80 år. Kommunen ligger med dette godt an på dette nøkkeltallet. Ifølge tall fra Helsedirektoratet opplevde 88,57 prosent av de funksjonshemmede i Askvoll at de fikk den hjelpen de trengte for å kunne delta i arbeid og studier i 2020. De beste kommunene ligger oppunder 100 prosent. 38,71 prosent synes de får dekket behovet for bistand til å delta i fritidsaktiviteter i Askvoll. Sammenlignet med de andre kommunene, er dette høyt tall, men fortsatt langt unna 100 prosent. De beste ligger på 100 prosent. Askvoll kom på 211. plass innen denne sektoren.

Retting av feil i rapport: Askvoll kommune starta med dagtilbod for heimebuande demente i 2016, alle pasientane får vedtak om dette. Tilboden har ope 5 dagar per veke.

Helse



Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Helse	Legeteneste Legevakt Miljøretta helsevern Skule- og helsestasjon Jordmorteneste Fysioterapi Psykiatrisk sjukepleieteneste Psykolog Frivillige tenester Reinhold	Seksjonsleiar: Olaug Søreide Fagansvarleg: Stein Helle	15,33	17	

Økonomi

Eining	Budsjett 2021 (1000 kr)	Rekneskap 2021	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Seksjon helse	18 732 860	18 769 961	37 101	
Samla				

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Fysioterapi <u>Tenesta utfører:</u> Rehabilitering av pasientar som er på korttidsopphald på sjukeheim Oppfølging/vurdering av heimesituasjonen for heimebuande Oppfølging/førebyggande arbeid for små	Ein av fysioterapeutane fekk permisjon eit år frå august. Det vart tilsett vikar i stillinga. Ein fysioterapeut har fullført vidareutdanning i kvardagsrehabilitering og ernæring og fysisk aktivitet.

<p>barn i barnehage og skule Hjelpemiddel: søknader, formidling, utprøving Bustadsaker Gruppetrening, m.a. seniortrim og lågterskel turgruppe Kurativ behandling Ansvarsgrupper og IP (individuell plan)</p>	<p>Då ergoterapeut gjekk ut i permisjon vart dei fleste oppgåver med hjelpemiddel overført til fysioterapi. Gjennomført skulebesøk med motorisk vurdering av 1. Klassingar på Askvoll og Gjelsvik skule.</p>
<p>Legekontor <u>Tenesta utfører:</u> Allmennlegeoppgåver Smittevern Førebyggande helsearbeid Reisevaksinering Coronavaksinering</p>	<p>Det har vore eit mål å kunne oppretthalde vanleg drift ved legekontoret til tross for meirarbeid i forhold til koronapandemien. Legekontoret har hatt ansvar for all testing og vaksinering. Til vaksineringsarbeidet har vi leigd inn 5 pensjonerte sjukepleiarar. Vi fekk også tilsette ein sjukepleiar i 100 % stilling for å avhjelpe med ekstraarbeidet. Denne stillinga gjekk i hovudsak til å dekke sjukefråvær ved kontoret. Pandemien har ført til mykje ekstraarbeid for smittevernlegen. Ein av fastlegane sluttar i stillinga si 01.03. Vi har hatt legevikar frå vikarbyrå i periodar resten av året. Det har ført til eit dårlagare tilbod til pasientane som brått stod uten fastlege.</p>
<p>Nærmiljøsentralen <u>Tenesta utfører:</u> Administrerer matkøyring Sekretariat, råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Er kontaktperson for serviceskyss i samarbeid med drosjene og lag/organisasjonar. Administrator av Den kulturelle spaserstokken. Koordinerer og administrerer volontørtenesta. Deltar i BUA prosjektet. Samarbeid med lag og organisasjonar og deltar på møter etter invitasjon.</p>	<p>Dei fleste sosiale møtestadane har vore stengt i pandemiåret. Det har difor vore få arrangement, og redusert aktivitet. Samarbeid med m.a. Røde Kors, flyktningkonsulent, folkehelsekoordinator og folkeakademiet. I mangel på frivillige til matkøyring har leiari for sentralen køyrt sjølv 3-4 dagar i veka. Samarbeid med polsk sendarorganisasjon om volontørar.</p>
<p>Helsestasjon (omfattar helsesøster og jordmor) Svangerskapsomsorg</p>	<p>Sommaren 2021 gjekk leiande helsesjukepleiar av med pensjon og det vart tilsett ein ny helsesjukepleiar som</p>

Helsestasjon for barn 0-5 år Skulehelseteneste Helsestasjon for ungdom Smittevern Oppfølging av flyktningar	kunne starte med ein gong. Pga fråvær i stillingar totalt (0.6 stilling) i andre halvdel av året har tenesta måtte redusere tilbodet i skulehelsetenesta, noko som har ført til at skulande ikkje har oppnådd anbefalt normering når det gjeld treffetid på skulane. Tenesta fekk innført SMS varsling som har vore tidssparande. Webinar har gjort det enklare å halde seg fagleg oppdatert. Samarbeidsmøte med tannhelsetenesta. Opplæringsprogrammet «Tidlig inn» skulle starte opp dette året, men pga coronarestriksjoner måtte dette flyttast til 2022.
Psykiatrisk sjukepleieteneste Lågterskeltilbod til personar frå 18 år og oppover. Oppfølging av pårørande.	Koronapandemi prega også dette året. Etter lang tid med mykje telefon/skjermkontakt vart det etter kvart mogeleg med meir direkte kontakt. Det har vore ekstra krevjande å følge opp tunge brukargrupper med omfattande behov. Mykje oppfølging i forbindelse med kriser, både eldre og nye. Auka henvendingar i samband med auka belastning i koronatida; utbrenhet og høg arbeidsbelastning Det har vore lite mogelegheit for kompetanseheving
Psykolog Klinisk arbeid med barn og unge mellom 0-20 år og deira foreldre Rettleiing til helsestasjon og jordmor Samarbeid med BUP, PPT og skular Delta i tverrfagleg team Planarbeid	Psykologen slutta i stillinga 01.08. etter eit år. Stillinga var delt med Fjaler kommune, 50/50 %. Det var lite konkret stillingsomtale så psykologen var med å utforme stillinga sjølv.
Reinhalld	Det er tilsett to reinhalldarar i fast stilling på helsehuset.
Seksjon helse samla	Det har vore eit utfordrande år for alle deltenestene. Det har vore eit mål hos alle å oppretthalde gode tenester til tross for pandemien.

Brukarane:

Det er eit generelt auka bruk av alle tenestene.

Personalmessige tiltak

Seksjon helse har felles møte ein gong i månaden. I pandemiåret 2021 har det blitt heller få møter då vi ikkje skulle samlast så mange, og på møta vi har hatt har det møtt berre ein tilsett frå kvar delteneste. Vi har tatt opp emne og informasjon som har felles interesse. Det er merkbart at vi har hatt mindre fellesskap dette året. Kvar torsdag pleier vi å bestille lunsj. Dette har vi halde fram med gjennom året, men vi har passa på at vi ikkje har møtt for mange til same tid. I juni hadde vi ein sommarfest på Kleppenes bruk og i desember hadde vi den tradisjonelle juleavslutninga i lokale på fellesfjøsen i Rivedal. Det har vore eit utfordrande år for alle deltenestene. Å oppretthalde vanlig drift/tilbod med skjerpa smittevernreglar har kravd mykje av kvar enkelt.

Økonomi

Rekneskapen viser meirforbruk på kr 37 101,-.

Meirforbruket kjem i hovudsak frå at det har vore mykje ekstrautgifter knytt til Korona, ca. kr 1,2 mill.,- i tillegg reduserte inntekter knytt til same årsak. Betalt inn ekstra midlar til Syslkl knytt til tidlegare års meirforbruk.

Det har vore lite bruk av budsjettmidlar til mellom anna opplæring/kurs og reiser.

Seksjon Helse fekk ekstra løyving på kr 600 000,- etter 2. tertial.

Utfordringar framover**Fysioterapi:**

Det er stadig ei auke i tal pasientar. Dette i lag med meirarbeid i forhold til tilpassing og formidling av hjelpe midlar er utfordrande.

Nærmiljøsentralen:

Vi ser at pandemien har ført til endring for innbyggjarane. Det vil vere ei utfordring å få frivillige til å delta på arrangement og frivillig arbeid igjen.

Psykiatrisk sjukepleieteneste:

Tenesta skal flytte i nye lokale i løpet av tidlig sommar. Det er alltid ei spenning med slike endringar, m.a. har tenesta vore i same lokale som legeteneste og helsestasjon til no.

Vi reknar med at det vil komme etterverknader etter koronasituasjonen, mellom anna depresjonar, isolering etc.

Det starta ein ruskonsulent i januar i år. I tillegg til planarbeid har ho har overtatt oppgåvene i forhold til rus som har vore lagt til NAV. Då dette er ei ny stilling i kommunen har ho arbeid med å skrive rutineomtalar etc. for kvalitetshandboka.

Psykolog:

Det har ikkje lykkast å rekruttere ny psykolog endå. Planen er at Askvoll og Fjaler framleis skal samarbeide om stillinga.

Målgruppa til tenesta er unge med milde til moderate plager, men erfaringa etter eit år med

psykolog var at mange hadde moderate til alvorlege problem og førte til vidare henvisning til barne- og ungdomspsykiatri. Det er viktig å avdekke vanskar på eit tidleg stadium, slik at målgruppa kan få hjelp før vanskane utviklar seg.

Det bør avklarast betre kva oppgåver tenesta skal ha og få eit tydelig og fungerande teneste.

Legeteneste:

Stillinga som fastlege har vore lyst ut uten at vi har hatt søkerar til stillinga. Det er ei stor utfordring for både kontoret/tenesta og pasientane at vi manglar ein fastlege. Vi vil i 2022 få ein legevikar over lengre tid (1/2 år). Han er kjend med både legekontoret og kommunen.

Legekontoret må endre dataprogram/fagsystem i løpet av våren/tidlig sommar. Ein av legane og seksjonsleiar har deltatt i SYS-IKT sitt arbeid med å velge nytt program. Å få nytt dataprogram er svært krevjande for alle.

Arbeidet i samband med korona har roa seg. Vi har framleis litt vaksinering, men det er så lite at vi tar det inn i daglig drift på legekontoret. Dette vil nok halde fram.

Vi reknar med at det vil bli større påtrykk angåande testing til sommaren når fleire vil ut å reise.

Akuttrommet ved kontoret er i hovudsak nytta til smitterom. Vi ser at bruken av dette medfører ekstra press på undersøkingsrom – det kan bli lang ventetid for både pasientar og tilsette til dette rommet, spesielt når alle legane er i arbeid.

Det er venta at kommunen skal ta imot inntil 65 flyktningar. Helseundersøking av flyktningar krev både folk og tid, alle flyktningar skal ha ein omfattande legeundersøking innan 3 mnd.

Det er viktig å sette av tid til kvalitetsarbeid og øvingar (BEST-øving) for å sikre god teneste.

Det må vere eit mål at vi får starta med i løpet av året.

Helsestasjon (omfattar helsesjukepleiar, lege og jordmor):

Det er mindre tid til førebyggande arbeid grunna krevjande saker. I skulehelsetenesta er det også lite tid til førebyggande arbeid då tenesta får saker der barne og ungdomspsykiatrien (BUP) og barnevern er eller har vore involvert.

Det er få tilsette som gjev stor arbeidsbelastning og ein vert sårbare ved sjukdom og langvarig fråvær.

Nødvendig kompetanseheving i skulehelsetenesta kan bli problematisk med omsyn til manglande ressursar/reduserte stillingar.

Læring og meistring:

Det er plan om å få gjennomført eit diabeteskurs i juni i år. Diabetessjukepleiar ved legekontoret har hovudansvaret for dette.



Utdrag frå Kommunal Rapport

- Askvoll kom på 8. plass innenfor denne sektoren i Kommunebarometeret for 2021
 - Sektoren utgjør 7,5% av den totale vekten i barometeret
 - Vi har 14 nøkkeltall for sektoren De tyngste nøkkeltallene er legedekning, dekning av helsepsykepleier, skolehelse, hjemmebesøk og vaksinasjonsgrad. Alle disse nøkkeltallene har hver seg en vekt på 10 prosent av sektoren. Datakildene våre i denne sektoren er SSB, Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet.
- Håndteringen av koronapandemien har tatt det meste av oppmerksomheten i helsetjenestene i 2020. Mange kommuner har brukt store ressurser på den såkalte TISK-strategien (Testing, Isolasjon, Smittesporing og Karantene), informasjon til innbyggerne og ansatte, håndheving av skiftende smittevernregler og andre oppgaver knyttet til pandemien. Dette har blant annet skjedd ved å omdisponere helsepsykepleiere, jordmødre og annet helsepersonell i helsetjenesten. Tre av fire kommuner valgte å omdisponere personell fra helsestasjons- og skolehelsetjenesten til koronarettet arbeid i starten av pandemien. Flest ble omdisponert i Oslo og kommuner i Viken, ifølge Statistisk sentralbyrå. Pandemien har i større eller mindre grad påvirket tilbudet og etterspørselen etter ulike helsetjenester. Flere konsultasjoner, blant annet hos fastlegene, har skjedd digitalt. Nøkkeltallene i Kommunebarometeret fanger opp noen av endringene som har skjedd i de kommunale helsetjenestene under pandemien. Askvoll brukte 183,13 kroner per innbygger over 4 år til forebyggende helsearbeid i 2020. Det store bildet er at det blir stadig flere helsepsykepleiere og jordmødre i Kommune-Norge. Tallene våre tar forbehold om at det er riktig stillingskode som er ført i den såkalte Ameldingen, slik at årsverkene registreres riktig. Antall jordmødre i Askvoll kommune tilsvarer et omregnet tall på 500 per 10 000 fødte. Nøkkeltallet ligger over gjennomsnittet av kommunene. Diagrammet viser utviklingen i hvordan antallet levendefødte barn fordeler seg på kommunens jordmorårsverk. Antallet barn inkluderer alle barn født i løpet av året hvis mor er bosatt i Askvoll — uavhengig av om hun har benyttet seg av kommunens jordmortjeneste eller ikke.

Siden 2015 har antallet avtalte årsverk med helsepsykepleiere økt med 24 prosent til vel 3 000. Målt mot antall små barn, er veksten enda sterkere. Dekningen av helsepsykepleiere målt mot antall småbarn i Askvoll kommune er 146,89 årsverk per 10 000 innbyggere i alderen 0-5 år. I Askvoll fikk 100 prosent av barna helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn, mot 75,68 prosentåret før.

Vaksinasjonsgraden for 2- og 9-åringene har stor betydning for kommunens rangering innenfor helsesektoren. I Kommune-Norge varierte vaksinasjonsgraden mellom 61,9 prosent og 99,1 prosent for 2-åringene, og mellom 81,5 prosent og 99,3 prosent for 9-åringene i 2020. Blant 2-åringene i Askvoll fulgte 98 prosent av dem vaksinasjonsprogrammet. Tilsvarende tall for kommunens 9-åringer var 96,6 prosent i 2020. I Askvoll er det ledig plass på 25 prosent av fastlegelistene. Kommunen ligger ikke så godt an på dette nøkkeltallet i forhold til andre

kommuner. Målt mot folketallet er det 57,79 psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere i Askvoll kommune.

Totalt sett for helsesektoren kom Askvoll kommune på 8. plass i årets (2020) Kommunebarometer.

KOSTRA-tal

	Askvoll		Kommunegr. 4		Vestland		Landet elles	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Legeårsværk per 10 000 innb.	13,4	13,2	12,5	9,7	12,9	9,8	11,8	9,5
Andel hjemmebesøk av helsesykepleier til nyfødte (prosent)	100	96,7	86,8	86,1	82,3	91,2	77,0	83,2
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4- års alder Enhet : %	103,3	96,3	96,3	95,5	92,9	93,2	90,0	93,5
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjene sten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	6,4	7,0	5,6	6,3	5,4	6,7	5,5	6,6
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggere.	13,4	10,5	11,4	8,7	9,5	7,6	9,6	7,7

Forklaring til tabellen :

- Vi har relativt god legedekning i Askvoll, vi ligg over samanliknbare kommunar
- Vi har god oppfølging av jordmor til dei nyfødte, andel heimebesøk er betre enn samanliknbare kommunar
- Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4- års alder; betre resultat enn samanliknbare kommunar
- Utgiftene til kommunehelsenesta ligg litt over dei vi kan samanlikne oss med
- Kostratala viser også at Askvoll kommune har god dekning av fysioterapeutar.

HAFS Barnevernteneste

Økonomi

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-384 082	-195 000	-126 245
Utgifter	4 741 011	6 211 651	6 305 793
Samla	4 356 929	6 001 651	6 153 254

Kommentar:

- Teneste 24410 hadde eit mindreforbruk med kr. 828 143. Dette skuldast at barneverntenesta ikkje har vore fullt bemanna, samt hatt ein del sjukefråvær. Dette har ført til innsparingar på drift.
- Teneste 25100 syner eit meirforbruk på kr. 80 625. Dette gjeld ikkje-budsjettert lovpålagde tiltak som kom til.
- Teneste 25200 har eit mindreforbruk på kr 912 203. Dette kjem av to ting; eine er at tiltak kjøpt frå staten har vorte delvis fakturert i 2022. Det andre er at eit budsjettert tiltak har vorte avslutta tidlegare enn planlagt..

Totalt kjem barneverntenesta ut med eit mindreforbruk på kr. 1 659 722.

Nav Askvoll

2021 har vore eit godt arbeidsår for NAV. Dei tilsette har vore engasjerte og aktive, og har stor innsats i arbeidet. Det har vore lite sjukefråvær ved kontoret. I periodar har coronapandemien påverka arbeidet vårt. Men etter kvart har vi fått god rutine på smittevern og bruk av heimekontor. Vi har helde ope publikumsmottaket som normalt, og hatt dei fysiske møta som har vore nødvendige. Det er framleis mykje bruk av digitale møte både for kurs og anna opplæring og andre møte. Det fungerer godt og er ei møteform som vil verte nytta framover uansett fordi det er svært ressursbesparande.

Utviklingsprosjektet i regionen har kome godt i gang, og det vert spennande å sjå kva som kjem ut av det. Gjennom utviklingsprosjektet er det etablert eit tett samarbeid mellom rådmennene (kommunedirektørane) i regionen, fylkesdirektør og regionleiar. Det har igjen medført ei positiv utvikling av partnarskapet mellom stat og kommune. Fylkesleddet i NAV Vestland er tydeleg på at kommunane har ei viktig rolle i framtidig utviklinga av NAV. Organiseringa av navkontora i regionar ser ut til å fungere godt. Det er tett samarbeid mellom leiarane i regionen, noko som er ein styrke for kvar enkelt leiar.

Samhandlinga mellom tilsette i regionen har utvikla seg positivt. Det er etablert faglege nettverk på tvers av kontora på dei fleste fagområde, noko som bidreg til auka kvalitet og likare teneste til brukarane. Dei tilsette er tydeleg på at dei ynskjer tettare samarbeid mellom kontora og fleire kollegaer å samhandle med.

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i % *)
Nav	Åse Rivedal Solheim	6,3	8	

*) For låge tal til at dei kan visast.

Økonomi

Eining	Budsjett 2020 (1000 kr)	Rekneskap 2020 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Inntekter	6 012 000	5 579 000	+ 433 000	
Utgifter				
Samla				

Viktige hendingar

Brukarane

Økonomisk sosialhjelp

I 2021 var det 63 brukarar som mottok økonomisk sosialhjelp mot 76 i 2020. Utbetalingerne har gått ned med nær kr 900 000 samla for flyktningar og andre samanlikna med 2020. 2020 hadde vi ingen brukarar mellom 18 -24 år brukarar om fekk sosialhjelp medan talet for 2021 er

8. Dei fleste sakene var av kort varigheit og vart avslutta før årsskiftet. Tal brukarar som får stønad i 6 månader eller meir er redusert frå 26 i 2020 til 16 i 2021. Viser her til statestikk nedst i dokumentet.

Brukarane som treng økonomisk stønad har ofte samansette problem. Det kan vere gjeld eller helseutfordringar. Vi har mellom 10 – 15 løpende gjeldssaker. Gjeldssaker pågår over fleire år og krev tett oppfølging. I løpet av 2021 har tal saker med frivillig forvaltning auka. Frivillig forvaltning er eit godt verkemiddel for å hjelpe brukarane til å nedbetale gjeld og elles disponere inntektene sine. Vi har hatt eit godt samarbeid med Namsmannen i desse sakene. Arbeid med gjeldssaker tek mykje ressursar. Nammannordninga er no omorganisert til ei felles eining i Vestland. Det betyr ei vesentleg forlenging av sakshandsamingstid hjå namsmannen.

Husbankordningane

I 2021 tok vi opp kr 5 000 000 i startlånmidlar i Husbanken til vidare utlån. Alle midlane vart nytta og fordele mellom huskjøp, refinansiering og utbetring. I tillegg har vi tildelt kr 90 000 i tilskot til utbetring og tilpassing.

Flyktningar

Vi har hatt få flyktningar som er registrert som arbeidssøkarar fordi dei fleste er i skule, arbeid eller andre tiltak.

Ungdom:

I NAV kjem alle under 30 år under omgrepet «ungdom.» Dei fleste unge som vart permitterte i 2020 i samband med korona er no tilbake i arbeid og utdanning. Tal unge med nedsett arbeidsevne har gått ned siste åra. Det er få saker, men sakene er samansette og handlar om både helse, økonomi og sosiale utfordringar. Desse ungdommene treng tett oppfølging over fleire år, både frå NAV og andre i hjelpeapparatet. Vi har i løpet av 2021 ikkje hatt saker der ungdom har droppa ut av vidaregåande skule.

Arbeidssøkarar - ordinære:

Tal arbeidssøkarar over 30 år auka mykje i 2020 grunna permitteringar og oppseiingar som følgje av coronapandemien. I løpet av 2021 er vi tilbake på vanleg nivå med tal ledige. Sesongarbeid knytt til bedrifter som nyttar utanlandsk arbeidskraft gjer at tal ledige aukar i periodar. Men arbeidsløysa i Askvoll og omliggande kommunar er ved utgangen av 2021 forholdsvis låg. Den største utfordringa no er å skaffe arbeidskraft til næringslivet.

Arbeidssøkarar med nedsett arbeidsevne: Del arbeidssøkjrarar med nedsett arbeidsevne (mottakarar av arbeidsavklaringspengar) har halde seg stabilt på 50 – 60 saker dei siste to åra, men ved årsskifte til 2021 var vi nede i under 50. Det ser ut som tal saker er kome ned på eit nivå som held seg over tid. Det er vi svært nøgde med, og vi forventar å halde oss på dette nivået framover. Dette handlar om tidleg innsats i sakene og godt samarbeid med arbeidsgjevar og lege.

Rusavhengige:

Om lag 10 – 12 brukarar. Ettervern er med i talet.

Dei fleste er i arbeid, arbeidsretta tiltak eller varig tilrettelagt arbeid.

Vi samarbeider med fastleggar, heimetenesta, spesialisthelsetenesta, Kif, institusjonar, arbeidsgivarar og tiltaksarrangørar. Oppfølging av pårørande.

Frå 2022 er rusomsorga overført til Helse- og omsorg.

Sjukmelder:

Sjukefråværet generelt i kommunen var også i 2021 relativt høgt. Vi held fram med tett samarbeid med dei arbeidsplassane som har høgt sjukefråvær. Utviklingsprosjektet i region Sunnfjord har som oppgåve å sjå på korleis NAV best skal bistå den sjukmelder og deira arbeidsgjevar i samband med sjukfråvær. Prosjektet har vore under planlegging i 2021, og vert operativt frå 2022.

Personalmessige tiltak

Kontoret har ei stabil personalgruppe med erfarne og kompetente tilsette. Vi har i 2021 hatt lite sjukefråvær, og drifta har fungert godt.

Kari Helen Blikås har vore verneombod, og Malin Madsen-Jørgensen er plassillitsvalt. Vi har hatt møte i MBA ein gong pr månad gjennom året. (MBA = medbestemmelseapparat og er samansett av leiar, tillitsvalt og verneombod).

Vi har hatt kontormøte kvar 14. dag.

Saksmøte har vi kvar tysdag kl. 10 – 11 der vi drøftar saker (anonymt) – kollegarettleiing. Vi har desse møta saman med NAV Hyllestad.

Det er oppretta regionale nettverk på fleire fagfelt, og alle tilsette er med i eit slikt nettverk i høve sine arbeidsoppgåver. Her kan ein stille spørsmål og drøfte problemstillingar med tilsette på andre kontor som har same arbeidsområde. Målet med dette er fagleg utvikling og likare tenester for brukarane i regionen.

Interne prosessar

Utviklingsprosjektet

Den viktigaste interne prosessen har i 2021 som i 2020 vore oppstart og gjennomføring av utviklingsprosjektet i Region Sunnfjord. Styringsgruppa for prosjektet er samansett av rådmennene i alle kommunane i regionen, regionleiar, direktøren i Nav Vestland og tillitsvalde.

Det overordna formålet med utviklingsprosjekta er å:

- Etablere regional tenestestruktur med større fagmiljø for stat og kommune, basert på brukar og næringslivet sitt behov
- Strukturere kompetanseutviklinga for å sikre at vi tek i bruk anerkjent kunnskap og metodikk
- Betre og tettare samhandling med næringslivet for å avdekke behovet til lokale og regionale bedrifter og næringar.

Hovudmål:

NAV region Sunnfjord og verksemndene i regionen sitt samarbeid bidreg til fleire innbyggjarar i arbeid og at verksemndene difor får meir arbeidskraft.

Delmål:

- Sjukemeldte innbyggjarar i region Sunnfjord har tilgang til likeverdige tenester, tilpassa den enkelte sine behov.
- Arbeidsgjevarar og sjukmelde i region Sunnfjord mottar koordinerte tenester frå alle delar av NAV i regionen.

Prosjektet skal utarbeide forslag til modellar som skal utprøvast for korleis ein best kan utvikle felles tenester i regionen på utvalde område.

I løpet av 2021 har ein fått tilsett personane som skal arbeide i prosjektet og oppretta ei eiga avdeling for felles sjukefråværssoppfølging i regionene. Det har vore ein omfattande prosess på statleg side. NAV Askvoll har avgjeve ein person i 100% stilling til avdelinga. All oppfølging av sjukmelde i regionen vert utført av tilsette i den nye avdelinga i prosjektperioden.

Evaluering av prosjektet vil avklare om dette skal verte ei varig organisering.

Økonomi

Viser her til årsmeldinga for 2021.

Utfordringar framover

Kontora i Region Sunnfjord har ein felles utviklingsavtale der satsingsområde vert definert årleg. I 2022 har vi følgande 5 utviklingsmål:

- 1 Utviklingsprosjektet – innføringsfase
- 2 Regionen skal levere koordinerte og gode tenester til arbeidsgjevar for å få utsette grupper i arbeid.
- 3 Bruk av kvalifiseringsprogrammet (KVP) bidreg til at fleire brukarar i utsette grupper kjem i arbeid.
- 4 Betre brukarmøte og fleire i utsette grupper kjem i arbeid gjennom styrke rettleiingskompetanse.
- 5 Vi sikrar trygge møte i NAV for brukarar og tilsette gjennom kompetanseheving og god sikkerheitskultur.

Arbeidet med utviklingsmåla er godt i gang, og det vert spesielt interessant å sjå kva resultat utviklingsprosjektet (utviklingsmål 1) kan gje for heile for regionen. Prosjektet handlar om å sikre lik oppfølging av sjukmelde og arbeidsgjevarar i heile regionen. Det vil verte utarbeidd ulike modellar som skal prøvast ut. Prosjektet er godt forankra i partnerkapet mellom stat og kommune.

Askvoll skal ta i mot 65 flyktningar i 2022, dei fleste frå Ukraina. Det vil medføre ein del ekstra arbeid knytt til økonomi, råd og rettleiing. I tillegg vert det viktig å kvalifisere flyktningane til

arbeid. Det er viktig å understreke at arbeidsløysa er låg både i kommunen og elles i Vestland slik at det skulle vere store mogelegheiter for å skaffe arbeid til flyktingane.

Det er generelt ei stor utfordring å skaffa kvalifisert arbeidskraft til ledige stillingar i kommunen. Dette kan og verte ei utfordring for navkontoret når fleire ved kontoret går ut av arbeid grunna alder i dei komande åra.

Det var gjort ein ROS-analyse på dei kommunale tenestene i mars 2022. Denne viser at NAV Askvoll leverer tenester innafor det som er krava til forsvarlege tenester til brukarane samtidig som vi klarer å ivareta krav til sikkerheit for dei tilsette. Skal vi klare det i framtida og må vi behalde dei ressursane vi har i dag på både kommunal og statleg side.

KOSTRA-tal - Askvoll

Nøkkeltall (antall saker)	2021	2020	2019
Sosialhjelpsmottakere	63	76	83
Antall sosialhjelpsmottakere 18-24 år	8	0	9
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp i 6 måneder eller mer	16	26	33
Sosialhjelpsmottakere med arbeidsinntekt som hovedinntekt	16	22	23
Sosialhjelpsmottakere som bor i eid bolig	19	25	20
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp	39	41	40
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp som viktigste kilde til livsopphold	6	7	6

https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/askvoll/sosialtjeneste?aar=4645=2020&checkbox=fylkesgjennomsnitt=true&checkbox_vis_flere_regioner=true

Viser elles til informasjon om sosiale tenester i Framsikt.net:

<https://www.framsikt.net/kostra/KostraOverview?Type=KostraOverview&areaCode=06&areaType=ReportingArea&dataTypeID=none>

Landbruksforvaltninga

Organisering

Eining/teneste	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Landbruksforvaltninga for Askvoll, Fjaler og Hyllestad	Landbruksjef, Johannes Folkestad	5 årsverk	5	

Frå 01.01.2007 vart landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler samlokalisert og organisert som ei eining. Frå 01.08.20 vart Landbruksforvaltninga i Hyllestad også slått saman med den felles landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler. Landbruksetaten vart lokalisert til Askvoll og med kontorlokale tilgjengeleg i Fjalerhuset og på rådhuset i Hyllestad.

Økonomi

Askvoll

Eining/teneste	Budsjett 2021 (1000 kr)	Rekneskap 2021 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Landbruksforvaltninga for Askvoll, Fjaler og Hyllestad	Kr. 2.231`	Kr 1.893`	Kr -339 `	15,2%
Samla ansv. 510	Kr. 2.231`	Kr 1.893`	Kr - 339`	15,2%

Fjaler

Eining/teneste	Budsjett 2021 (1000 kr)	Rekneskap 2021 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Landbruksforvaltninga for Askvoll, Fjaler og Hyllestad	Kr. 1.642`	Kr 1.723	Kr 81`	4,9 %
Samla ansv 650	Kr 1.642`	Kr 1.723`	Kr 81`	4,9 %

Hyllestad

Eining/teneste	Budsjett 2021 (1000 kr)	Rekneskap 2021 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Landbruksforvaltninga for Askvoll, Fjaler og Hyllestad	kr. 724.`	kr. 855. `	kr. 131`	18,1%
Samla ansv. 650				

Hendingar/ aktivitet

Eining/overordna	Kva
Landbruksforvaltninga i Askvoll, Fjaler og Hyllestad	Etter initiativ frå Hyllestad kommune vart det frå 01.08.20 felles landbruksforvaltning mellom Askvoll, Fjaler og Hyllestad. 2021 er slik første



FJALER KOMMUNE
-eit ope samfunn



Hyllestad
kommune
Inkluderande og attraktiv



Askvoll
Kommune
-rom for eventyr !

Generelle tilhøve i landbruket i 2021.

heile året med felles landbruksforvaltning i dei tre kommunane.

Landbruksforvaltninga har hovudkontor i Askvoll, med kontordagar i Fjaler og Hyllestad. Ifølgje samarbeidsavtala vert kostnaden med landbruksforvaltninga delt mellom kommunane med 40 % på kvar av kommunane Askvoll og Fjaler, og 20 % for Hyllestad.

Det er lagt opp til 5 stillingsheimlar. Ein har i forbinding med tilsettingar, hatt vakanse i jan-feb., og aug- september. Dette har medført etterslep på nokre arbeidsoppgåver. Det er landbruks-avdelinga si vurdering at arbeidet som er utført har vore fagleg forsvarleg.

Både 2020 og 2021 var tilnærma normalår med relativt gode avlingar og haustetilhøve. På tørkesvak jord, kunne ein oppleve noko redusert vekst i 2021. Covid-19 epidemien som i stor grad prega samfunnet frå mars og ut året, hadde relativt moderat påverknad på landbruksnæringa lokalt. Sterk inflasjon og kostnadsauke, har vidare påverka landbruket vesentleg, med auka kostnader mellom anna knytt til diesel, kraftfôr, kunstgjødsel og byggekostnader. Situasjonen vert opplevd som svært urovekkande, og særskilt med tanke på kommande krav til investeringar i nybygg/ ombyggingar.

Produksjonstilskot/ RMP



Forvaltning av produksjonstilskot i jordbruket


I 2021 handsama ein 270 søknader om produksjonstilskot i jordbruket, fordelt på; 47 i Hyllestad, 114 i Askvoll og 109 i Fjaler. Sjølv om landbruket er prega av mange år med driftsrasjonalisering, der ein høg del leigejord er blitt ein viktig del av driftsgrunnlaget, har vi hatt ein liten auke i tal søknader siste to åra. Vi merkar ein tendens i bygdene at generasjonen som no tar over gardsbruk gjerne startar opp med

	<p>litt sauer/geiter, på bruk som i mange år har vore utan husdyr. (korona-effekt?)</p> <p>Regionalt miljøtilskotet i jordbruket (RMP)</p> <p>– Er eit regionalt tilskot for å stimulere til å oppretthalde og utvikle ei ope og variert kulturlandskap og å fremje god agronomi.</p> <p>I 2021 handsama vi til saman i dei tre kommunane; 104 søknader (Askvoll 30, Fjaler 50, Hyllestad 24). Det var i hovudsak søknader om tilskot til slått av bratt areal.</p> <p>Velferdsordning – Avløsing ved sjukdom</p> <p>I 2021 var det handsoma og betalt ut tilskot til avløsingar ved sjukdom til 18 føretak.</p> <p>Gardskart – vedlikehald av kartgrunnlaget</p> <p>Gardskart med innteikna grenser for til dømes fulldyrka jord, overflatedyrka og innmarksbeite er svært viktig for forvaltning av ulike støtteordningar og arealregelverk i landbruket. Tala i kartet vert m.a. lagt til grunn ved søknad om produksjonstilskot. I 2021 har det vore gjennomført eit omfattande ajourhald av jordbruksareala i alle tre kommunane, såkalla «periodisk kontroll». Det innebar mykje feltarbeid med synfaring av areal, og rettingar i kartbasen. I Hyllestad var det mange store endringar, spesielt innmarksbeite, som ikkje lenger kunne godkjennast som innmarksbeite.</p>
Viltforvaltning	<p>Hjort</p> <p>Våren 2016 vart det etablert eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Fjaler, Hyllestad og Høyanger, og ein fekk utarbeidd ein felles plan for forvaltninga av hjorteviltet.</p> <p><u>Tal felte hjortedyr i kommunane i 2021:</u></p> <p>Askvoll: 818 hjortedyr Fjaler: 911 hjortedyr Hyllestad: 603 hjortedyr.</p> <p>Særleg i Fjaler har auken i tal felte dyr vore stor i</p>

	<p>høve til 2020 og tidlegare år.</p> <p>Fokus på høgt uttak av tilvekst samsvarar godt med skissert forvaltningsplan.</p> <p>Både Sett Hjort- tala og fellingsstala indikerer at ein har ein god bestandssituasjon. Ein har vidare hatt fleire milde vintrar på rad, noko som gjev høg overleving.</p> <p>Utifrå skadeomfanget i deler av kommunane er det ønskjeleg å redusere hjortestammen. Det er framleis naudsynt å halde fokus på eit godt avskytingstrykk for å redusere uønska skade i åra som kjem.</p> <p>Som følgje av stor hjortebestand og for høgt skadepress mot skog og jordbruk er minstearealet i både Fjaler og Hyllestad redusert til 200 dekar for heile kommunen. Fjaler og Hyllestad har fått nytt kommunalt måldokument for forvaltning av hjort gjeldande frå 2022, og Bestandsplanområdet i Fjaler og Hyllestad har tilsvarande fått revidert sin bestandsplan gjeldande frå 2022.</p> <p>Gås</p> <p>Bestanden av gås ser ut til å vere aukande, noko som har ført til betydelege skader på dei jordbruksareala som ligg inntil sjø- og vassområde. I den forbindelse er det utarbeida forvaltningsplan for gås i alle tre kommunane som skal gjelde frå 2022.</p> <p>Skog</p> <p>Skogbruk</p> <p>I mars 2020 vart tømmerkaia i Dalsfjorden opna og teken i bruk. Det er venta at tømmerkaia vil ha stor innverknad på skogaktiviteten i åra framover. For å imøtekome ei sterk venta auke i avverking, er det naudsynt å få til best mogeleg transportløysing for avverka tømmer. I åra som kjem vil slik bygging av skogsvegar, samt oppskriving av vegklassar, og utbetring av det offentlege vegnettet være viktig.</p>
--	--

	<p>I 2021 fekk vi løyvd 1,7 millionar, frå Statsforvaltaren, til bygging av skogsbilveg i Fjaler kommune. Dette er tilskotsmidlar som er fordelt på tre veganlegg.</p> <p>I 2022 har vi fått løyvd 2 millionar kr til Fjaler, og kr 882.000,- kr til Hyllestad og 60.000 kr til Askvoll.</p>
Nydyrkning	<p>Søknader om nydyrkning</p> <p>Landbruksforvaltinga i Askvoll fekk inn 3 søknadar om godkjenning av plan til nydyrkning i av ca. 60 dekar jord i 2021. Det har vært lang behandlingstid på enkelte søknadar frå 2020 og 2021 mellom anna grunna arbeidskapasitet, samt at nokre dyrkingstiltaka er rekna som større terrenginngrep, og at det er sett krav til arkeologiske undersøkingar i førekant av at sakene kan handsamast av kommunen.</p> <p>I Fjaler var det 2 søknadar om godkjenning av plan for nydyrkning. Søknadane vart godkjent. Det blei gitt løyve til å dyrke totalt 17 dekar produktiv skog til fulldyrka mark.</p> <p>Det vart søkt og godkjent ein søknad for nydyrkning i Hyllestad.</p>
Drenering	<p>I 2021 fekk Askvoll ei hovudramme på 150 000 kr, pluss kr 88.270 kr i unytta midlar, som gav en totalt ramme på kr 238.270 til dreneringstiltak. Det vart sendt inn 9 søknadar. Det ble tildelt kr 74.290 i Askvoll, som utgjer 50 % av hovudramma.</p> <p>I 2021 hadde Fjaler ei ramme på 300 000 kr pluss kr. 178.550 i unytta midlar, totalt kr 419 440.- Det var 3 søknadar til tilskot til drenering i 2021. Alle søknadane vart godkjent. Det blei tildelt kr 59.110 til tilskot til drenering i Fjaler som utgjer 19.7 % av hovudramma.</p> <p>Hyllestad fekk tildelt ei hovudramme på kr 70.000 pluss kr 64.380 i unytta midlar, totalt kr 134.380.-</p>

<p>Beitelag</p>  <p>Ulven «Lucky»</p>	<p>Det var to søknadar, med eit total tilsegn på kr. 15.300.-, som tilsvrar 22 % av hovudramma.</p> <p>Totalt stod det igjen kr 702.500 unytta midlar etter søknadsåret i 2021. Desse midlane blei inndratt av Landbruks- og matdepartementet og satt inn i Landbrukets utviklingsfond for å styrke eigenkapitalen til fondet. Statsforvaltaren i Vestland trakk tilbake kr 1.200.000 av unytta midlar som skal gå til fondet. Mengda unytta midlar syner at ordninga burde vore styrka for i større grad kunna ha utløysande effekt. Mykje av areala i våre område har dårleg dreneringstilstand. Høge kostnader knytt til Hydrotekniske tiltak, gjer særskilt at leigearreal vert nedprioritert.</p> <p>Askvoll fekk tildelt ei ramme på kr 50.000 kr, og seinare ei tilleggsløyving på kr 41.275 kr, som gav ei disponibel ramme på kr 91.615. Det kom inn 8 søknadar til tilskot til tiltak i beiteområdet, der 6 blei innvilga og 2 ble avslått. To søknadar var til faste installasjon i beiteområdet og fire søknadar var til innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr. Det blei gjeve i underkant av 39% til innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr og 50% tilskot til faste installasjoner. Ramma vart nytta i si heiling.</p> <p>Fjaler fekk tildelt ei ramme på kr 40.000. Det kom inn tre søknadar til investeringstiltak, der alle var til elektronisk overvakingsutstyr. Tiltaka fekk priorititet, og det vart løyvd 57 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag, totalt kr 38.465.</p> <p>Hyllestad fekk tildelt ein hovudramme på 20 000 kr. Det kom ikkje inn søknadar. Midlane vart omdisponert. Medlemene i Hyllestad sankelag meldte inn å ha opplevd mykje uro for beitedyra når, det var ulv i beiteområda.</p>
---	---



Ulven som bevegde seg i fjellområda i Fjaler , Hyllestad og vestre delen av Høyanger både i 2018, 2019 og 2020 medførte store tap i beitenæringa og til stor frustrasjon for eigarane av beitedyra. Ulven vart felt i januar 2021.

Smil



Veterinærtenestene

Spesielle miljøtiltak i landbruket :

Askvoll :

Tildelte midlar frå fylket var i 2021 på kr 292.287. Kr 69.900 var trekt inn frå prosjekt som tidlegare hadde fått løying, men som ikkje vart gjennomført. Det var dermed tildelt totalt kr 362.187 innan Smil ordninga. Det var innvilga 11 søknader, hovudsakleg innan beiterydding og gjerdetiltak, og noko på restaurering av bevaringsverdige bygg.

Fjaler:

Tildelte midlar frå fylket var i 2021 på kr 278.213. Kr 52.137 var trekt inn frå prosjekt som tidlegare hadde fått løying, men som ikkje vart gjennomført. Det var dermed tildelt totalt kr 330.350 innan Smil ordninga. Det var innvilga 10 søknader, hovudsakleg knytt til beiterydding, gjerdetiltak, og noko på restaurering av bygg.

Hyllestad:

Tildelte midlar frå fylket var i 2021 på kr 110.000. Det var innvilga 3 søknader på beiterydding der ein av søknad også omfatta erosjonssikring av bekk.

Veterinær

Ifølge. forskrift for veterinærtenester har kommunen ansvar for at det er tilfredsstillande veterinærtenester i kommunen. Askvoll er eige vaktdistrikt, medan Fjaler, Hyllestad og Solund utgjer eit vaktdistrikt.

	<p>I Askvoll vert veterinærtenestene utført av 2 faste veterinærar, pluss ein veterinær som deltek i nokre vakter.</p> <p>I Fjaler, Hyllestad og Solund er det 3 veterinærar som utfører veterinærtenestene. For vaktområdet Hyllestad, Fjaler og Solund, er det kome på plass ny avtale med veterinærane, som tredde i kraft frå jan 2022.</p> <p>Tilbakemeldingane frå landbruksnæringa er at veterinærtenestene generelt er velfungerande og gjev gode tenester til landbruksnæringa.</p> <p>Ordninga er vidare sårbar, der det i mange vaktområde har synt seg å være utfordrande å skaffe veterinærar som ynskjer og har kompetanse til å jobbe med produksjonsdyr. I næringssvake områder kan det være krevjande å sikre stabil veterinærdekning, der ein både skal ta omsyn til vaktordning/ belastning, samt eit tilfredsstillande næringsgrunnlag for den enskilde veterinær. Dette er eit viktig fokusområde framover, og eit viktig tema som kommunane har spelt inn til Statsforvaltaren, mellom anna med trong for å styrke tilskotsordningane for veterinærvakt/ -dekning.</p>
Lovsaker	
jord-/ konsesjonslova	<p>Askvoll: Ein har i 2021 hatt 8 delingssøknader, der ein er innvilga som tilleggsareal, og 7 søknader til busettingsføremål. Herunder vart 0,4da dyrka mark omdisponert til bustadføremål. Det er handsama 5 konsesjonssaker, der det er sett vilkår etter §11, i 3 av sakene.</p> <p>Fjaler: Ein har hatt 4 delingssøknader til busettingsføremål/ bustad generasjonsskifte. Det er omdisponert 5,9da dyrka jord, til busetnad, næringsverksem, og samferdsle. Det er handsama 7 konsesjonssaker, der det er sett vilkår om buplikt i 6 av sakene.</p> <p>Hyllestad: Det er handsama 2 delingssøknader, der føremålet var høvesvis tilleggsjord og</p>

	busetting. Det er omdisponert 0,2da dyrka jord til bustadføremål. Det er handsama 11 konsesjonssøknader, 4 med vilkår etter §11, og 3 søknader med vilkår om personleg buplikt.
--	---

Brukarane

Landbruksforvaltninga si primære arbeidsoppgåve er å utøve den statlege landbrukspolitikken. I praksis vil det seie å forvalte midlane over jordbruksavtalen, handheve lovverket knytt til jord og utmark, og være ein medspelar for å utvikle landbruksnæringa.

Personalmessige tiltak

Frå 01.08.20 vart landbruksforvaltninga i Hyllestad felles med landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler, og det vart i avtala mellom kommunane vedteke 5 stillingsheimlar. På grunn av tilsettingsprosess/ vakanse har arbeidet med landbruksforvaltninga vore utført med om lag 4.7 stillingar i 2021. Budsjettet var som følgje av vakansen 4.85 stilling i 2021.

Interne prosesser

På grunn av vakanse, samt tilsetting og opplæring av 2 nye rådgjevarar, i tillegg til skifte av leiar, så har ein hatt etterslep for nokre oppgåver. Dette har også medført at arbeidsbelastninga til tider har vore høg.

Økonomi

Innanfor dei økonomiske rammer som etaten er tildelt har landbruksforvaltninga utført dei pålagde oppgåvene på ein forsvarleg forvaltningsmessig god måte.

Samfunnstryggleik og beredskap

Innanfor tilgjengelege budsjetttramme har etaten utført dei pålagde krav og hatt den nødvendige beredskap.

Utfordringar framover

Frå 2034 er det eit generelt krav at all storfedrift skal føregå på lausdrift. Ei av dei største utfordringane er å få lagt om mjølkeproduksjonen frå båsfjøs til lausdriftsfjøs, og å utvikle og fornye driftsbygningane i landbruket. Høge kostnader knytt til innsatsfaktorar som gjødsel, diesel og kraftfør, samt sterkt auka byggekostnader, gjev uro i næringa.

Vidare er det ei utfordring å forvalte midlane over jordbruksavtalen på ein fagleg og forsvarleg forvaltningsmessig god måte.


KOSTRA-tal

På grunn av at landbruksforvaltninga er ulikt organisert i kommunane, samt at innbyggartal i høve tal landbruksseigedommar varierer mykje, er det vanskeleg å finne kostratal som er samanliknbare. Ved tidlegare analyser av ressursbruken ved landbruksforvaltninga har den vore moderat i høve til samanlikningskommunar (årsrapport 2020, v/ GEG). Ser ein på kostnad per landbrukseigedom, for kommunane i nærområdet, ligg Askvoll på nivå med Sunnfjord (7kr/

landbruksseigedom), medan Fjaler og Hyllestad ligg på høvesvis kr 6,- og 4,-, der sistnemnte tilsvasar snittet for indikatoren i KOSTRA gruppera.

Ser ein på organisering, tal bruk i aktiv drift, samt andre forvaltningsoppgåver knytt til jord- og skogbruk, er den felles landbruksforvaltninga i Askvoll, Fjaler og Hyllestad, relativt likt organisert med det interkommunale samarbeidet i Åla (Årdal, Lærdal, og Aurland). Åla kommunane er også kommunar med innbyggartal som ligg lågt i intervallet i kostragruppe 4, men over snittnivået i gruppa. Under er ei oversikt over oppgåver i dei nemnde samarbeidskommunane, og diagram (Kostra Indeks) for kostnader:


Forvaltningsoppgåver Tal frå 2020	Felles landbruksforvaltning HAF	Åla
Tal føretak	266stk	170stk
Jordbruksareal i drift	44320da	20508 da
Landbruksseigedommar	1158stk	515stk
Produktivt skogareal	256.875 da	212.101 da



Ser ein på historikken, har ein etter etablering av felles landbruksforvaltning, oppnådd ein rasjonaliseringsgevinst, der ein har redusert kostnadane per innbyggjar med kr 57,-, i perioden 2018-2021. Samstundes har forvaltninga vorte mindre sårbar. I landbruksforvaltninga inngår også om lag ei halv stilling knytt til merkantilt arbeid, som gjev auka kostnad, i høve det som normalt vert rekna inn under driftskostnader for landbruksforvaltning.

Omdisponering dyrka mark

Tabellen under syner omdisponering av dyrka jord (slåttemark og innmarksbeite) i perioden 2018-2019. Omdisponert areal er lågt i kommunane våras, og syner ei positiv utvikling i perioden. I sum har ein nettoauke i tal dekar slåttemark, grunna nydyrkingsarbeid.



Bygg og eigedom

Organisering

Eining/teneste	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Bygg- og eigedom /oppmåling/leiar	Liss Lien	1	1	
Byggesak	Arnt Knapstad	1	1	
Plan- og miljøsaker/kart	Kjersti Sande Tveit Andreas Rivedal	2	2	
Forvaltning og vedlikehald	Walter Gundersen	0,8	1	
Reinhold Rådhuset /Sentrumsgarden	Aud Dalsøren Inger O. Strømmen	0,3 0,3	1 1	
Samla		5,41	7	Lavt

Hovudansvaret til bygg- og eigedomsavdelinga er forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, gjennomføring av mindre investeringsprosjekt til utviding og oppgradering av kommunale bygg, arealplanlegging, byggesaker, kartforvaltning, oppmåling og reinhald av rådhuset og sentrumsgarden.

Eining/teneste	Budsjett 2021 (1000 kr)	Rekneskap 2021 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Byggesaker	333,5	152,6	-180,9	-54,2
Plan- og miljøsaker	2.065	1.543	-522	-25
Kart og oppmåling	95,5	64,5	-31	-32,5
Forvaltning, drift og vedlikehald	4300	5239,9	939,9	21,9
Samla	6794	7000	205,7	3

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Byggesaker/ kart og oppmåling	<p>Det vart handsama 157 bygge- og delingssøknader (§20 i PBL) etter plan- og bygningslova. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for dei ulike sakstypane ligg godt under tidsfristane i lova. Det vart også i år nytta ein del tid på å sende ut påminning om innsending av søknad om ferdigattest slik at byggesaker kunne avsluttast og bygg registrerast som ferdige i matrikkelen. Det vart skrive ut 108 ferdigattestar og 4 mellombelse bruksløyve.</p> <p>Det vart handsama 10 klager på bygge- og delingssøknader. 1 klage vart teken delvis til følgje medan 9 vart sendt vidare til endeleg handsaming hjå Statsforvaltaren. Av dei som vart sendt</p>

	<p>vidare vart 8 av kommunen sine vedtak stadfesta, 1 vedtak vart omgjort. I 2021 har Statsforvaltaren klaga på to av kommunen sine vedtak om dispensasjon frå arealdelen. I 2021 er det ikkje gjort vedtak om lovbrotdgebyr.</p> <p>Det kom inn 44 rekvisisjonar om oppmålingsforretning. 39 saker vart ferdigstilt. Det vart nytta ein del tid på retting av feil i matrikkelen frå feillister som Kartverket sender ut og feil som vi sjølv eller eigarane av eigedomar oppdagat.</p> <p>Det vart i 2020 stifta ei gis-faggruppe for SySIKT-kommunane. (GIS=geografiske informasjonssystem) I 2021 vart det tilsett ein felles GIS-koordinator for desse kommunane. Vedkommande skal vere kontaktperson opp i mot Norkart (leverandør av kartprogramma vi nyttar), bistå kommunane ved oppgraderingar/oppdateringar, drive utviklingsarbeid av GIS-løysingar mm.</p>
Plan- og miljøsaker	<p>Det var meldt oppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel hausten 2020 og planprogram vart fastsett i mai 2021. Formannskapet er styringsgruppe. Arbeidet har teke noko lenger tid enn fastsett.</p> <p>1 detaljregulering vart ferdighandsama/vedtekne i 2021: Detaljregulering for gnr 21/11 Hermetikkfabrikken Ei mindre endring av detaljreguleringsplan for Grov vart vedteken.</p> <p>Detaljregulering for fv 609 Heilevang vart lagt ut til offentleg ettersyn.</p> <p>Det vart meldt oppstart av planarbeid for Detaljregulering for gnr 23/76 mfl. i Prestemarka – Barnehage Detaljregulering Holevika Detaljregulering del av gnr 213/4 Kleppenes (bustadfelt) Detaljregulering for gnr 22/59 m. fl Askvoll sentrum</p>
Forvaltning og vedlikehald	<p>I slutten av februar vart det oppdaga ekte hussopp under golvet i «Eventyrkroken» i biblioteket og i hjørnet mot svømmebasseng og garderobar var det påvist gråråtesopp. Biblioteket vart stengt og det vart hyra inn firma til å behandle soppen med drepande kjemikaliar. Dette vart gjort i to omgangar. Tilfarargolvet vart rive og golvet vart støypt. Alle horisontale flater i biblioteket og ventilasjonsanlegget vart vaskast ned. Det vart også installert solavskjerming for å hindre høge temperaturar frå solvarme. Det vart tatt luftprøver som ikkje synte teikn på unormal førekomst av muggsopp. Likevel peikte rapporten på mogelegheita for at</p>

	<p>enkelte kan oppleve helseplager som følge av fuktskade. Det vart også påpeika at det må gjerast noko med fukttilgangen frå garderobar og røyr i golv. Avonova ble kontakta for å få gjort ei risikovurdering av arbeidsmiljø og prøvetaking før biblioteket vart opna att. Avonova fann at arbeidsmiljøet ikkje var fullt forsvarlig og anbefalte at tilsette ikkje oppheld seg i lokale før vidare utgreiing og utbetring er gjennomført. Midlar til vidare tiltak er sett av på investeringsbudsjettet for 2022. I 2021 vart det nytta 388.500,- (utan solavskjerming som kjem på 110.000,-) til utbetring i samband med soppangrepet.</p> <p>Av utført vedlikehald kan nemnast:</p> <p>Det vart skifta av 4 stk. vindauge på Atløy skule (60.300,-) og 4 vindauger i ekspedisjonsbygget i kontora mot aust i 2.etasje (51.650,-) 4 stk. nye vindauge Gjelsvik barnehage (39 885,-).</p> <p>Det vart installert to nye VV-tankar i Helsehuset som erstatning for stor tank frå 1972. (86.000,-)</p> <p>Ein 44 år gammal 2000 l VV-tank på Askvollheimen vart også erstatta med to nye (186.000,-).</p> <p>Det vart gjennomført rengjering/kanalrens av ventilasjonsanlegga ved Gjelsvik og Atløy skule (182.000,-)</p> <p>Ny foldevegg scene gymnastikksal ved Gjelsvik skule Den gamle heldt på å gå i oppløysing. Scena vert nytta til grupperom i skuletida det var difor trong for ein skikkeleg foldevegg som tåler ballaktivitet. (71.898,-)</p> <p>Kopla vekk gamle kopar vassrøyr og la opp nytt røyroppllegg mm i rom ved gymsalen i Gjelsvik skule (90.000,-)</p> <p>Defekte diatomittfilter ved reinseanlegget til bassenget Askvoll skule vart skifta (89.980,-) Kompressor på ventilasjonsanlegget til bassenget måtte også skiftast (95.000,-)</p> <p>Reparasjon dørautomatikk Kårstova Askvollheimen (59.200,-)</p> <p>I samband med ferdiggjering av BUA-lokala i Ekspedisjonsbygget vart det vedtatt i sak kom 042/20 at kostnad over 70.000,- med ombygging av lokala skulle dekkast innanfor driftsbudsjettet til bygg- og eigedomsavdelinga. Dette medførte ein kostnad på 80.000,-.</p> <p>I 2021 tok vi inn 6 ungdommar i skuleferien til målingsarbeid: Holmedal barnehage og Bulandet barnehage/småskule vart målt. Det står att noko på begge bygga.</p> <p>Askvoll kommune fekk 1,2 mill. til motkonjunkturtiltak i samband med koronapandemien. Desse midlane vart nytta til å skifte takbelegg på Bulandet skule, til å etterisolere, skifte kledning og</p>
--	--

	<p>vindauge/ytterdører på kommunal bustad i Storehaugen SIFBO 1-3 og til å skifte til plategesims (vedlikehaldsfri) på Askvollhallen.</p> <p>SIFBO 1-3</p>  <p>I sifbo 1-3 vart det også gjennomført oppussing (måling mm) innvendig i alle husværa.</p> <p>I desember vart det kjøpt inn eit nytt web-basert FDV-system som skal takast i bruk i 2022. Med dette systemet vert det enklare for brukarane som via nettbrett eller mobil kan melde inn saker på bygg til driftsavdelinga. Driftsavdelinga vil få betre oversikt og kan legge inn faste rutinar. Her får ein også samla all FDV-dokumentasjon på ein plass.</p> <p>Det kan elles nemnast at vi har fått arbeidd ein del med grunnlaget for vedlikehaldsplanen dette året og håpar å få denne opp til handsaming i 2022.</p>
Investeringsprosjekt	<p>Oppgradering Gjelsvik skule Prosjektnr 1141 :</p> <p>Skifting av kledning og etterisolering av vestvegg samt skifting av vindauge. Prosjektet er ferdig.</p> <p>Ombygging/oppgradering Askvollheimen 2020-2021 Prosjektnr 1156:</p> <p>Arbeidet med utarbeiding av tilbodsdokument for skifting av vindauge og dører vart påbegynt, men vart ikkje ferdigstilt.</p> <p>Internatet utvendig og innvendig ombygging Prosjektnr 1147:</p> <p>Planlegging av ombygginga til hyblar/små leilegheiter er starta, men kan ikkje setjast i verk før parkering/trafikksituasjonen ved skulen er i orden. Det vart ikkje gjort noko med utvendig rehabilitering av fasaden.</p>
Kjøp/Sal av eigedomar	<p>Det er gjennomført sal av følgjande eigedomar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gbnr 22/244 i Askvoll sentrum vart selt til Friplan AS.

	<ul style="list-style-type: none"> Det vart selt eit lite tilleggsareal til bustadtomta 205/96 i Holmedal <p>Kommunen kjøpte har kjøpt følgjande eigedomar:</p> <ul style="list-style-type: none"> Gbnr 86/59, grunn til utviding av bustadfeltet på Høgda i Kvammen. Gbnr 22/194 og 22/245 den såkalla Sentrumsgarden, med eit kontorbygg med bruksareal 575 m² og tilhøyrande plass. Gbnr 22/214, tilbakekjøp av bustadtomt i bustadfeltet ved Askvoll Øvre. Gbnr 30/59 i Olsetvikane med påståande lagerbygg med bruksareal 185 m².
Kommunal utleige-bustader	<p>Siste halvdel av 2021 var alle dei kommunale husværa i Askvoll sentrum leigd ut. I første halvdel var det nokre få ledige. I trygdebustadene i Balandet, Værlandet og Holmedal har det vert ledige husvære heile året og nokre av husværa vert leigt ut til andre enn det desse husværa vart bygd for. Det kan virke som dei eldre ynskjer å bu heime så lenge dei kan, og tilrettelegg sine eigne bustader for det, i staden for å flytte i eldrebustad.</p> <p>1 av dei 8 husværa i Kvartetten, som kommunen leiger av Norges Naustdal Bustadbygg, er leigt ut til andre enn flyktningar /vanskelegstilte pr 31.12.2021. 1 vart leigt ut til andre fram til sommaren. Det er ved årsskiftet 1 ledige husvære som vi held av i påvente av nye flyktningar.</p>

Måloppnåing

I høve til planoppgåvene som er prioritert i gjeldande planstrategi, har vi ikkje fått vedtatt ny samfunnssdelen i 2021 slik det er lagt opp til i planstrategien. Det er imidlertid brukt mykje tid til dette arbeidet. Av den grunn er heller ikkje arbeidet med rullering av arealdelen starta. Detaljregulering for Prestemarka er i god gang og vil truleg bli vedtatt første halvdel av 2022. Vi har ikkje starta opp med områderegulering for Olsetvikane eller detaljregulering for gang og sykkelveg til Ask. Vi har heller ikkje fått arbeidd noko meir med detaljregulering for gang- og sykkelveg frå Holmedal til Boge.

Når det gjeld sakshandsamingstid i byggesaker, held vi oss godt innanfor fristen i dei fleste sakene. Det har ikkje vore gjennomført tilsyn, noko det burde.

Når det gjeld vedlikehald av dei kommunale bygga synes vi det er utført ein god del i 2021 og budsjettet vart også i år overskride. Sjølv om vi ikkje er klar med vedlikehaldsplan og

vedlikehaldstrategi for kommunale bygg, kan vi seie at det heilt klart trøng for meir vedlikehald for å halde standarden på bygga våre.

Brukarane

Det er ikkje gjennomført brukarundersøking blant privatpersonar.

Personalmessige tiltak

I 2021 vart reinhaldarane på rådhuset og Sentrumsgarden flytta frå rådmannskontoret og lagt til bygg- og eigedomsavdelinga. Tal tilsett auka difor med to og stillingsprosenten med 61 %.

Økonomi

Tilført ramme i desember 2020 i sak kom 103/20 var på kr 5.008.000,-. I samband med 1. tertialrapport vart ramma auka med 500.000,- og i samband med 2. tertial vart ramma auka med ytterlegare 400.000,-. Ramma vart vidare auka med 300.000 frå disposisjonsfondet for sommarjobb for ungdom og 270.000,- frå flyktingtilskotet i samband med leige av flyktingbustadene. Budsjetteramma vart auka med 50.000,- for lønsauke i 2021. Rekneskapet viser likevel eit overforbruk på **205.690,-**.

Miljø- og klimatiltak

Ved Gjelsvik skule vart det skifta kledning, etterisolert og skifta vindauge på vestsida av bygget frå barnehagen til hukken inn til døra i foajeen. Gamle panelomnar vart skifta ut til 17 stk. lågtempererte panelomnar i nokre klasseromma. Ein forventar difor at energiforbruket i dette bygget skal gå noko ned. Kommunal 3-mannsbustad i Storehaugen vart etterisolert i samband med skifting av kledning og vindauge/ytterdører vart skifta. Dette medfører mindre energibruk. 2000l VV-tank på Askvollheimen og stor VV-tank på Helsehuset vart skifta ut nye og meir energieffektive tankar. Det er installert ein del nye lamper med LED. Det vart leasa ein tenestebil som går på elektrisitet som tenestebil for rådhuset, noko som kan minske utslepp av CO₂.

Utfordringar framover

Etter at konsulent ved teknisk drift slutta i 2019, er det ingen som har naudsynt opplæring til å oppdatere kart med nye bygg. Matrikkelen vert oppdatert via Kartverket sin klient så bygningsinformasjonen i matrikkelen vert oppdatert, men om nye bygg skal vise med omriss i kartet, må vi nytte GIS-line. Dette har vi ikkje opplæring i. Vedkommande som var i gang med opplæring, slutta i september 2020. Vi har ikkje hatt kapasitet til å ta tak i dette i 2021. Vi fekk nye kart i 2019 og det er difor ei stund til ny kartlegging. Det ikkje bra at karta ikkje er oppdatert.


Vedlikehaldsløft kommunale bygg med sommarjobb for ungdom er eit bra tiltak som gjer at vi får målt nokre bygg kvart år. I 2021 rakk dei å måle Holmedal barnehage og Bulandet småskule- og barnehage. Det er svært mange bygg som skulle vert målt. Venter ein for lenge med måling vil kledning og vindauge tape seg og levetida vert mindre. Det er også ei utfordring at planlagt vedlikehaldstiltak vert utsett fordi det ofte dukkar opp ting som må takast med ein gong. Det er ei utfordring å få gjennomført tilstrekkeleg verdibearande vedlikehald slik at standarden på dei kommunale bygga vert oppretthalden. Vi har også liten kapasitet til å utføre investeringsprosjekta som ligg til avdelinga.

I høve til planstrategien ligg vi på etterskot med kommunen sine eigne planar. Det vil truleg bli stor aktivitet når det gjeld private planar 2022 utifrå oppstartsmøte som vart halde i 2021. For desse planane er det tidsfristar som skal haldast. Arbeidet med arealplanlegging er etter kvart blitt omfattande arbeid som tek tid og arbeidet krev kompetanse og erfaring.

KOSTRA-tal


Byggesaksbehandling og eierseksjonering brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).




Byggesaksbehandling og eierseksjonering nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).



Kart og oppmåling brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).



— 2018 — 2019 — 2020 — 2021

Kart og oppmåling nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).




— 2018 — 2019 — 2020 — 2021

Årsak til at utgiftene vart større i 2021 var at prosjekt med historiske ortofoto vart ført på drift i 2021. Avskrivningar for adresseprosjektet og nykartlegging ligg i tala for 2020 og 2021.

Plansaksbehandling brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)


*) Tala er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2018	2019	2020	2021
Askvoll	644	527	532	523
Kostagruppe 04	496	394	407	438
Vestland			523	613
Landet uten Oslo	368	385	356	384

Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




	2018	2019	2020	2021
Askvoll	644	233	532	523
Kostagruppe 04	368	326	292	337
Vestland	344	367	346	396
Landet uten Oslo	291	299	274	296


Det vart ikkje teke inn plansaksgebyr i 2021.



Eiendomsforvaltning, kommune brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)



	2018	2019	2020	2021
Askvoll	5,1 %	5,3 %	5,3 %	5,9 %
Kostragruppe 04	6,8 %	7,6 %	6,5 %	6,8 %
Vestland			7,0 %	7,3 %
Landet uten Oslo	6,8 %	6,7 %	6,8 %	7,0 %



Kommune	2018	2019	2020	2021
Askvoll	74	69	86	153
Kostragruppe 04	103	99	101	102
Landet uten Oslo	104	101	108	110
Vestland	129	126	117	104

Det vart i 2021 nytta meir til vedlikehald enn tidlegare år pga motkonjunkturmidlane vi fekk i samband koronapandemien. Askvoll kommune nytta elles noko mindre av dei totale utgiftene til eigedomsforvaltning enn samanliknbare kommunar.

Teknisk drift

Organisering

Eining/teneste	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Teknisk drift	Per Jan Ryland	2,0 årsverk	2 tilsette	Lavt.

- Teknisk drift er organisert som eiga eining under rådmannen jf. K-sak 40/11. Målet er å produsere gode teneste for brukarane innanfor ansvarsområdet.
- Sjukefråvær innanfor teknisk er lavt.

Økonomi

Eining/teneste	Budsjett 2021 (1000 kr)	Rekneskap 2020 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Inntekt:	- 84 188	- 1 523 214	-	
Utgifter:	9 523 133	11 614 987	-	
Teknisk drift:	9 438 945	10 091 773	-652 828	

TENESTE	REKNESKAP	REV. BUDSJETT	AVVIK
33210 Drift- og vedlikehald vegar	4 284 249	4 566 806	- 282 557
33230 Veglys	537 608	430 571	107 037
34000 Produksjon vatn	2 829 757	1 964 081	865 676
34500 Distribusjon av vatn	361 872	501 727	-139 855
35400 Tømming av slamavskiljarar	45 320	2199	43 121
35500 Innsamling, gjenvinning mm.	80 442	4 398	76 045
36040 Vassressursforvaltning	0	99 287	-99 287

Drift og vedlikehald vegar: Kommunen har omlag 80 km veg. Omlag 55 km har fast dekke.

Vintervedlikehald legg føringar for kva som er mogleg å bruke på vedlikehald i sommarhalvåret.

Det har vore gjennomført vanleg vedlikehald i 2021, kanskje litt for lite grøftereinsk mm.

Sjølv om det vart tilført ekstramidlar har ein vore tilbakehalden for å unngå større overskriding samla innanfor teknisk. Difor er ikkje alle midlane for 2021 avsett på veg brukt opp.

Ved asfaltering vert det i dag gjennomført nødvendig forarbeid med reinsk grøfter, stikkrenner. Dette gjev betre bereevne og sikrar at investering i form av asfaltering.

Ramme for 2021 var (1,5 + 0,9 millionar=2,4 millionar i 2021.

Produksjon og distribusjon av vatn: Kommunen har 4 vassverk.

Største er Askvoll og Holmedal vassverk, deretter Bulandet vassverk, Kvammen vassverk og vassverk ved Gjelsvik skule. Ved Bulandet vassverk har kommunen drifta dette via innleige.

Samla meirforbruk innanfor vassverk er om lag kr. 725 000. Det pågår oppgradering av dei ulike vassverka og samla oversikt framgår av eige sjølvkostrekneskap.



Avlaupsreinsking og avlaupsnett: Kommunen har 10 avlaupsanlegg i Kvammen, Stongfjorden, Holmedal, Hellegjerde, Dørhella, Askvoll, Ask, Sauesundet, Grov og Herland. Området gjekk går om lag i ballanse. Avlaupsreinsking og avlaupsnett/ innsamling av avlaup ligg under sjølvkostområde, sjå note i rekneskap.

Veglys: Kommunen har om lag 370- 420 veglyspunkt som krev til dels mykje vedlikehald. Det vert investert i fornying av veglys og utskifting til led-lys. Dette er ei målsetting for å få til enda meir driftssikre veglysanlegg for innbyggjarane. I 2021 var det meirforbruk på over kr. 100.000,- innanfor kommunale veglysanlegg.

Kommunale grøntområde: Kommunen har no hatt robotklipparar over ein del år. Erfaringane er positive. Det vert arbeidd med å få til enda fleire grøntområde som skal ha robotklipparar. Tiltaket gjere til at ein frigjere arbeidsressursar som kan brukast til anna vedlikehald. Viktig å ha utstyr som er driftssikkert og effektivt.



Kommunale kaier. Kommunale kaier er ikkje blitt prioritert dei siste åra. Har maling mm som skal ut på kantskinner, pullerter mm. Viktig å ha tilsyn med stiger, fenderverk mm. På vår/sommar er der mange driftsoppgåver som skal gjerast. Kommunale kaier når sjeldan opp i denne prioriteringa. Kommunen bør få til system som gjev inntekter for å ligge til kai på dei kommunale hamneanlegga som ikkje har funksjon som almenningskai. Vil kunne gje økonomi til å få gjennomført oppgraderingsarbeid av dei viktigaste kaianlegga. Dette har ein arbeidd aktivt med dei siste åra.

Sjøvegen er viktig for kommunen både mht. transport og samferdsle. Aktiviteten i Askvoll ved kommunal kaia har vore aukande. Dette er positivt mht. næringsaktivitet i sentrum. Det har og stor betydning knytt til gods, fiskeri og oppdrett har og stor betydning for kommunen. Næringslivet har stor nytte av trafikk som kjem via fritidsbåtar mm. Kommunale kaier i god stand er ein positiv signaleffekt for kommunen.

Sjølvkost:

Sjølvkostområda har eige rekneskap som viser status og eventuelt bruk av fond eller opparbeidd underskot som må dekkast innanfor fastsett tid. Der er sjølvkostbereking for tenestene vatn, avlaup, renovasjon, mm. Askvoll kommune har avtale med Momentum AS som utarbeider sjølvkostbereking for sjølvkostområda i.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Teknisk drift	Slamavskiljar i Kvammen er opparbeidd i 2021. Arbeid knytt til dammar i Kvammen og Nyksvatn i 2021. Asfaltering gjennomført i 2021. AHV. Krisevatn 2021 (pågår enda). Arbeidd med ordning tilsyn med avlaupsanlegg

Brukarane

Kommunen via teknisk drift har mykje kontakt med innbyggjarane knytt til kommunale tenester som vatn, avlaup, tvungen slamtømming, renovasjon mm). Målet er å tilby innbyggjarane gode tenester og vere med å forbetre dei.

Personalmessige tiltak

Ingen spesielle tiltak.

Interne prosessar:

- Prosess med å få til kommunal drift av BVV i 2021 har vore litt redusert.
- Framleis arbeid med oppgradering vassverk (NVE -dammar, oppgradering, nødvatn/krisevatn).

Økonomi

- Melding første tertial 2021 med eit meirforbruk på 1,15 millionar (brøyting).
- Fekk 1,0 million i revidert budsjett 2021 (K033/21).
- Melding andre tertial 2021. For optimistisk mht. å unngå ytterlegare meirforbruk.
- Resultat er eit meirforbruk på 0,65 millionar i hovudsak innanfor sjølvkostområde vatn.

Samfunnstryggleik og beredskap

Tilgang til rent vatn er viktig for innbyggjarane og kommune som beredskap. Teknisk drift har ansvar for kommunale vassverk.

Utfordringar framover

- Vatn. Oppfølging av krav NVE for Nyksvatn og Kvammen samt få oppgradert kommunale vassverk (leidningsnett, reservevatn, nød- og krisevatn mm).
- Avlaup. Oppgradering og sanering av kommunale avlaupsanlegg spesielt for områda Askvoll og Holmedal.

- Vegar. Forsette pågående arbeidet som kommunen har arbeidd gjere med å forsterke og asfaltere/reasfaltere kommunale vegar.
- Veglys. Auke andel av led-lys på kommunale anlegg.
- Kommunale kaier. Oppgradering av kommunale kaier.
- Grøntområde. Forsette utbygging med fleire robotklipparar.

KOSTRA-tal

SSB 12218, 12217 og 12183	Askvoll		Kommunegr. 1		Vestland		Landet elles utanom Oslo	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Årsg. for vannforsyning	6191	6147	3645	3814	4212	4510	3881	4033
Årsgebyr for avlaup	5104	4073	4576	4761	3759	4011	4321	4435
Driftsutg. kom. Veg	71224	90421	105 276	115170	152105	160218	150533	165922

- Askvoll kommune har lave driftsressursar på kommunal vegar som ligg eit stykke bak snitt nivå til kommunegruppe 1 og Vestland.

Driftssentralen

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i % *)
Driftssentralen 670	Audun Strømmen	7,86	11	6,9

Arbeidsoppgåver

Driftssentralen har det utførende ansvaret for drift og vedlikehald av kommunen sine bygningar, vegar , VA-anlegg. Det er Bygg- og eigedom ,Teknisk drift ,Oppvekst og Helse og omsorg som har det er overordna ansvaret og tingarar av tenester frå Driftssentralen. I tillegg bestiller leiarane på dei aktuelle einingane tenester frå Driftssentralen.

Økonomi

Eining	Budsjett 2020 (1000 kr)	Rekneskap 2020 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Inntekter	-100 000	-318 635	-218 635	
Utgifter	5 479 755	5 390 720	-89 035	
Samla	5 379 755	5 072 085	-307 670	

Driftssentralen 670 hadde eit overskot på 307 670,- i 2020 som skuldast manglande inndeikning av ledige stillingar. Det har vert ein forsiktig bruk av andre driftsutgifter/investeringar.

Viktige hendingar

2021 vart arbeidet med krisevassløysinga i den gamle demma i Holmedal starta. Her har dammen blitt rehabilert og der er laga veg fram til den. Arbeide med å produsere stålet til gangbruer, golvriste og rekksverk vart produsert av driftsentralen. Dette arbeidet går vidare inn i 2022.

Den kanskje største utfordringa i 2021 vart kanskje arbeidet med å flytte ut og tømme industribygget på kaia. I den samanheng vart alt inventar og utstyr flytta til mellombelte lager på Helle hjå Klausen MEK, medan midlertidige garderobar vart etablerte litt rundt omkring. I same periode vart eit lagerbygg satt opp på ei ny tomt i Olsetvikane, dette bygget var «tett» til jul og det skal stå klart våren 2022.

Dette vart vidareføring av HMT arbeidet som vart starta i 2019 for å auke sikkerheita til operatørane . I 2021 vart det utlyst 1 stilling på driftsentralen. Dette resulterte i at vi fikk ein nye medarbeidarar .

Brukarane:

Vi merkar ei kraftig auke jamt over på alle einingane som vi server, størst auke er det innanfor behovet for vedlikehald på kommunale bygg og anlegg, men vi føler trykket frå dei andre einingane og.

Personalmessige tiltak

2021 har vi hatt noko utfordringar med tanke på langtids fråværet, men kortids fråværet er lavt. Men 2021 har og våre utfordrande med tanke på at arbeiderane vart plasserte rundt om i forhold til garderobar, men vi har prøvd å møtast på ekspedisjonen om morgenane for den dagleg morgenpraten.

Interne prosesser

I 2021 har vi gjennomført fleire personalmøter med aktuelle tema innanfor drift, organisering, HMT og fokus på sjukefråvær. Arbeidet med oppdatering av databasen for datablad og internkontrollen forsette som før.

Samfunnstryggleik og beredskap

Vi har i dag ei firedele vaktordning på Driftssentralen. Dette er i ordning som byggjer på heimevakt og oppringing frå brukarane. Her har vi i utgangspunktet 1,5 t i utrykkingstid , men stiller så raskt vi klarer. Vi har og ei varslingstenest, Varsling24. Denne tenesta vert nytta til å varsle innbyggjarane om planlagde hendingar og forklaringar på uønskte hendingar som leidningsbrud, arbeid på vassleidning, kloakk, ekstremvær, mm.

Utfordringar framover

Framover vil vi fortsatt ha utfordringa og fokus på sjukefråvær og vi arbeider fortløpende med tiltak som kan være med å bidra til eit lågt sjukefråvær. Det vil og verte jobba vidare med å få på plass internkontrollen og eit nytt årshjul slik at vi ikkje ligg på etterskott med å utføre innmeldte oppdrag og faste gjeremål.

Innafor veg, vatn og avløp er det, og har våre ein del utfordringar. Spesielt med leidningsbrot og svikt i gammalt utstyr, men her ser vi frekvensen på ledningsbrudd går ned. Vi er godt i gang med å rehabiliter og skifte ut gammalt utstyr. I 2021 prøvde vi på å få gjennomført kurs innan vasshandsaming. Dette var ei utfordring i korona tida.

Er fortsett bekymra for tendensen vi ser med auka arbeidsmengde frå alle einingane og stadig nye bygningsmassar som skal driftast.

Politikk og lokaldemokrati



Partia i kommunestyret:

Det Norske Arbeiderparti

Høgre

Venstre

Senterpartiet

Sosialistisk Venstreparti

Kommunestyret har 21 representantar med følgjande medlemer frå 09.09.19

Det Norske Arbeiderparti:

Terje Bjaanes, 6982 Holmedal

Aud Kari Steinsland, 6980 Askvoll



Høgre:

Ole André Klausen, 6980 Askvoll (ordførar)

Anja Grov Johnsen, 6985 Atløy

Arild Herland, 6985 Atløy

Frank Hatlø, 6987 Bulandet

Åse Karin Helle Loftheim, 6980 Askvoll

Marit Klausen, 6982 Holmedal

Ruben Fedøy, 6987 Bulandet



Venstre:

Gunnar Osland, 6983 Kvammen (varaordførar)

Arnt Henning Blom, 6986 Værlandet

Bjørn-Arne Mjåseth, 6985 Atløy

Linda Ness Rotihaug, 6980 Askvoll



Senterpartiet:

Kjell Kristian Carlsen, 6984 Stongfjorden

Kristin Rivedal Yndestad, 6982 Holmedal

Frank Ask, 6980 Askvoll

Tormod Selvik, 6983 Kvammen

Lars Jørgen Leknes, 6983 Kvammen

Magne Vårdal, 6982 Holmedal



Sosialistisk Venstreparti:

Alice Hestad Vie, 6984 Stongfjorden

Gaute Losnegård, 6982 Holmedal



Formannskapet -valstyre – styringsgruppa for kommuneplanen; samfunnsdelen - 7 representantar:

Ole Andre Klausen (Høgre) – ordførar
Gunnar Osland (Venstre) – varaordførar
Kristin Rivedal Yndestad (Senterparti)
Terje Bjaanes (Arbeiderpartiet)
Kjell Kristian Carlsen (Senterpartiet)
Anja Grov Johnsen (Høgre)
Åse Karin Helle Loftheim (Høgre)

Administrasjonsutval – 9 representantar:

Personidentisk med formannskapet + to tillitsvalde:
Linda Ness Rotihaug
Sissel Grytten

Komit  for n ring, milj  og teknikk – styre for n ringsfondsaker – 7 representantar

Kjell Kristian Carlsen - leiar
Arnt Henning Blom
Ruben Fed y
Aud Kari Steinsland
Tormod Selvik
Alice Hestad Vie
Frank Hatl 

Komit  for oppvekst og kultur – 7 representantar

Bj rn-Arne Mj seth - leiar
Åse Karin Helle Loftheim
Anja Grov Johnsen
Terje Bjaanes
Lars J rgen Leknes
Gunnar Osland
Magne V rdal

Komit  for helse og omsorg – 5 representantar

Gaute Losneg rd – leiar
Marit Klausen
Kristin Rivedal Yndestad
Frank Ask
Linda Ness Rotihaug

Ungdomsråd:

Sofie Krumsvik – leiar
 Sanne Rivedal Ask – nestleiar
 Herman Høyvik Bontveit
 Marion Loftheim
 Roar Herland Ytrøy
 Nicolai Førde
 Håvard Nymoen Selvik
 Nora Andreas Fedøy Norheim
 Oliver Anders Sjöberg Norstrand
 Sigrid Losnegård

Felles råd for eldre og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Marit Klausen (kommst. sin rep.) - leiar
 Øystein Helle – nestleiar
 Sigrid Irgens Solheim
 Dag Eidem
 Uta Eimind

Aktivitet

Politisk organ	Tal møter	Tal saker
Kommunestyret	8	81
Formannskapet	19	148
Komité for plan, næring miljø og teknikk	8	37
Komité for oppvekst og kultur	8	41
Komité for helse og omsorg	8	29
Ungdomsrådet	3	18
Felles råd for eldre og råd for menneske med nedsett funksjonsevne	4	26
Administrasjonsutvalet	3	9
Styre for næringsfondsaker	8	30
Valstyre	6	25
Styringsgruppa for kommuneplanen - samfunnssdelen	8	

Interkommunalt samarbeid

LAF (Landbruksforvaltninga i Askvoll, Fjaler og Hyllestad)

Frå 01.01.2007 vart landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler samlokalisert og organisert som ei eining. Frå 01.08.20 vart Landbruksforvaltninga i Hyllestad også slått saman med den felles landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler. Landbruksetaten vart lokalisert til Askvoll og med kontorlokale tilgjengeleg i Fjalerhuset og på rådhuset i Hyllestad.

PPT (pedagogisk psykologisk tenestekontor)

PPT-samarbeidet omfattar dei 8 kommunane Askvoll, Balestrand, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Masfjorden, Solund og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

HAFS interkommunale barnevernsteneste

HAFS interkommunale barnevernsteneste er ei interkommunal teneste for Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund som vart oppretta 1.april 2006. Tenesta har kontorstad i Dale. Organisatorisk er barnevernstenesta for Askvoll kommune underlagt kommunalsjef helse og omsorg.

Alden hamnesamarbeid – Ytre Sogn og Sunnfjord hamn

Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bremanger, Flora, Naustdal, Førde, Fjaler, Askvoll, Gular, Hyllestad, Gulen og Solund.

Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn er oppretta for å ivareta deltagar-kommunane sitt ansvar etter Lov om Hamnar og Farvatn og gjeldane forskrifter.

Samarbeidet er organisert som eit § 27-samarbeid etter kommunelova.

Flora Hamn står for dagleg leiing og drift av det interkommunale samarbeidet.

Miljøretta helsevern

Kommunane i Sunnfjord og ytre Sogn har inngått eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving.

Flora kommune er vertskommune.

Kommunane har delegert ansvar for miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving til det interkommunale samarbeidet.

Karriererettleiar

HAFS-kommunane har etablert eit Karrieresenter i HAFS i eigne lokale i Fjalerhuset frå 01.01.2013 Det er tilsett karriererettleiar i 100 % stilling med følgjande finansieringsnøkkel: fylkeskommunen 55%, HAFS-kommunane 30% og NAV 15%.

Lutelandet utvikling

Askvoll Kommune er medeigar i eit utviklingsselskap for Lutelandet i Fjaler kommune. Selskapet sitt namn er Lutelandet Utvikling AS. Aksjekapitalen vert sett til kr 100 000 og Askvoll eig 6 % av aksjane.

Hafs kommunane Askvoll – Hyllestad - Solund er representert i styret til Lutelandet Utvikling AS med 1 av 5 styremedlemmer og med 1 av 5 varamedlemmar.

Interkommunale selskap

SYS-IKL (legevaktsamarbeid)

Kommunane Askvoll, Balestrand, Fjaler, Førde, Gaular, Høyanger, Hyllestad, Jølster og Naustdal har etablert felles interkommunalt legevaktsamarbeid med oppstart den 01.04.09. Alle kommunane deltek i vakta på kveld/natt og helg/høgtid.

Representantskapet består av 9 medlemmar, ein frå kvar deltakarkommune

Styret består av 5 medlemmar med personlege varamedlemmar, valt på omgang mellom Deltakarkommunane.

Styret er samansett slik:

2 representantar frå fagadministrasjonen i deltakarkommunane

2 representantar frå fagmiljøet i deltakarkommunane

1 representant som er politisk vald.

Representantskapet vel styret etter innstilling frå dei kommunane det skal veljast styremedlemmer frå.

SYS-IKT (IKT-samarbeid)

IKT samarbeidet for kommunane i ytre Sogn og Sunnfjord vart etablert i 2005 med Askvoll, Fjaler, Naustdal, Hyllestad, Høyanger, Solund, Jølster, Gaular og Førde som medlemskommunar. Seinare er Gulen komen med i samarbeidet.

Styret er samansett av rådmennene i deltakarkommunane.

Sunnfjord Miljøverk

Askvoll er medeigar i Sunnfjord Miljøverk SUM, som er organisert som eit interkommunalt selskap og skal utføre renovasjonstenestene i kommunen. Deltakarkommunane er Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal

Representantskapet skal ha minst 2 representantar frå kvar kommune, men samstundes minst ein representant pr. 2500,- innbyggjarar.

Styret skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune er representert slik:

0 – 10000 1 medlem

10000- 15000 2 medlemer

Kryss-revisjon

Kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund har oppretta eit felles revisjonsdistrikt. Kvar kommune har ein representant i samstyret.

SEKOM

Sekom er sekretariat for kontrollutvala i kommunane Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn. Selskapet er lokalisert i Førde rådhus og har to tilsette. Kvar av eigarkommunane har eit medlem i styret.

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Naudalarmsentraltenester knytt til brann og ulykker vert utført i eit interkommunalt selskap Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Alle kommunane i fylket er medeigar. legg tek sentralen i mot alarm frå tryggleikstelefonar.
Representantskapet er samansett av 1 frå kvar kommune

SunnLab

SunnLab as vart stifta i 2003 for å overta drifta ved Laboratoriet etter Sunnfjord og ytre Sogn kjøt og næringsmiddelkontroll. Eigarane er kommunane:
Flora, Naustdal, Førde, Jølster, Gaular, Høyanger, Hyllestad, Solund, Fjaler og Askvoll.

Eigarskap

Namn på selskap	Bokført verdi	Endring	Eigardel
Visit Fjordkysten	37 000		
Lutelandet utvikling	90 000		6%
Firda produkt/Mentro AS	1		
Kystvegen Måløy – Florø AS	25 000		
Firda Billag AS	569 000		5,69 %
Sogn og Fjordane bustadbyggelag	1		
Hauglandssenteret AS	1		
Bulandet eigedom	2 000 000		40,56 %
Sogn og Fjordane energi	19 400 000		1,44 %
Biblioteksentralen	1		
Norsk sjøfuglsenter	50 000		
Eigenkapitalinnskot KLP	5 359 156	+ 508 903	



ÅRSRAPPORT

2021



-rom for eventyr !